



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# Finansutvalet sitt framlegg til Budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019



## FØREORD

Finansutvalet kjem no med framlegg til budsjett for 2016 og økonomiplan for perioden 2016-19.

### POLITISK PROSESS

Finansutvalet sitt framlegg vert handsama av hovudutvala i møte 24. november og i fylkesutvalet i møte 25. november. Fylkestinget (FT) skal ha budsjettet i møte 8.-9. desember. Framlegging og slutthandsaming skjer med grunnlag i kommunelova § 44-45.

### FT SITT BUDSJETT-/ØKONOMIPLANDOKUMENT

FT sitt budsjett og tilhøyrande økonomiplan består, i tillegg til det innleiande budsjettreglementet, av 4 delar; ein fellesdel, ein taldel, ein driftsdel og ein investeringsdel.

Kontoplanen som vert nytta skil som tidlegare mellom sektorar, programområde og tenester. Kontoplanen har vore gjeldande frå 01.01.13. På sektornivået er inntektene og utgiftene fordelte på 5 sektorar og 35 programområder.

Fylkestinget vedtek investeringsprogrammet, alle fellesinntekter/-utgifter, samt driftsrammene. Hovudutvala har fullmakt til å endre fordelinga på tenestene innafor dei ulike programområda.

Økonomiplanen gjev rammer for budsjetta 2017-19.

All rapportering til politiske organ (tertialrapportar, årsrapport/årsrekneskap) vil basere seg på vedkomande organ sitt vedtaksnivå.

### GJENNOMFØRINGSANSVAR

Fylkestinget vedtek, som ein del av budsjettvedtaket, eit eige reglement for gjennomføringa av budsjettet (budsjettreglementet). Reglementet er teke inn fremst i dette dokumentet. Reglementet viser at fylkesrådmannen har ansvaret for å gjennomføre budsjettet.

Fylkesrådmannen vil, med grunnlag i fylkestinget sitt budsjettvedtak, sende ut oppdrags- og ansvarsbrev til bruk i budsjettgjennomføringa. Desse oppfølgingsdokumenta må leggjast til grunn for budsjettgjennomføringa.

# INNHALDSOVERSYN

## FØREORD

## INNHALDSOVERSYN

## BUDSJETTREGLEMENT

### FELLESEDEL

1. Innleiing .....	1
2. Fylkeskommunen sitt styringssystem .....	4
3. Økonomiplan .....	17

### TALDEL

4. Taldel .....	21
-----------------	----

### DRIFTSDEL

5. Fellesinntekter og -utgifter .....	30
6. Politisk styring, plan og forvaltning .....	39
7. Opplæring .....	55
8. Tannhelsetenesta .....	67
9. Næring og kultur .....	69
10. Samferdsle .....	91

### INVESTERINGSDEL

11. Investerings- og finansieringsprogram .....	99
12. Prosjektmøtar .....	103

### VEDLEGG

1. Obligatoriske budsjett skjema
2. FT-sak 26/15 – Økonomiplan 2016-19 – saksframstilling u/prenta vedlegg
3. Økonomiske bindingar ut over gjeldande økonomiplanperiode

# BUDSJETTREGLEMENT

## 1. STRUKTUR OG SPESIFIKASJONSGRAD

**1.1** Budsjettet og økonomiplanen er utforma med ein kapitaldel - investeringar (kontoklasse 0) spesifisert på prosjekt og ein driftsdel (kontoklasse 1) spesifisert på programområde.

**1.2** Budsjettet og økonomiplanen sorterer alle inntekter og utgifter på følgjande sektorar og spesifiserer kvar sektor på programområde slik:

Politisk styring, plan og forvaltning

- 400 Politisk styring
- 410 Kontrollutval
- 420 Administrasjon
- 421 Forvaltingsutgifter i eideomsforvaltninga
- 430 Administrasjonslokale
- 460 Tenester utanom ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde
- 480 Diverse fellesutgifter
- 490 Interne tenesteeiningar
- 715 Lokal og regional utvikling
- 716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk

Opplæring

- 510 Skulelokale og internatbygningar
- 515 Fellesutgifter og støttefunksjonar knytt til vidaregåande opplæring
- 520 Pedagogisk leining, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer
- 521 – 532 Utdanningsprogramma
- 554 Fagskule
- 559 Landsliner
- 561 Oppfølgingstenesta og pedagogisk psykologisk teneste
- 562 Tilpassa opplæring
- 570 Fagopplæring i arbeidslivet
- 581 Vaksenopplæring etter opplæringslova
- 590 Andre føremål

Tannhelsetenesta

- 660 Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar
- 665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling

Samferdsle og veg

- 722 Fylkesveggar – miljø og trafikktryggingstiltak
- 730 Bilruter
- 731 Fylkesvegferjer
- 732 Båtruter
- 733 Tilrettelagd transport

Næring og kultur

- 701 Tilrettelegging, støttefunksjonar og finansieringsbistand for næringslivet
- 740 Bibliotek
- 750 Kulturminnevern
- 760 Museum
- 771 Kunstformidling
- 772 Kunstproduksjon
- 775 Idrett
- 790 Andre kulturaktivitetar

### Fellesinntekter og -utgifter

- 800 Skatt på inntekt og formue
- 840 Statleg rammetilskot og andre generelle overføringar
- 850 Generelt statstilskot
- 860 Motpost avskrivningar
- 870 Renter/utbytte og lån (innlån og utlån)
- 710 Fylkeskommunal næringsverksemd
- 711 Konesjonskraft m.v
- 880 Interne finansieringstransaksjonar
- 899 Årets rekneskapsmessige meirforbruk/mindreforbruk

Programområda er vidare delt inn i tenester og funksjonar.

Fylkesrådmannen vil - med høve til å delegere til fylkesdirektørane - spesifisere tenestene/funksjonane på inntekts- og utgiftsarter.

## 2. BUDSJETTENDRINGAR OG BUDSJETTOPPFØLGING

### 2.1 Budsjettbindingar og -endringar

- 2.1.1 Budsjettet er – for kvart programområde – bindande på nivå netto driftsutgift. Tekstkommentaren kan likevel presisere binding på eit anna nivå. Ingen område/ føring kan overskridast utan at det først er gjeve tilleggsløyving.
- 2.1.2 Dersom nettoutgiftene for eit programområde ikkje vil halde, pliktar ansvarleg for området å reise spørsmål om budsjettendring. Budsjettendring kan berre påreknast dersom behovet ikkje var råd å forutsjå på budsjetteringstidspunktet eller meirutgiftene ikkje kan vente.
- 2.1.3 Med unntak av dei fullmakter som vert gjeve i dette reglementet, er det berre fylkestinget som kan endre budsjettet.

### 2.2 Fylkestinget (FT)

- 2.2.1 Berre FT kan endre fylkestinget sitt eige budsjett. Dersom FT gjer slike endringar, vil desse kome til uttrykk i ordinære budsjettendringsvedtak.

### 2.3 Fylkesutvalet (FU) / fylkesordføraren

- 2.3.1 FU kan vedta dei same endringane i budsjettet som FT dersom vilkåra i reglementet for hastesaker etter kommunelova § 13 er til stades, jf. FT-sak 46/92 pkt. 6.
- 2.3.2 FU disponerer, på fritt grunnlag, midlane avsett til fylkesutvalet til disposisjon på teneste 4005.

Fylkesordføraren har, frå denne løyvinga, fullmakt til å innvilge tilskot på inntil kr 5.000,- i dei tilfelle ei avgjerd bør takast før neste møte i FU. Fylkesordføraren gjev i slike tilfelle FU melding om innvilga tilskot.

- 2.3.3 FU disponerer midlane på omstillingsfondet.
- 2.3.4 FU får fullmakt til å sjå følgjande område i samanheng:
  - programområde 715 Lokal og regional utvikling
  - programområde 716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk
  - teneste 4802 Folkehelsearbeid

- 2.3.5 FU får innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege ordningar for førebyggjande folkehelsearbeid, friluftsliv, hjortevilttiltak og lokale vilttiltak

## 2.4 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet får fullmakt til å omfordele mellom funksjonar på programområde 410.

## 2.5 Hovudutvala

- 2.5.1 Hovudutvala skal – som eit minimum – vurdere forvaltninga av budsjetterte midlar på eigne sektorar etter 1. og 2. tertial. Dette gjeld likevel ikkje for verksemder der det er inngått driftsavtaler.
- 2.5.2 Hovudutvala får, for sin sektor, fullmakt til å disponere/fordele avsette utviklingsmidlar på teneste 4005 Til disposisjon for utvala.
- 2.5.3 Eventuelle innsparingskrav for sektorane som ligg på teneste 4006 må sjåast i samanheng med det øvrige budsjettet for sektoren.
- 2.5.4 Budsjettreglementet pkt. 2.6.2 omhandlar fylkesrådmannen sine fullmakter i høve administrasjonsutgifter i sentraladministrasjonen. Løyvingar på sektoren knytt til administrasjon er såleis ikkje ein del av hovudutvala sine fullmakter.

### 2.5.5 Hovudutval for opplæring (HO)

Hovudutval for opplæring får fullmakt til å:

- For kvart programområde – endre fordelinga mellom tenester. Fordelinga må tilpassast eventuelle føringar som ligg i FT sitt budsjett og kravet om realistisk budsjettering.
- Sjå dei ufordelte løyvingane til drift av dei vidaregåande skulane på tenestene
  - 5100 Utgifter til lokale
  - 5150 Forvaltning og fellesutgifter
  - 5200 Pedagogisk leing mv
  - 5210 Utdanningsprogramma

i samanheng og fordele grupper mellom skular, finansierte innan den økonomiske ramma av desse tenestene. HO må disponere den samla løyvinga slik at ein tek høgde for behovet som vil oppstå ved nytt skuleår.

HO kan innanfor den økonomiske ramma til opplæringstilbodet gjere unntak frå vedtak i fylkestinget sak 26/13 pkt. 6 om oppfylgingskrav.

### 2.5.6 Hovudutval for næring og kultur (HNK)

Hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å:

- For kvart programområde – endre fordelinga mellom tenester. Fordelinga må tilpassast eventuelle føringar som ligg i FT sitt budsjett og kravet om realistisk budsjettering.
- Sjå følgjande programområde i samanheng
  - 740 Bibliotek
  - 750 Kulturminnevern
  - 760 Museum
  - 771 Kunstformidling
  - 772 Kunstproduksjon
  - 775 Idrett
  - 790 Andre kulturaktivitetar

- HNK får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege spelemidlar, tilskot til lag og organisasjonar, tilskot til kunstformidling og kulturtiltak og tilskot til kulturutviklingstiltak. HNK må disponere den samla løyvinga slik at ein tek høgde for dei behov som måtte oppstå gjennom året.
- HNK får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å utforme føringar og tildele midlar til partnerskapsarbeid.
- HNK får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å vedta oppdragsbrev til Innovasjon Norge.
- HNK får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av statlege ordningar for tilskot til landbruk og breiband,
- HNK får, innanfor dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å disponere Marint verdiskapingsfond, og følgje opp forvaltning av midlar frå kompensasjonsordning for høg arbeidsgjevaravgift.

#### 2.5.7 Hovudutval for samferdsle (HS)

Hovudutval for samferdsle får fullmakt til å:

- For kvart programområde – endre fordelinga mellom tenester. Fordelinga må tilpassast eventuelle føringar som ligg i FT sitt budsjett og kravet om realistisk budsjettering.
- Sjå følgjande område i samanheng:
  - programområde 722 Fylkesvegar – miljø og trafikktryggingstiltak
  - programområde 731 Fylkesvegferjer
  - teneste 4606 Diverse tilskot samferdsle
- Sjå følgjande område i samanheng:
  - programområde 730 Bilruter
  - programområde 732 Båtruter
  - programområde 733 Tilrettelagd transport
- HS får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å fastsetje fylkeskommunen sitt kjøp av samferdsletenester. HS må disponere den samla løyvinga slik at ein tek høgde for dei behov som måtte oppstå gjennom året.
- HS får fullmakt til å overføre innsparte midlar på programområda 730, 732 og 733 til programområde 722.
- HS får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å disponere løyvingane til planlegging og prosjektering samt andre ufordelte løyvingar.
- HS får fullmakt til å disponere midlane til uføresette hendingar på fylkesvegnettet i tråd med retningslinene.
- Varig innsparte midlar frå investeringsprosjekt - på inntil 5 mill.kr - på samferdslesektoren vert tilført posten "Til fordeling vegsektoren". HS fordeler midlane.

## 2.6 Fylkesrådmannen

### 2.6.1 Fylkesrådmannen har ansvaret for å i verksetje vedteke budsjett.

Fylkesrådmannen har tilvisingsfullmakt for alle utgifter og inntekter på budsjettet og har høve til å vidaredelegere tilvisinga til andre leiarar.

Fylkesrådmannen sitt samla oppfølgingsopplegg må formast slik at FT sine fastlagde produksjons- og aktivitetsmål vert realiserte.

- 2.6.2 Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere tekniske endringar i budsjett og kontoplan som følgje av endringar i KOSTRA-rettleiaren.
- 2.6.3 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane innafor sentraladministrasjonen (programområde 420 – 490 og teneste 5153 Elev- og lærlingeombod) i samanheng. Fullmakta gjeld også løyvingane til administrasjonsutgifter som er fordelt på andre programområder.
- For å få ei tenleg drift på skulane og betre utnytting av ressursar får fylkesrådmannen fullmakt til å sjå budsjetta for følgjande tenester ved den einskilde skule i samanheng:
- 5100 Utgifter til lokale
  - 5150 Forvaltning og fellesutgifter
  - 5200 Pedagogisk leing mv
  - 5210 Utdanningsprogramma
- Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå følgjande områder i samanheng i saker som er kurante:
- Programområde 660 Tannhelsetenesta - fellesfunksjonar
  - Programområde 665 Tannhelsetenesta – pasientbehandling
- 2.6.4 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane på tenestene 5203 PC-ordninga og 5211 Gratis læremiddel i samanheng og å sjå desse løyvingane i driftsbudsjettet i samanheng med avsette midlar til PC-ordninga i investeringsbudsjettet.
- 2.6.5 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane til eleveksamen på teneste 5152 Eleveksamen og privatisteksamen på teneste 5901 Privatisteksamen i samanheng.
- 2.6.6 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå løyvingane til tilpassa opplæring på tenestene 5600 Tilpassa opplæring, 5701 Opplæring i bedrift og 5900 Opplæring i sosiale og medisinske institusjonar i samanheng.
- 2.6.7 Fylkesrådmannen får fullmakt til å forvalte tilskotsordninga i høve tilbydarar av fagskuleutdanning i helse- og sosialfag og tilskot til lærebedrifter.
- 2.6.8 Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlar som er avsett under teneste 7019 Andre næringsområde.
- 2.6.9 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sjå eventuelle endringar i renteføresetnadane – for både kapitalinntektene og –utgiftene – mot avsettinga av gjeldssanering det enkelte budsjettår.
- 2.6.10 Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte transaksjonar, dvs. både bruk av og avsetting til fond, på disposisjonsfondet 25699980 Intern fordeling. Avsette midlar på dette disposisjonsfondet kan nyttast på alle programområde/tenester.
- 2.6.11 Fylkesrådmannen kan tilpasse drifts- og investeringsbudsjettet for å tilfredsstillе forskriftene sitt krav om at utstyr og inventar skal førast i kapitalrekneskapen. Slike overføringar er unnateke frå reglane om stryking ved ev. driftsunderskot, jf. § 9 i "Forskrift om årsregnskap og årsberetning". Det gjeld i slike høve ikkje noko beløpsgrense.
- 2.6.12 Fylkesrådmannen får fullmakt til å sette i verk tiltak i ekstraordinære situasjonar der kriseleiinga er operativ. Kriseleiinga disponerer inntil 0,500 mill. kr. til naudsynte tiltak om situasjonen krev det. Det aktuelle hovudutvalet eller eventuelt fylkesutvalet skal snarast mogleg informerast om iverksette tiltak. Dei økonomiske konsekvensane av tiltaka skal i størst mogleg grad søkjast finansiert innafor den aktuelle sektoren sine rammer.
- 2.6.13 Ved ras, flaumar og liknande uventa hendingar får fylkesrådmannen fullmakt til å setje i verk naudsynte mellombelse strakstiltak som, t.d. oppryddingstiltak, ekstra båtskyss, ferje, buss o.l., for å oppretthalde naudsynte kommunikasjonar. Hovudutval for samferdsle skal



snarast mogleg informererast om i verksette tiltak. Dei økonomiske konsekvensane av tiltaka skal i størst mogleg grad søkjast finansiert innafor sektoren sine rammer.

### 3. LÅNEOPPTAK

- 3.1** Det kan takast opp årlege samlelån for alle prosjekt som det ikkje er vedteke særskilt lånefinansiering for. Alle lån skal ha ei avdragstid som gjer at det er mogeleg å oppfylle kravet i kommunelova om at den samla lånegjelda vert avdrege planmessig. Attverande løpetid for fylkeskommunen si samla lånegjeld skal ikkje overstige vekta levetid for anleggsmidlane ved utgangen av året.

### 4. REKNESKAPSAVSLUTNINGA

- 4.1** Kapitalrekneskapen er eittårig. Eventuelle unytta løyvingar på kapitalrekneskapen må budsjetterast opp att seinare år dersom føremålet ikkje er avslutta.
- 4.2** Tannhelsetenesta sitt driftsresultat (overskot eller underskot) skal – så langt fylkeskommunen sin økonomi tillet det – føre til tilsvarande endring i tannhelsetenesta sitt budsjett/rekneskap for neste år.
- Eventuell overføring av unytta midlar til neste år føreset at måltala for tannhelsetenesta vert realiserte.
- 4.3** Driftsresultatet for dei vidaregåande skulane (overskot eller underskot) skal – så langt fylkeskommunen sin økonomi tillet det – føre til tilsvarande endring i skulane sine budsjett/rekneskap for neste år. Dette gjeld alle skulane inkludert landslinene og fagskulen og omfattar alle områda som rektorane har ansvaret for.
- 4.4** Driftsresultatet for kunstmuseet (overskot eller underskot) skal avsettast mot/dekkast av eit eige drift- og vedlikehaldsfond. Fondet vert disponert av Sogn og Fjordane fylkeskommune og Førde kommune.
- 4.5** Rekneskapen for fylkesvegnettet skal avsluttast etter anordningsprinsippet. Etter rekneskapsavslutninga vert innsparingar og overskridingar på driftsløyvingane summert og skal, så langt fylkeskommunen sin økonomi tillet det, føre til tilsvarande endring i budsjettet/rekneskap for neste år.
- 4.6** Det vert lagt til grunn slik strykingsrekkefølge dersom det vert underskot i driftsrekneskapen:
1. Overføring av driftsmidlar til investeringsbudsjettet (ekskl. overføring til fylkesveganlegg)
  2. Avsetjing av eit ev. overskot i samsvar med pkt. 4.2 (resultatoverføring tannhelsetenesta).  
Avsetjing av eit ev. overskot i samsvar med pkt. 4.3 (resultatoverføring vidaregåande skular).  
Avsetjing av eit ev. overskot i samsvar med pkt. 4.5 (resultatoverføring fylkesvegnettet).  
Avsetjingane relatert til pkt. 2, verte strokne høvesvis likt.
  3. Andre avsettingar til disposisjonsfond
  4. Overføring av driftsmidlar til fylkesveganlegg i investeringsbudsjettet.

# 1. INNLEIING

Sogn og Fjordane fylkeskommune utarbeider økonomiplan for 2016-2019 samstundes med budsjettet for år 2016.

Budsjettarbeidet er lagt opp i samsvar med gjeldande kommunelov og tilhøyrande forskrifter.

## 1.1 BUDSJETTPROSESSEN

Arbeidet med budsjett/økonomiplan legg til grunn den ansvarsdelinga som ligg i vår valde politiske modell. Dette inneber at finansutvalet/fylkesting (FU/FT) tek det overordna ansvaret og at hovudutvala – som "sektorspesialistar" – vert ansvarleggjorde på sektornivå.

Finansutvalet – som politisk arbeidsutval – består av gruppeleiarane og hovudutvalsleiarane i tillegg til FU-medlemmane. Fylkesrådmannen er sekretær for finansutvalet.

Finansutvalet starta arbeidet med budsjett/økonomiplan 28. januar 2015, og fylkestinget gjorde vedtak om økonomiplan 2016-19 i FT-sak 26/15 i juni. Finansutvalet gjorde vedtak om framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-2019 i møte 4. november 2015. Prosess og bakgrunn for arbeidet i finansutvalet er dokumentert i Arbeidsdokument 1-7/15 med tilhøyrande møteprotokollar.

Finansutvalet sitt framlegg danna grunnlag for den politiske slutthandsaminga av budsjett/økonomiplan slik:

- Hovudutvala 24. november 2015
- Fylkesutvalet 25. november 2015 (vedtak om utlegging til offentlig ettersyn).
- Fylkestinget 8.-9. desember 2015

## 1.2 DOKUMENTET

Fylkestinget sitt endelege økonomiplan- og budsjettokumentet består av fire delar:

- Vedtaket. Viser fylkestinget sitt konkrete vedtak i høve budsjett og økonomiplan.
- Reglementet. Viser kva reglar og mynde som gjeld for budsjettendringar (delegering), budsjettoppfølginga og rekneskapsavslutninga.
- Taldelen. Gjev ein samla oversikt over fellesinntekter og –utgifter, netto sektorrammer fordelt på program- og tenestenivå, samt investerings- og finansieringsprogram for perioden.
- Tekstdelen. Dette er ein "budsjett- og økonomiplankommentar", som gjev nærare greie for føresetnader og premisser, aktivitetar og utfordringar.

Det skal - i økonomiplan- og budsjettokumentet - vere innbyrdes konsistens mellom tal- og tekstdelar. Dersom det her skulle vere motstrid, går taldelen framom tekstdelen.

## 1.3 BUDSJETTOPPFØLGINGA

Kommunelova sitt utgangspunkt er at ansvaret for å iverksetje vedteke budsjett ligg til administrasjonen. Dette er også presisert i fylkestinget sitt budsjettreglement.

Dette reglementet klargjer at fylkesrådmannen har høve til å delegere oppfølginga (tilvisinga) til andre leiarar. Det er likevel fylkesrådmannen som står ansvarleg andsynes fylkestinget.

Fylkesrådmannen sitt oppfølgingsopplegg byggjer på dei vedtak fylkestinget og hovudutvala gjer, og kjem til uttrykk i eigne ansvars- og oppdragsbrev.

#### 1.4 TEKNISKE SPESIFIKASJONAR

Både drifts- og investeringsbudsjettet er i faste 2016-kr.

I driftsbudsjettet er alle utgifter netto, ekskl. meirverdiavgift. Ved kjøp av varer og tenester vert nettobeløpet ført på aktuell art og det er dette som skal samanliknast med budsjettbeløpet.

Mva-refusjon som gjeld investeringane vert fullt ut nytta som finansieringskjelde på investeringsbudsjettet. Løyvingane på dei enkelte prosjekt er inklusive mva.

Det er berre løyvingar i budsjett/økonomiplanperioden som gir grunnlag for prisjustering. For investeringsprosjekt betyr dette at ikkje heile kostnadsoverslaget vert omrekna. Grunnen er at nytta løyvingar tidlegare år ikkje har behov for prisvekst.

Alle tal som gjeld året 2016 og tidlegare år er gjevne i løpande kroner. For åra etter 2016 er det nytta faste 2016-kroner som må omreknast når årsbudsjettet vert vedteke og når statsbudsjettet sin deflator for det aktuelle året vert kjend.

Statsbudsjettet sin deflator for 2016 er på 2,7 %. Denne representerer ei vekting av forventa lønsvekst i samfunnet (2,7 %) og forventa prisvekst på andre innsatsfaktorar (2,7 %).

Det er i utgangspunktet gjeve ein priskompensasjon på 2,7 % frå 2015-16. For samferdsle er budsjettet til kollektiv (løn, drivstoff o.l.) justert ut ifrå behov for prisvekst. Det er her gjeve ein priskompensasjon på 2 %.

Lønsbudsjettinga byggjer i all hovudsak på lønsnivået ved utgangen av 2015. Forventa lønsvekst i 2016 og seinare er avsett i ein sentral pott og vert fordelt først når det er avklart kva tillegg som måtte bli gitt med heimel i HTA kap 3.4, kap 4.3.1 og kap 5.2. Tillegg utover desse forhandlingane må dekkast innanfor gjevne rammer.

##### Arbeidsgjevardelen av pensjonspremien:

På dei einskilde tenestene er det lagt inn pensjonspremie med 21,5 % til Kommunal Landspensjonskasse og 14,15 % til Statens Pensjonskasse.

Arbeidsgjevaravgifta til folketrygda er budsjettert med 14,1 % av løns- og pensjonskostnad for den del av verksemda som ligg i kommunane Flora, Førde og Sogndal, medan verksemda i resten av kommunane er budsjettert med ei avgift på 10,6 %.

#### 1.5 RUTINAR I HØVE SØKNAD OM FINANSIELL MEDVERKNAD

Fylkeskommunane er som regional utviklingsaktør avhengig av eit aktivt samspel med aktørar på ulike arenaer. Som ein del av dette samspelet får fylkeskommunen ei rekke innspel i løpet av året med søknad om finansiell medverknad til ulike prosjekt.

Følgjande rutine er no etablert i høve eksterne søknader/innspel om finansiell medverknad til ulike prosjekt:

- Søknaden/innspelet skal så raskt som mogeleg og løpande gjevast ei fagleg vurdering i høve dei overordna strategiane for den aktuelle sektoren.
- Om søknaden/innspelet har tverrsektoriell tilnærming, avgjer fylkesrådmannen kva fagmiljø som skal inn i vurderinga av søknaden.
- Aktuelt/aktuelle hovudutval skal så raskt som mogeleg avgjere den vidare lagnaden til søknaden (om den skal kanalisert inn mot eksisterande søknadsordningar/ budsjettprosess/eller eventuelt gjevast avslag)

- Søknader/innspelet som vert vist til budsjettprosessen skal prioriterast opp mot eksisterande verksemd og aktivitet innafor sektoren sine rammer, eventuelt opp mot tiltak på tilhøyrande marginallister, i hovudutvala sine tilrådingar til finansutvalet.
- Søknader/innspelet som vert vist til vurdering i budsjettprosessen, men som kjem til handsaming etter hovudutvala sitt prioriteringsmøte i august/september, skal som hovudregel visast til neste års budsjettprosess.
- Lagnaden til søknaden/innspelet skal meddelast avsendar snarast råd.

## 2. FYLKESKOMMUNEN SITT STYRINGSSYSTEM

### 2.1 OPPBYGGING

Eit styringssystem er eit system for å etablere politikk og mål, og ein reiskap for å nå desse måla. Styringssystemet skal støtte opp om ein inkluderande og god organisasjonskultur, og halde organisasjonen fokusert på strategiske ambisjonar og ulike interessegrupper sine behov og krav. Det er sett slike mål for fylkeskommunen sitt styringssystem:

- Styrke fylkestinget sine mulegheiter for overordna styring, og til å vurdere om utviklinga innanfor sentrale politikkområde går i ønskt retning.
- Auka gjennomføringsgrad av fylkeskommunen sine strategiar, planar og prosjekt.
- Bringe større grad av heilskapstenking inn i planleggings- og styringssystemet.
- Oppnå god kopling mellom strategiske planar, budsjett/ressursar og operative mål.
- Medverke til at tilsette får auka forståing for felles mål.
- Oppnå større fokus på resultatoppnåing og resultatoppfølging.
- Få betre og meir open/synleggjort resultatoppfølging med tilhøyrande leiarevaluering.
- Større medverknad og dialog med brukarane/kundane og ålmenta.

Styringssystemet er samansett av to hovudelement:

1. *Styringsdokument* som skal dokumentere politikk og mål og krav til verksemda for å oppnå desse måla. Vi har følgjande styringsdokument:

- Nasjonale mål og føringar, lover og forskrifter
- Regional planstrategi
- Regionale planar
- Sektorvise strategidokument og planar for spesielle satsingsområde (t.d. reiseliv og FOU)
- Årsbudsjett/økonomiplan
- Ansvarsbrev fra fylkesrådmannen
- Verksemdsplan/ar (fylkeskommunal, avdelingsvis og serviceeiningane), i nokre tilfelle.

2. *Styringsverktøy* som utgjer koordinerte aktivitetar for å rettleie og styre ein organisasjon. For fylkeskommunen utgjer dette:

- Organisasjon og leiing
  - organisasjonsstruktur
  - roller og ansvar
  - etisk regelverk
- Fullmakter, reglement og rutinar
  - delegeringsreglement
  - fullmakter gjevne i ansvarsbrev
  - dokumenterte rutiner
- Balansert målstyring med årshjul og krav til styringsdialog og rapportering
- Internkontroll

### 2.2 AKTUELLE STYRINGSDOKUMENT

#### REGIONAL PLANSTRATEGI: MÅL OG STRATEGIAR FOR FYLKET 2012–2016

Føremålet med ein regional planstrategi er å gjere greie for regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere utviklingsmulegheiter og ta stilling til kva som skal takast opp gjennom

vidare regionale planar. Ein kan òg seie at regional planstrategi er ein «plan for planen» og skal vere med å styrke samhandlinga mellom forvaltningsnivåa. Frå fylkeskommunen si side er det viktig å vise kva område vi ønskjer at staten skal vere ein viktig bidragsytar innanfor. Vidare er det viktig at vi syner kva område kommunane kan vere samarbeidsaktørar for regional utvikling.

#### Overordna mål:

Auke folketalet i perioden fram til 2016 til 112 000 innbyggjarar.

Strategiar for å bidra til å nå målet inneber å styrke:

- Attraktiviteten til kommune- og regionsentra
- Utviklinga av lokalsamfunn med vekt på kultur, trivsel, tryggleik og god helse
- Grunnlaget for eit innovativt og konkurransedyktig arbeidsliv
- Frivillig sektor si rolle lokalt og regionalt
- Samhandling mellom stat, region og kommunar
- Merksemda om bruk av natur og kulturarven som verdiskapar
- Satsinga på utbygging av infrastruktur
- Kompetansen og utdanninga med basis i lokale og regionale behov

Arbeidsmåtar for det strategiske arbeidet:

- Etablere fleire og sterkare bu- og arbeidsmarknadsregionar
- Bygge meir urbanitet og styrke tilboda i tettstadane (regionsentra/kommunesentra)
- Utvikle kvalitet og kapasitet i offentlege tenester
- Auka utbygging av fysisk infrastruktur som breiband og vegar
- Gjennomføre prosjekt for styrka integrering og fast busetnad av midlertidig arbeidsinnvandring
- Skaffe kunnskap om natur- og ressursgrunnlaget for berekraftig bruk og vern
- Etablere handlingsretta strategiar innan prioriterte einskildområde

Sogn og Fjordane fylkeskommunen er i gang med å utarbeide ein ny regional planstrategi for perioden 2016-2020. Fylkesrådmannen planlegg å leggje denne fram for fylkestinget i april 2016. Frå planstrategien er vedteken gjeld den som styringsdokument for aktivitetar, men moglege økonomiske konsekvensar vil ikkje gjelde før i 2017.

#### **REGIONALE PLANAR**

*Regional plan* er alle planar som vert gjort framlegg om å utarbeide i regional planstrategi. Vidare er det eit mål at alle andre planar, handlingsprogram og strategiar skal forankrast i regional planstrategi sine mål og strategiar.

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2012–2016 har vore førande for arbeidet med regional planlegging i perioden, og lagt føringar for følgjande regionale planar:

- Regional transportplan
- Regional plan for skulebruk / Skulebruksplanen
- Regional plan for verdiskaping
- Regional plan for folkehelse
- Regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet 2014–16
- Regional plan for kystområda

Dei regionale planane er handsama i fylkestinget, med unnatak av den regionale planen for kystområda som skal handsamast i 2016. Dei regionale planane gjev ein overordna politikk for

fylket innan sine område. Dei gjev strategiar for utviklingsarbeid, for forpliktande samarbeid og utformar mål og retningsliner for partnerskapen.

Den regionale planlegginga dannar, saman med lovverket innanfor dei enkelte sektorane, det overordna grunnlaget for korleis den fylkeskommunale verksemda skal planleggast og drivast. Ein verksemdsplan kan gi mål og strategiar for korleis fylkeskommunen samla skal ivareta utviklarrolla og eigne tenester.

### SEKTORPLANAR

Fylkeskommunen har utarbeidd sektorplanar for einskilde sektorar med utgangspunkt i den tidlegare fylkesplanen med handlingsprogram som ligg til grunn for dei vedtekte satsingane.

### MÅLA FOR FYLKESKOMMUNEN – FASTLAGT GJENNOM TIDLEGARE BUDSJETT

- Ta vare på og vidareutvikle fylket sine fellesinteresser. Dette arbeidet skal utførast innanfor ramma av det nasjonale fellesskapet, og med siktemål å få ei berekraftig utvikling.
- Vere ein aktiv regional utviklingsaktør og samarbeidspart.
- Vere ein brukarorientert organisasjon. Vi skal dekke viktige deler av innbyggjarane sine tenestebehov, og medverke til ei god samfunnsutvikling.
- Sikre kvaliteten på tenestene ved høg fagleg og etisk standard. Vi skal vidareutvikle tenestene gjennom læring og dialog med brukarane og andre samarbeidspartar.
- Medverke til livslang læring og trivsel hjå dei tilsette.
- Det skal takast omsyn til universell utforming i heile den fylkeskommunale verksemda.

## 2.3 AKTUELLE STYRINGSVERKTØY

### ETISKE STYRINGSVERKTØY

Dei etiske styringsverktøya vart reviderte hausten 2014. Fylkestinget vedtok då følgjande grunnleggjande verksemdsidé for fylkeskommunen:

- Demokratisk forankra
- Gode tenester
- Høg tillit
- Utviklingsorientert

Fylkestinget vedtok også at dei overordna normene for fylkeskommunen skal vere:

- Open – med innsikt, integritet og respekt

Vi skal aktivt skaffe oss innsikt:

- For å kunne vere ein god tenesteytar eller ein viktig samarbeidspart i utviklingsarbeidet er det viktig med innsikt i samfunnstilhøve og -utviklinga i fylket.
- Det krev sær eigen innsikt i det å arbeide eller vere ombodsmann i ein politisk styrd organisasjon.
- For at fylkeskommunen skal oppfylle mål og plikter overfor samfunnet og brukarar, krev det innsikt i arbeidet(-prosessane) for å sikre effektiv ressursbruk.
- Ein fylkeskommune med høg etisk standard, har folkevalde og tilsette som set seg inn i og reflekterer over etiske spørsmål og jamleg har etikk på dagsorden.

Vi har integritet ved at vi har vilje og evne til å halde på viktige prinsipp og vere sjølvstendige:

- Objektivitet er avgjerande for at ålmenta har tillit til at det skjer ei forsvarleg saksbehandling.
- Som folkevalde og tilsette kan vi kome i situasjonar som gjev oss mulegheita til å misbruke posisjon, tillit og makt. Personar utanfor fylkeskommunen kan fremje særinteresser og utøve press som kan vere vanskeleg å handtere, og som kan setje integriteten til den enkelte på prøve.
- Vi må vere medvitne om risikoen for korrupsjon og arbeide med å førebygge og hindre at slik åtferd utviklar seg. Vi skal markere at det ikkje løner seg å misbruke posisjon og tillit for å tilgodesjå seg sjølv eller andre – eller å setje fram tilbod om det.
- Både tilsette og folkevalde skal varsle om kritikkverdige tilhøve i fylkeskommunen. Varsling er ønskjeleg sjølv om dette kjem i konflikt med interessene til fylkeskommunen.

Vi viser respekt og tek omsyn:


- Fylkeskommunen skal utvikle og forpakte verdiar i vidaste meining til beste for samfunnet.
- Tilhøvet mellom folkevalde og tilsette bør vere prega av tillit, ansvar, engasjement, entusiasme, integritet, ærlegdom, rettferd og lojalitet.
- I møtet med brukarane skal vi vise respekt for den enkelte, ta vare på velferda og tryggleiken deira, og ta omsyn til teieplikta.
- Vi ønskjer ei berekraftig samfunnsutvikling, som sikrar livskvaliteten og livsgrunnlaget både i dag og for komande generasjonar.

Vi fremjar openheit. Fylkeskommunen er demokratisk forankra og vi vernar om demokratiet:

- Kontroll skjer mellom anna gjennom openheit og innsyn i den fylkeskommunale verksemda. Det sikrar også rettstryggleiken til den enkelte og sikrar god etisk standard.
- Det er viktig å utøve myndigheit på ein trygg måte. Slik skaper vi eit levande lokaldemokrati og ei tillitsskapande forvaltning.
- Fylkeskommunen skal drive aktiv informasjon om si verksemd.
- Vi skal legge tilhøva til rette for eit funksjonsdyktig fylkeskommunalt folkestyre, for offentlig innsyn i fylkeskommunen si forvaltning og for ei rasjonell og effektiv forvaltning.

### BALANSERT MÅLSTYRING

Balansert målstyring medverkar til at organisasjonen vert styrt ut frå eit fleirdimensjonalt syn. Ein styrer ut frå kunnskap om fortida (t.d. økonomiske resultat), notida (t.d. brukaropplevingar og interne tilhøve) og framtida (t.d. behov for læring og kompetanse), og ein ønskjer å ivareta både eksterne og interne mål. Det balanserte målstyringsfokuset er i fylkeskommunen ivareteke innanfor eit forenkla styrings- og rapporteringssystem med tre fokusområde (jf. illustrasjon):



Figur: Tre overordna fokusområde for Sogn og Fjordane fylkeskommune



Målekartet er meint å vere ein lett tilgjengeleg og kompakt dokumentasjon av kjerneinnhaldet i styringssystemet, og skal nyttast både i planleggings-, oppfølgings- og evalueringsarbeidet.

Målekartet prioriterer auka kunnskap om korleis brukarane og samarbeidspartane våre vurderer tenestetilbodet og tilretteleggingsarbeidet vi gjer. Vidare legg vi eksisterande datagrunnlag til grunn så langt dette let seg gjere.

Det vert lagt opp til at innhenting av data som i utgangspunktet ikkje er tilgjengeleg, og som krev etablering av eigne rutinar for datafangst og analyse, vert koordinert. Dette gjeld i stor grad data frå ulike former for brukar- og/eller medarbeidarundersøkingar. Målet er å samordne og koordinere datainnsamlinga, slik at vi unngår dobbeltarbeid. Like eins er det viktig at brukarar og samarbeidspartar møter ein koordinert fylkeskommune og ikkje mange parallelle undersøkingar.

### Målekartet

Tydelege tilbakemeldingar på jobben vi gjer og resultata vi oppnår er ein føresetnad for at vi skal kunne tilpasse oss samfunnsendingar og prestere i forhold til måla våre. Krava frå politiske styresmakter, samarbeidspartar og brukarar er store. Samstundes er ressursane avgrensa. Målekartet er eit verktøy for konkretisering av politisk fastsette mål og for resultatmåling.

I budsjettet for 2015 vart målekarta justerte slik at dei vart enklare og meir tenlege i høve styring og rapportering. Dette vart gjort ved å forenkle og justere innretninga i det tidlegare målekartet. Det er no lagt opp til eitt felles målekart. Dette tek i større grad omsyn til at sektorane har svært ulike oppgåver.

Det forenkla styrings- og rapporteringssystemet har tre overordna fokusområde:

- Tenesteyting – tenester med høg kvalitet og brukarane i sentrum
- Regional utvikling – tilrettelegging for samhandling, satsing og vekst i fylket
- Medarbeidar og organisasjon – trivsel, kompetanse og effektivitet i oppgåveløysinga

Dei tre fokusområda ligg fast for alle organisatoriske einingar og sektorar. Dei enkelte sektorane har identifisert inntil 6 suksessfaktorar for si verksemd innan desse gjevne fokusområda. Dette er suksessfaktorar som må inntreffe for at vi skal kunne seie at fylkeskommunen lukkast som organisasjon.

Det er lagt vekt på å identifisere suksessfaktorar og måleindikatorar som måler våre eigne, og ikkje eksterne aktørar, sine prestasjonar. Suksessfaktorane skal utgjere dei mest sentrale elementa i utviklinga av eitt felles, forenkla målekart.

Målekartet har fire omgrep som er sentrale, og desse ligg til grunn for våre justeringar:

- Fokusområde: Dei tre hovudområda vi har valt ut for å vere ein god fylkeskommune er *tenesteyting*, *regional utvikling* og *medarbeidar og organisasjon*. Desse er sams for alle.
- Suksessfaktorar: Våre aller viktigaste bidrag for at vi lukkast innan dei tre utvalde fokusområda. Desse har avdelingane sjølve valt ut og prioritert.
- Måleindikator: Måleining- og metode som fortel oss så konkret som muleg korleis vår prestasjon innan suksessfaktorane faktisk er.
- Ambisjonsnivå: Kva resultatmål ønskjer vi å oppnå, og kor stort avvik tolerer vi frå ønskt resultat før vi set i verk tiltak?

---

Fokusområdet «Medarbeidar og organisasjon» har ikkje ei sektorinnretning, og dette er felles for heile organisasjonen.

Målekartet for fylkeskommunen skal rullerast årleg i samband med utarbeidinga av dei årlege budsjett dokumenta.

#### Vidareføring med mindre justeringar

Målekartet skal årleg rullerast i samband med budsjettfastlegginga. Ein gjennomgang viser at dei fleste sektorane i hovudsak ønskjer å vidareføre målekartet slik dette var for 2015.

Fylkesrådmannen har starta førebuinga av ei undersøking retta mot samarbeidspartar og brukarar. Undersøkinga tek utgangspunkt i gjeldande målekart innan fokusområda «Tenesteytar» og «Regional utviklingsaktør». Sektorane ønskjer ikkje å gjere større endringar innanfor fokusområda før ein kjenner måloppnåinga i høve gjeldande måleindikatorar.

## MÅLEKART FOR SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

FOKUSOMRÅDE	SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSnivå	
<b>TENESTEYTING</b>				
<i>Kultur</i>	T1	Gode tenester innan kulturformidling. Dette gjeld tilbod fylkeskommunen har ansvar for å tilby i fylket: Formidling av ei profesjonell kulturoppleving, historisk kunnskap og/eller mulegheit til å delta i kulturaktivitetar.	<p>T1.1 Nøgd partnerskap og nøgde brukarar. Brukarundersøkingar: 2015 Kultur for alle 2016 Kulturminne (arkeologi, fartøy) 2017 Arkivtenesta, digital kulturformidling 2018 Tilbod til born og unge:DKS, UKM.</p> <p>T1.2 Godt tilbod til publikum v. kulturinstitusjonane. Publikumsundersøking: 2015 Opera Nordfjord 2016 Sogn og Fjordane teater 2017 Musea i fylket 2018 Norsk Countrytreff 2019 Førdefestivalen</p>	<p>T1.1-1 75% av respondentane er tilfredse (score 4 av 6) med tenesta.</p> <p>T1.2-1 75% av respondentane er tilfredse (score 4 av 6) med tenesta.</p>
	T2	Gode tenester innan språk og litteratur. Dette gjeld litteraturformidling som fylkeskommunen sjølv står for eller legg til rette for gj. utv.arbeid og kompetansebygging, med vekt på formidl. av nynorsk språk og litteratur og formidl.til born og unge.	T2.1 Nøgd partnerskap og nøgde brukarar. Brukarundersøkingar: 2015: Bruk av nynorsk i fylkeskommunen 2016: Litteraturformidling til born og unge 2017: Litteratur med tilknytning til Sogn og Fjordane	T2.1-1 Positiv utvikling over tid.
	T3	Kunnskapsdeling gjennom å gjere historiske kjelder tilgjengeleg.	T3.1 Utvikle gode og oppdaterte digitale tenester for kulturformidling: Digitaliserte kjeldesamlingar, arkivmateriale, fakta, kulturstatistikk. Skape nye formidlingskanalar. Tenestene skal vere	T3.1-1 Positiv utvikling over tid: Auka etterspurnad når fleire historiske kjelder vert tilgjengelege.

FOKUSOMRÅDE	SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ			
		universelt tilrettelagt. Kartlegging i 2015 og 2019.				
<i>Vidare- gåande opplæring</i>	T4	Læringsmiljø	T4.1	Trivsel.	T4.1-1	Elevar: 4,4 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga
					T4.1-2	Lærlingar: 4,5 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga
			T4.2	Meistring.	T4.2-1	Elevar: 3,8 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga
					T4.2-2	Lærlingar: 4,0 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga
	T5	Læring	T5.1	Karakterutvikling/ resultat.	T5.1-1	15 fag med sentralt gitt eksamen med resultat over landssnittet.
					T5.1-2	25% av lærlingane som tek fag- og sveineprøve oppnår resultatet: <i>Bestått/Mykje godt.</i>
			T5.2	Standpunktkarakter og eks.res. i norskfaget	T5.2-1	0,4 karaktergrader i avvik.
	T6	Gjennomføring	T6.1	Gjennomføringsgrad	T6.1-1	I 2015 skal 77% av dei som byrja i vidareg. opplæring i 2010 ha gjennomført opplæringa.
<i>Samferdsle</i>	T7	Fleire reiser kollektivt med buss og båt.	T7.1	Tal reisande med buss, båt (ekskl.skuleskyss).	T7.1-1	Fleire enn 1,7 mill. reisande med buss.
					T7.1-2	Fleire enn 560 000 reisande med båt.
	T8	Fylkesvegnettet har god framkome.	T8.1	Gjennomsnittleg spordjupne i mm.	T8.1-1	Mindre enn 19 mm.
	T9	Kollektivtrafikk- tilbodet vert opplevd som godt.	T9.1	Tal som opplever tilbodet som godt.	T9.1-1	Positiv utvikling over tid.
<i>Tannhelse</i>	T10	Fungerande teneste- produksjon.	T10.1	Tal prioriterte pasientar under tilsyn.	T10.1- 1	Gruppe A2; 90%, Gruppe B; 95%, Gruppe C1; 85%, Gruppe C2; 70%, Gruppe D; 60%.

FOKUSOMRÅDE	SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ
T11	Tannhelse-tilstand prioritert klientell.	T11.1 DMFT = 0 <sup>1</sup>	T11.1-1 5-åringar; 80%, 12-åringar; 60%, 18-åringar; 25%.
<sup>1</sup> DMFT er definert som tal tenner (teeth) med karies (decayed), manglar (missing) og fylt (filled) på individnivå. DMFT gjev eit oversyn over total tannhelsestilstand, både tidlegare sjukdomserfaring og no-situasjon.			

**REGIONAL UTVIKLING**

<i>Kultur</i>	R1	Fremje og legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kultur-aktivitetar og oppleve eit mangfold av kulturuttrykk.	R1.1	Gode tenester innan kulturformidling. Sikre føreseielege rammevilkår for kulturlivet. Fremje profesjonalitet og kvalitet i kulturlivet.	R1.1-1	Positiv utvikling over tid.
	R2	Kulturområdet si rolle i samfunns-utviklinga vert styrkt.	R2.1	God samhandling med kommunane og frivillig sektor, jf. årlege tilbakemeldingar.	R2.1-1	Positiv utvikling over tid.
			R2.2	Tal kulturtilsette i kommunane som deltek i kompetanseheevande tiltak innan planlegging, utvikling og tilrettelegging for kulturutvikling aukar.	R2.2-1	Positiv utvikling over tid.
			R2.3	Initiere kompetansebyggande tiltak innan dei ulike kulturfagområda. Årleg kartlegging av deltakarar og tal.	R2.3-1	Positiv utvikling over tid.
			R2.4	Innspel til kommunale planstrategiar og samfunnsdelen til kommuneplan.	R2.4-1	Ambisjon: Kultur skal uttale seg om alle planstrategiar og kommuneplanar sin samfunnsdel.
	R3	Stimulere til verdiskaping bygd på kulturarv-verdiar i Sogn og Fjordane.	R3.1	Kommunane kartlegg kulturminna og tek desse i bruk i lokalsamfunns-utviklinga.	R3.1-1	Ambisjon: Alle kommunar kartlegg kulturminne. I 2015 har > 20 kommunar sett i gang arbeidet med å utarbeide lokal kulturminneplan.
			R3.2	Verdiskapingsprosjekt basert på utvikling av kulturminneverdiar vert initiert.	R3.2-1	Positiv utvikling over tid.

FOKUSOMRÅDE	SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ			
	R4	Dialogen og samhandlinga med kulturaktørane vert vidareutvikla.	R4.1	Skape regelmessige møteplassar.	R4.1-1	Arrangere årlege dialogmøte mellom frivillig sektor/ kulturarrangørar og kulturinstitusjonane.
					R4.1-2	Deltak på minst 1 møte med kvart regionale kulturnettverk i året.
					R4.1-3	Initiere, delta i og vidareutvikle faglege nettverk.
			R4.2	Utviklingsavtalar m. fagmiljø og frivillig sektor.	R4.2-1	Minst 3 nye avtalar vert inngått kvart år.
<i>Vidaregåande opplæring</i>	R5	Samsvar mellom dimensjonering av opplæringstilbodet og behovet for fagarbeidarar.	R5.1	Samsvar mellom tilgang til læreplassar og tal søkjarar til læreplass.	R5.1-1	Alle med ungdoms- eller vaksenrett som søker læreplass som første ønske får tilbod.
<i>Næring</i>	R6	Framdrift og effektivitet i prosjekta fylkeskommunen støttar.	R6.1	Tal avslutta prosjekt registrert i databasen regionalforvaltning.no	R6.1-1	Komplett oversyn over prosjekt og registrert avslutning på ferdige/ikkje sette i gang prosjekt.
					R6.1-2	Samsvar budsjett og rekneskap i alle registrerte prosjekt.
	R7	Bestillar-kompetanse.	R7.1	Tal spesifiserte oppdrag, vurdering av kvalitet.	R7.1-1	Komplett oversyn over oppdrag i samband med regional plan for verdiskaping.
	R8	Nøgd regional partnerskap.	R8.1	Nøgd partnerskap og nøgde brukarar. Brukarundersøking årleg.	R8.1-1	Samla skår på 80% nøgde partnarar.
	R9	Rask sakshandsaming.	R9.1	Tal marine saker handsama i tråd med forskrift.	R9.1-1	Alle sakene handsama i tråd med forskrift.
			R9.2	Andre saker Informasjonsnivå til søkjarar, god skriftleg standard.	R9.2-1	Alle søkjarane skal ha informasjon i tråd med skriftleg standard.
	R10	Utvikling i tal arbeidsplassar jf. målsetting i verdiskapingsplanen.	R10.1	Tal brutto og netto nye arbeidsplassar.	R10.1-1	Saman med partnerskapen legge til rette for 500 nye arbeidsplassar kvart år, med ein arbeidsplassvekst på netto 100 i året.

FOKUSOMRÅDE	SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ			
Plan og samfunn	R11	Formalisert og godt samarbeid mellom kommunane og fylkeskommunen om planstrategiar og planarbeid.	R11.1	Tal kommunar som er med i samarbeidet.	R11.1-1	Minst 50% av kommunane deltek.
			R11.2	Tal årlege møtepunkt i samarbeidet.	R11.2-1	Minst 4 årlege møtepunkt.
	R12	Formalisert og godt plansamarbeid i samband med satsinga på dei 3 byregionane i Sogn og Fjordane.	R12.1	Tal leiande kommunar i byregionsatsinga som er med i plansamarbeidet.	R12.1-1	Alle dei tre leiande kommunane er med i samarbeidet.
			R12.2	Tal kringliggjande kommunar som er med i plansamarbeidet.	R12.2-1	Minst 50% av dei kringliggjande kommunane er med i samarbeidet.
			R12.3	Tal årlege møtepunkt i plansamarbeidet.	R12.3-1	Minst 3 årlege møtepunkt.
R13	Kommunane har god og opp-datert kunnskap om viktige fakt. for eiga utv.	R13.1	Etablert eit felles statistikk- og indikatorsystem for berekraftig samf.utv. i kommunane.	R13.1-1	Alle kommunar som deltek i samarbeidet har implementert systemet.	
		R13.2	Samanfatte eit «samfunnsbarometer» for heile fylket.	R13.2-1	Årleg presentasjon av utviklinga.	
R14	Sterke regionale samfunnsbyggjande organisasjonar.	R14.1	Forpliktande samarbeidsavtalar mellom einskildorganisasjonar og fylkeskommunen innanfor satsingsområda.	R14.1-1	Minst 2 samarbeidsavtalar innanfor kvart satsingsområde.	
		R14.2	Etablert dialog for evaluering og vidareutvikling av samarbeid.	R14.2-1	Gjennomføre dialogmøte på leiarnivå 2 gonger i året.	
Samferdsle	R15	Forfallet på tunnelar blir redusert.	R15.1	Tal tunnelar som vert mørklagde eller stengde i løpet av året.	R15.1-1	Ingen stengde.
					R15.1-2	
	R16	Godt tilrettelagt ruteproduksjon.	R16.1	Tal passasjerkilometer med buss og båt (ekskl. skuleskyss) jf. registrerte data.	R16.1-1	Positiv utvikling over tid.

FOKUSOMRÅDE	SUKSESSFAKTOR	MÅLEINDIKATOR	AMBISJONSNIVÅ			
Tannhelse	R17	Kjennskap til tannhelsemessige utfordringar i fylket.	R17.1	Plandokument er oppdatert i forhold til konkrete utfordringar på tannhelse-området.	R17.1-1	Vurdere kvart år om plandokumentet må oppdaterast på fokusområde.
	R18	Utvikle godt samarbeid med kommunane og andre organisasjonar.	R18.1	Inngå forpliktande samarbeidsavtalar med kommunar og helseføretak på tannhelse-relaterte område for eksempel folkehelsearbeid.	R18.1-1	Avtale med alle kommunar og helseføretak.

### **MEDARBEIDAR OG ORGANISASJON**

Alle	M1	Medarbeidarar opplever arbeidet som utfordrande og meningsfullt.	M1.1	Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet.	M1.1-1	Minst 86 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.
	M2	Medarbeidarar opplever at arbeidet stimulerer til læring.	M2.1	Medarbeidarundersøking: Opplevd eigen- og leiarvurdering.	M2.1-1	Minst 56 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.
	M3	Sjukefråveret i Sogn og Fjordane fylkeskommune er lågt og stabilt.	M3.1	Registrerte data.	M3.1-1	Sjukefråvere på maksimalt 5% i gjennomsnitt. Fråveret er sett lik stabiliseringsmålet i den «Inkluderande arbeidslivsavtalen» med NAV.
	M4	Medarbeidarar opplever leiarane som støttande, motiverande, utviklande og rettferdige.	M4.1	Medarbeidarundersøking: Opplevd kvalitet.	M4.1-1	Minst 78 poeng i gjennomsnitt av 100 oppnåelege.
	M5	Fylkes-kommunen har som arbeidsgjevar godt omdøme og trekker til seg sterke søkarar til ledige stillingar.	M5.1	Registrert søknadsinnangang.	M5.1-1	Positiv utvikling over tid.

### **ÅRSHJULET**

Eit årshjul visualiserer dei årlege og periodiske arbeidsprosessane som einingane i ein organisasjon gjennomfører. Føremålet med å utarbeide årshjul er å sikre at prosessar og aktivitetar vert sett i samanheng og gjennomførde i ei logisk og tenleg rekkefølgje. Ved å utarbeide eit overordna årshjul vil alle ha eit sams bilete av kvar i planleggingsprosessane vi til ei kvar tid står, samt kva som er forventna planlagt og gjennomført til ulike tidspunkt.



Årshjulet viser innplasseringa av dei mest sentrale prosessane og aktivitetane som involverer både politisk nivå, administrativt nivå og verksemdsnivået.

Overordna årshjul for Sogn og Fjordane fylkeskommune inkluderer følgjande hovudelement:

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Element i årshjulet				
Prosessar og aktivitetar		Politisk nivå	Administrativt nivå	Verksemds-nivå
<u>Planlegging</u>	Budsjett/Økonomiplan	X	X	X
	Handlingsprogram (regionale planar)	X	X	X
	Regional planstrategi	X	X	X
	Nye regionale planar	X	X	X
<u>Oppfølging</u>	Tertialrapport 1 og 2	X	X	
	Styringsdialogar (dialogmøte)		X	X
	Utviklingsamtalar		X	X
	Arbeidsmiljøkartlegging		X	X
<u>Evaluering</u>	Årsrekneskap	X	X	X
	Årsrapport	X	X	X
	KOSTRA-rapportering		X	X
	Undersøking(ar) retta mot regionale samarb.partar *	X	X	X
	Medarbeidarundersøking *		X	X

### 3. ØKONOMIPLAN

Budsjett- og økonomiplanarbeidet har vore og er framleis sterkt prega av den økonomiske situasjonen Sogn og Fjordane fylkeskommune er inne i. I denne situasjonen har fylkeskommunen funne det tenleg å dele budsjettarbeidet i åra framover i to prosessar; budsjettprosess om hausten og økonomiplanprosess om våren.

#### 3.1 ØKONOMIPLAN 2016-19

Fylkestinget gjorde følgjande vedtak i sak 26/15 «Økonomiplan 2016-19» i juni 2015:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2016-19 vert vedteken slik den går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling. Dette gjev følgjande sektorrammer:

Økonomiske rammer	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Fellesinntekter/-utgifter - netto	-2 133,9	-2 143,8	-2 114,5	-2 071,3
Sektorrammer				
Forvaltning	145,1	137,9	136,9	126,6
Opplæring	830,0	800,3	773,4	749,4
Tannhelsetenesta	81,1	78,6	73,1	73,1
Plan og næring	95,6	109,1	103,0	102,6
Kultur	64,0	61,3	61,3	61,3
Samferdsle	918,0	956,6	966,9	958,4
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2 133,9</b>	<b>2 143,8</b>	<b>2 114,5</b>	<b>2 071,3</b>

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

2. Økonomiplan 2016-19 har form av eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2015/ økonomiplan 2016 (17-18). Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/ økonomiplan er kommenterte.
3. Tilrådde tiltak og tilpassingar må om naudsynt utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2016.
4. Utgreiingar med seinare ferdigstillingsdato skal handsamast som ein del av budsjett/ økonomiplanprosessen som vert gjennomført i 2016.
5. Avsette fondsmidlar (overført driftsresultat) innan tannhelse vert reservert omstillingskostnader ved omlegging til ny struktur på sektoren.

Fylkesrådmannen si saksframstilling i denne saka følgjer i vedlegg 2 til budsjettdokumentet. Saka hadde form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande økonomiplan, og det vart ikkje utarbeida nytt tekstdokument med grunnlag i vedtaket.

Økonomiplan 2016-19 har danna grunnlag for arbeidet med årsbudsjettet for 2016, og åra 2017-19 er berre endra i den grad nye føresetnader og endra rammer har gjort dette naudsynt. Dei gjennomgåande økonomiplandriftingane er, i tråd med ny ordning, vist til økonomiplanarbeidet våren 2016.

Føresette endringar i økonomiplanperioden er omtala under dei ulike sektoromtalane i dette budsjettdokumentet.

### 3.2 KOMANDE ØKONOMIPLAN (2017-20)

På nyåret startar arbeidet med økonomiplan 2017-20 – der hovudmålet er å dra dei meir langsiktige linene for den økonomiske utviklinga. Det vil vere økonomiplanarbeidet om våren som vert arena for å ta overordna grep på tvers av sektorane og å gjere eventuelle justeringar i rammene for den enkelte sektor.

#### VEDTEKNE UTGREIINGAR

Vedtekne utgreiingar med leveringsfrist våren 2016 (parantensen viser utgreiingsnummeret i hovudprosjektet SFJ 2019):

- Ny driftsstandard på fylkesvegnettet (inkl. Heim for ein 100-lapp og tilskot til kommunalt trafikktryggleiksarbeid) (#45)
- Tannhelsetenesta (#22)
- IKT-tenestene (#53)
- Folkehelsearbeidet (#51)
- Løn- og rekneskapstenestene (#54)
- Sentraladministrasjon; roller og storleik (#57)
- Driftsteknikartenestene (#55)
- Reinhaldartenestene (#56)

Opplæring:

- Rådgjeving ut over avtalefesta nivå (#7)
- Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i handlingsprogrammet (#9)
- Leiingsressurs ut over avtalefesta nivå (#10)
- Sommarskule (#11)
- Rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale (#12)
- Omstillings- og seniortiltak for pedagogisk personale (#13)
- Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa (#17)
- Driftsrammer for Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20)
- E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane (#58)

**ØKONOMIPLANPROSESS VÅREN 2016**

Det vert lagt opp til slik prosess og framdrift i arbeidet med økonomiplan 2017-20 våren 2016:

Dato	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. Nivå
<b>04.11.2015</b>	Finansutvalet godkjenner skisse til prosess og framdrift	FINU	
<b>Nov-mars</b>	Administrativ utgreiingsfase		FRM
<b>Mars 2016</b>	Framlegging av utgreiingsrapportar – utan tilrådingar/konklusjon	FINU	
<b>April 2016</b>	Orientering om administrative utgreiingar for eit samla fylkesting. Påfølgjande møte i hovudutvala.	FT HU	
<b>Medio mai</b>	Framlegging av kommuneproposisjonen 2017	KMD	FRM
<b>Mai 2016</b>	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2017-20		FRM
<b>Juni 2016</b>	Hovudutvala si handsaming	HU	
<b>Juni 2016</b>	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
<b>Juni 2016</b>	Fylkestinget si slutthandsaming	FT	

Dei tillitsvalde vert inviterte til å kome med innspel/merknader til det administrative utgreiingsarbeidet. I samband med sluttrapportane frå utgreiingsarbeidet vert desse innspela og ev. eksterne innspel lagt ved og synleggjort overfor politisk side.

Det er etablert nokre køyrereglar som må vere sentrale gjennom heile omstillingsprosessen vi no er inne i:

- 1. Innbyggjarane sitt beste må heile tida ha stor merksemd - det er dei vi er til for.*
- 2. Respekt for alle tilsette. FT, FU, FIN og Frm må, som overordna arbeidsgjevarorgan, handsame alle tilsette med respekt. Vi må framstå som ein god og ansvarleg arbeidsgjevar.*
- 3. Følgje gjeldande lover og forskrifter – i forhold til både innbyggjarar, brukarar og tilsette.*
- 4. Oppgåver kan vere lovpålagte – men sjeldan måten vi løyser dei på. Organisering og strukturar er til vanleg ikkje lovregulerte, desse må vi vere budde på å gjere noko med.*
- 5. Tilstrekkeleg konsekvensutgreiing. Alle reduksjonsforslag må vere tilstrekkeleg konsekvensutgreidde før dei ev. vert vedtekne.*
- 6. Planlegge/budsjettere realistisk. Det må vere mogleg å gjennomføre alle vedtak om reduksjonar.*
- 7. Ostehøvelen er ikkje kraftig nok. Vi må vere villege til å stille spørsmål ved både oppgåver og tenester.*
- 8. Brems og framleis litt gass. Vi bør framleis prøve å ta vare på nokre vekstelement innafor våre samla prioriteringar.*
- 9. Sikre rett og nok kompetanse. Vi må i den fasen vi no går inn i sikre at vi har nok strategisk kompetanse på økonomisk, juridisk og organisatoriske side.*
- 10. Betring av eksterne rammevilkår. Vi må i fellesskap arbeide for å betre fylkeskommunen sine eksterne rammevilkår.*

I punkt 7 er det slege fast at ostehøvelen er ikkje kraftig nok. Vi må vere villege til å stille spørsmål ved både oppgåver og tenester.

Ostehøvelprinsippet vil ikkje utgjere eit tilstrekkeleg uttømmmande grunnlag for å imøtekome innsparingskrava vi møter dei neste fem åra. I budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) vart det skissert nokre grunnprinsipp bør vektleggast for å kunne gjere fruktbare og langsiktige prioriteringar:

1. Kvalitet i alle vidareførte oppgåver: Det bør vere høg kvalitet på dei tenestene fylkeskommunen prioriterer å vidareføre. Kvalitet bør vurderast opp mot kvantitet i alle ledd av prioriteringsarbeidet.
2. Tydeleg oppgåve- og ansvarsdeling: Vi bør ha ei aktiv haldning til fylkeskommunen si rolle innanfor fagområde der også kommunane har eit definert ansvar. Vi bør vurdere eigen ressursbruk opp mot faktisk fylkeskommunalt oppgåveansvar.
3. Funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar: Regional planstrategi tilseier at fylkeskommunen skal prioritere styrkinga av bu- og arbeidsmarknadsregionar med avgrensa interne reiseavstandar og felles arbeidsmarknader. Dette bør liggje til grunn for prioriteringane vi gjer i omstillingsarbeidet.
4. Tydeleg rolle i den regionale partnerskapen: Vi bør prioritere auka fokus på arenabygging og tilrettelegging, og mindre på direkte finansieringsbidrag. Leirolla i den regionale partnerskapen bør i større grad styrke samordninga og ein felles verkemiddelbruk i og for fylket.
5. Langsiktige avgjerder: Trendar og faktisk samfunnsutvikling bør i noko større grad vektleggjast. Vedtaka våre skal stå seg over tid, og dimensjonering og innretning av tenestene må tilpassast framtidige, langsiktige behov.
6. Alternative finansieringskjelder: Vi bør sjå etter område der vi gjennom samarbeid og partnerskap lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt kan generere eit breiare finansieringsgrunnlag.

---

## 4. TALDEL

Taldelen er oppdelt i ein driftsdel og ein investeringsdel.

Driftsdelen viser sist avlagte rekneskap (rekneskapstal for året 2014) endeleg budsjett for 2015, årsbudsjett for 2016 og økonomiplanen sine tal for åra 2017-19.

Årsbudsjettet for 2016 vert vedteke på programområdenivå. Talbudsjettet er fordelt på tenestenivå. Hovudutvala kan endre fordelinga på eigen sektor i tråd med fullmakter gjevne i budsjettreglementet.

Vidare er det teke inn ein tabell som viser fylkeskommunen sin aktivitet (brutto utgifter, inntekter og netto utgifter på sektornivå for sist avlagde rekneskapsår).

Investeringsdelen viser samla investeringsprogram i økonomiplanperioden og tilhøyrande finansieringsprogram.

## 4.1 DRIFTSDEL (I MILL KR)

	14-kr	15-kr	16-kr	16-kr	16-kr	16-kr
Programområde/tenes tenivå	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
<b>800 Skatt på inntekt og formue</b>	<b>-546,979</b>	<b>-558,000</b>	<b>-587,000</b>	<b>-582,000</b>	<b>-577,000</b>	<b>-572,000</b>
Skatt på inntekt og formue	-546,979	-558,000	-587,000	-582,000	-577,000	-572,000
<b>840 Statleg rammetilskot</b>	<b>-1566,237</b>	<b>-1738,419</b>	<b>-1724,112</b>	<b>-1672,112</b>	<b>-1648,112</b>	<b>-1624,512</b>
Inntektsutjamning	-37,578	-42,000	-43,000	-43,000	-43,000	-43,000
Rammetilskot	-1528,659	-1696,419	-1681,112	-1629,112	-1605,112	-1581,512
<i>Sum frie inntekter</i>	<i>-2113,216</i>	<i>-2296,419</i>	<i>-2311,112</i>	<i>-2254,112</i>	<i>-2225,112</i>	<i>-2196,512</i>
<b>840 Andre generelle overføringer</b>	<b>-58,780</b>	<b>-58,700</b>	<b>-64,600</b>	<b>-66,400</b>	<b>-66,400</b>	<b>-66,400</b>
Regionale utviklingsmidlar	-74,434	-73,700	-70,900	-70,900	-70,900	-70,900
Driftsmidlar til investering	15,654	15,000	6,300	4,500	4,500	4,500
<b>710 Fylkeskommunal næringsverksemd</b>	<b>-104,454</b>	<b>-65,000</b>	<b>-73,800</b>	<b>-102,400</b>	<b>-127,900</b>	<b>-135,800</b>
<b>870 Renter/utbytte og lån (inn-/utlån)</b>	<b>130,478</b>	<b>156,079</b>	<b>177,380</b>	<b>218,880</b>	<b>231,580</b>	<b>228,580</b>
Kapitalutgifter (renter og avdrag)	172,961	189,979	208,600	248,700	261,400	262,500
Renteinntekter, netto	-23,143	-15,300	-12,940	-10,740	-9,140	-8,740
Rentekompensasjon frå staten	-19,340	-18,600	-18,280	-19,080	-20,680	-25,180
<b>Intern bruk/avsetting til fond</b>	<b>23,732</b>	<b>39,965</b>	<b>-9,652</b>	<b>-1,090</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>
<b>Sluttsaldering - avsetting /bruk av fond</b>	<b>43,535</b>	<b>6,263</b>	<b>60,708</b>	<b>-3,731</b>	<b>14,753</b>	<b>40,487</b>
<b>NETTO FELLE SINTEKTER</b>	<b>-2 078,705</b>	<b>-2 217,812</b>	<b>-2 221,076</b>	<b>-2 208,853</b>	<b>-2 173,079</b>	<b>-2 129,645</b>
<b>Politisk styring, plan og forvaltning</b>	<b>139,977</b>	<b>153,165</b>	<b>168,160</b>	<b>160,811</b>	<b>160,466</b>	<b>150,197</b>
<b>400 Politisk styring</b>	<b>20,473</b>	<b>23,996</b>	<b>41,397</b>	<b>42,777</b>	<b>42,582</b>	<b>43,213</b>
4000 Utgifter til fylkesting, utval og ordførar	14,541	14,801	13,858	13,858	13,858	13,858
4003 Partistønad	4,366	4,481	4,171	4,571	4,571	4,571
4004 Diverse råd og utval	1,214	1,739	1,156	1,804	1,156	1,804
4005 Til disposisjon for utvala	0,352	2,975	2,875	3,235	2,825	2,825
4009 Avsett til løns- og prisvekst		0,000	19,337	19,309	20,172	20,155
<b>410 Kontrollutval</b>	<b>3,970</b>	<b>4,153</b>	<b>4,289</b>	<b>4,239</b>	<b>4,239</b>	<b>4,239</b>
4100 Kontrollutvalet og revisjon	3,970	4,153	4,289	4,239	4,239	4,239
<b>420 Administrasjon</b>	<b>72,437</b>	<b>75,368</b>	<b>77,299</b>	<b>72,599</b>	<b>72,599</b>	<b>72,599</b>
4200 Administrasjon	40,052	41,643	42,342	37,642	37,642	37,642
4201 Personalretta tiltak	4,592	5,422	4,500	4,500	4,500	4,500
4204 Tillitsvalde og verneombod	3,058	3,072	3,794	3,794	3,794	3,794
4205 Interne støtteiningar	24,735	25,231	26,663	26,663	26,663	26,663
<b>421 Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltninga</b>	<b>6,892</b>	<b>9,233</b>	<b>9,370</b>	<b>9,370</b>	<b>9,370</b>	<b>9,370</b>
4210 Bygg og eigedomsforvaltning	5,912	7,401	7,423	7,423	7,423	7,423
4211 Bygg- og bilforsikring	1,852	2,139	2,197	2,197	2,197	2,197
4212 Utleigebygg	-0,872	-0,307	-0,250	-0,250	-0,250	-0,250
<b>430 Administrasjonslokale</b>	<b>5,429</b>	<b>6,466</b>	<b>6,108</b>	<b>6,108</b>	<b>6,108</b>	<b>6,108</b>
4300 Administrasjonslokale	5,429	6,466	6,108	6,108	6,108	6,108
<b>460 Tenester utanom ordinært FK ansvarsområde</b>	<b>1,325</b>	<b>1,125</b>	<b>0,675</b>	<b>0,675</b>	<b>0,525</b>	<b>0,525</b>
4606 Diverse tilskot	1,325	1,125	0,675	0,675	0,525	0,525
<b>480 Diverse fellesutgifter</b>	<b>9,505</b>	<b>15,417</b>	<b>11,403</b>	<b>7,528</b>	<b>7,528</b>	<b>6,528</b>
4800 Juridisk honorar	1,276	8,500	3,300	2,300	2,300	1,300
4801 Personalforsikringar	1,849	1,389	2,100	2,100	2,100	2,100
4802 Folkehelsearbeid	6,380	5,528	6,003	3,128	3,128	3,128

	14-kr	15-kr	16-kr	16-kr	16-kr	16-kr
Programområde/tenestevå	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
<b>715 Lokal og regional utvikling</b>	<b>13,098</b>	<b>11,601</b>	<b>11,863</b>	<b>12,959</b>	<b>12,959</b>	<b>12,959</b>
7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid	0,430	1,900	1,550	1,650	1,650	1,650
7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid	7,234	4,318	3,820	4,916	4,916	4,916
7153 Fellesfunksjonar og støttefunksjonar		0,438	0,438	0,338	0,338	0,338
7157 Internasjonalt arbeid	0,471	0,660	0,660	0,660	0,660	0,660
7159 Lokal og regional utvikling - Administrasjon	4,963	4,285	5,395	5,395	5,395	5,395
<b>716 Friluftsliv, vassregionstyres makt og forvaltning av vilt</b>	<b>6,848</b>	<b>5,806</b>	<b>5,756</b>	<b>5,856</b>	<b>5,856</b>	<b>5,856</b>
7163 Klima og miljø	1,578	1,900	1,450	1,550	1,550	1,550
7164 Friluft, natur og vassforvaltning	1,099	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 Friluftsliv, vassregion etc - administrasjon	4,171	2,806	3,206	3,206	3,206	3,206
<b>Ufordelt innsparingskrav</b>		<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>-1,300</b>	<b>-1,300</b>	<b>-11,200</b>
Ufordelt innsparingskrav		0,000	0,000	-0,100	-0,100	-10,000
Ufordelt innsparingskrav plan		0,000	0,000	-1,200	-1,200	-1,200
<b>Opplæring</b>	<b>808,363</b>	<b>833,934</b>	<b>857,434</b>	<b>831,454</b>	<b>798,087</b>	<b>773,822</b>
<b>510 Skulelokale og internatbygningar</b>	<b>105,980</b>	<b>101,255</b>	<b>103,522</b>	<b>101,784</b>	<b>99,543</b>	<b>99,243</b>
5100 Utgifter til lokale	65,091	59,222	61,031	59,593	57,652	57,652
5101 Vedlikehald og drift av skulebygg	40,889	42,033	42,491	42,191	41,891	41,591
<b>515 Fellesutgifter og støttefunksjonar</b>	<b>59,303</b>	<b>62,593</b>	<b>66,495</b>	<b>63,395</b>	<b>60,744</b>	<b>60,744</b>
5150 Forvaltning og fellesutgifter	48,142	49,376	49,951	49,683	49,521	49,521
5151 Fellesutgifter	7,807	9,518	12,838	10,006	7,517	7,517
5152 Eleveksamen	2,469	2,823	2,826	2,826	2,826	2,826
5153 Elev, lærling- og mobbeombod	0,885	0,876	0,880	0,880	0,880	0,880
<b>520 Pedagogisk leing/fellesutg. og gjesteelevar</b>	<b>88,281</b>	<b>104,462</b>	<b>120,419</b>	<b>118,233</b>	<b>101,759</b>	<b>102,794</b>
5200 Pedagogisk leing mv.	64,305	81,348	77,985	74,846	74,846	74,846
5201 Pedagogiske fellesutgifter	16,778	15,510	34,030	34,787	18,313	19,348
5202 Gjesteelevar	4,447	4,742	5,876	6,072	6,072	6,072
5203 PC-ordninga	2,751	2,862	2,528	2,528	2,528	2,528
<b>521 -532 Utdanningsprogramma</b>	<b>344,770</b>	<b>337,852</b>	<b>331,951</b>	<b>313,695</b>	<b>306,194</b>	<b>306,194</b>
5210 Utdanningsprogramma	341,735	328,807	323,492	305,253	297,663	297,663
5211 Gratis læremiddel	0,161	6,416	5,822	5,805	5,894	5,894
5313 Jordbrukskulegardar	2,874	2,629	2,637	2,637	2,637	2,637
<b>554 Fagskule</b>	<b>22,006</b>	<b>23,867</b>	<b>24,329</b>	<b>24,329</b>	<b>24,329</b>	<b>24,329</b>
5540 Fagskuleutdanning	22,006	23,867	24,329	24,329	24,329	24,329
<b>559 Landsliner</b>	<b>3,278</b>	<b>4,734</b>	<b>4,955</b>	<b>4,955</b>	<b>4,955</b>	<b>4,955</b>
5590 Landslinjer	3,278	4,734	4,955	4,955	4,955	4,955
<b>561 Oppfllg.tenesta og ped./psyk. teneste</b>	<b>17,508</b>	<b>20,446</b>	<b>20,385</b>	<b>20,235</b>	<b>20,235</b>	<b>20,235</b>
5611 PP-tenesta	12,039	13,459	13,573	13,423	13,423	13,423
5613 Oppfølgingstenesta	5,469	6,987	6,812	6,812	6,812	6,812
<b>562 Tilpassa opplæring</b>	<b>63,666</b>	<b>69,567</b>	<b>70,203</b>	<b>70,203</b>	<b>70,203</b>	<b>70,203</b>
5620 Tilpassa opplæring	63,666	69,567	70,203	70,203	70,203	70,203
<b>570 Fagopplæring i arbeidslivet</b>	<b>86,055</b>	<b>94,199</b>	<b>99,533</b>	<b>99,533</b>	<b>99,533</b>	<b>99,533</b>
5700 Fagopplæringsnemnda	0,147	0,222	0,225	0,225	0,225	0,225
5701 Opplæring i bedrift	75,297	82,891	87,994	87,994	87,994	87,994
5702 Fagprøver	10,611	11,086	11,314	11,314	11,314	11,314
<b>581 Vaksenopplæring etter opplæringslova</b>	<b>5,616</b>	<b>5,075</b>	<b>5,706</b>	<b>5,706</b>	<b>5,706</b>	<b>5,706</b>
5810 Vaksenopplæring	5,616	5,075	5,706	5,706	5,706	5,706
<b>590 Andre føremål</b>	<b>11,900</b>	<b>9,884</b>	<b>9,936</b>	<b>9,386</b>	<b>9,386</b>	<b>9,386</b>
5900 Opplæring i sos-/med.ins titusjonar	6,411	6,262	6,332	6,332	6,332	6,332
5901 Privatisteksamen	3,319	2,920	2,933	2,933	2,933	2,933
5902 Tilskot til elevorganisasjonar	0,017	0,040	0,040	0,040	0,040	0,040
5903 Karriererettlegeing	0,927	0,662	0,631	0,081	0,081	0,081
5904 Opplæring - andre områder	1,226					
<b>Ufordelt innsparingskrav</b>		<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>-4,500</b>	<b>-29,500</b>
Ufordelt innsparingskrav		0,000	0,000	0,000	-4,500	-29,500



	14-kr	15-kr	16-kr	16-kr	16-kr	16-kr
Programområde/tenestetivå	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
<b>Tannhelsetenesta</b>	<b>80,139</b>	<b>83,216</b>	<b>81,646</b>	<b>81,466</b>	<b>75,966</b>	<b>75,966</b>
<b>660 Tannhelsetenes ta felles funksjonar</b>	<b>17,822</b>	<b>19,217</b>	<b>18,089</b>	<b>18,379</b>	<b>18,379</b>	<b>18,379</b>
6600 Felles funksjonar	17,822	19,217	18,089	18,379	18,379	18,379
<b>665 Tannhelsetenesta - pasientbehandling</b>	<b>62,317</b>	<b>63,999</b>	<b>63,557</b>	<b>66,267</b>	<b>66,267</b>	<b>66,267</b>
6650 Pasientbehandling	62,317	63,999	63,557	66,267	66,267	66,267
<b>Ufordelt innsparingskrav</b>		<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>-3,180</b>	<b>-8,680</b>	<b>-8,680</b>
Ufordelt innsparingskrav		0,000	0,000	-3,180	-8,680	-8,680
<b>Næring og kultur</b>	<b>166,149</b>	<b>153,232</b>	<b>150,223</b>	<b>152,889</b>	<b>146,752</b>	<b>146,352</b>
<b>701 Tilrettel., støttefunk., fin.bistand for næringslivet</b>	<b>91,915</b>	<b>82,056</b>	<b>78,803</b>	<b>93,069</b>	<b>86,932</b>	<b>86,932</b>
7010 Bedriftsretta satsingar	32,700	26,337	31,000	32,300	32,300	32,300
7011 Kommunikasjonsteknologi	1,511	1,000	1,140	11,277	5,140	5,140
7012 Bransjeretta satsingar	13,466	11,670	8,550	7,050	7,050	7,050
7015 Nyskaping	22,637	23,780	19,750	24,294	24,294	24,294
7016 Entreprenørskap	0,900	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
7017 FoU og innovasjon	4,025	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
7018 Kunnskap	2,215	5,825	5,825	5,825	5,825	5,825
7019 Andre næringsområde	4,281	3,377	2,842	2,977	2,977	2,977
7099 Tilrettel. og støttefunksjon for næringslivet - Admin	10,180	10,067	9,696	9,346	9,346	9,346
<b>740 Bibliotek</b>	<b>6,847</b>	<b>6,498</b>	<b>5,882</b>	<b>5,582</b>	<b>5,382</b>	<b>5,382</b>
7400 Bibliotek	6,847	6,498	5,882	5,582	5,382	5,382
<b>750 Kulturminnevern</b>	<b>14,697</b>	<b>13,685</b>	<b>13,148</b>	<b>11,448</b>	<b>11,448</b>	<b>11,448</b>
7500 Kulturminnevern	14,697	13,685	13,148	11,448	11,448	11,448
<b>760 Museum</b>	<b>16,877</b>	<b>16,244</b>	<b>16,654</b>	<b>14,977</b>	<b>14,877</b>	<b>14,877</b>
7600 Muséer	16,877	16,244	16,654	14,977	14,877	14,877
<b>771 Kunstformidling</b>	<b>9,919</b>	<b>10,694</b>	<b>9,943</b>	<b>9,943</b>	<b>10,243</b>	<b>10,243</b>
7710 Kunstformidling	9,919	10,694	9,943	9,943	10,243	10,243
<b>772 Kunstproduksjon</b>	<b>11,077</b>	<b>11,474</b>	<b>11,490</b>	<b>10,690</b>	<b>10,690</b>	<b>10,690</b>
7720 Kunstproduksjon	11,077	11,474	11,490	10,690	10,690	10,690
<b>775 Idrett</b>	<b>2,697</b>	<b>3,149</b>	<b>3,293</b>	<b>2,693</b>	<b>2,693</b>	<b>2,693</b>
7750 Idrett	2,697	3,149	3,293	2,693	2,693	2,693
<b>790 Andre kulturaktivitetar</b>	<b>12,120</b>	<b>9,432</b>	<b>11,010</b>	<b>8,587</b>	<b>8,587</b>	<b>8,587</b>
7900 Andre kulturaktivitetar	12,120	9,432	11,010	8,587	8,587	8,587
<b>Ufordelt innsparings tiltak</b>		<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>-4,100</b>	<b>-4,100</b>	<b>-4,500</b>
Ufordelt innsparingskrav næring		0,000	0,000	-3,600	-3,600	-4,000
Ufordelt innsparingskrav kultur		0,000	0,000	-0,500	-0,500	-0,500

	14-kr	15-kr	16-kr	16-kr	16-kr	16-kr
Programområde/tenestenivå	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
<b>Samferdsle</b>	<b>884,077</b>	<b>994,265</b>	<b>963,613</b>	<b>982,233</b>	<b>991,808</b>	<b>983,308</b>
<b>722 Fylkesvegar, miljø og trafikksikkerhetstiltak</b>	<b>404,182</b>	<b>498,756</b>	<b>465,447</b>	<b>494,788</b>	<b>519,708</b>	<b>506,110</b>
7220 Renter for vegforskoteringsar		3,000	1,750	1,750	0,000	0,000
7221 Driftsmidler overført til investering	65,750	49,658	11,845	14,000	14,000	11,100
7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehold (netto)	329,448	436,127	427,443	454,629	483,499	472,801
7223 Fylkesvegar - uforutsette hendinger		0,600	15,000	15,000	15,000	15,000
7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidler	1,002	1,200	1,200	1,200	1,200	1,200
7225 FTU - trafikksikkerhetstiltak i kommunane	4,623	5,000	5,000	5,000	2,800	2,800
7229 Fv., miljø og trafikksikkerhetstiltak - administrasjon	3,359	3,171	3,209	3,209	3,209	3,209
<b>730 Bilruter</b>	<b>255,419</b>	<b>263,869</b>	<b>264,029</b>	<b>238,896</b>	<b>231,688</b>	<b>230,022</b>
7300 Buss - kjøp av teneste	172,128	184,950	196,300	198,555	203,372	201,706
7301 Buss - skuleskyss undertransportørar/ div. grunnsk	33,716	32,500	23,030	6,441	0,000	0,000
7302 Buss - skuleskyss vidaregåande skule	24,700	21,000	15,300	3,633	0,500	0,500
7303 Ungdomstilbod	6,339	6,200	6,500	6,500	4,245	4,245
7306 Diverse kollektiv	10,276	10,120	12,316	13,184	12,988	12,988
7309 Bilruter - administrasjon	8,260	9,099	10,583	10,583	10,583	10,583
<b>731 Fylkesvegferjer</b>	<b>96,227</b>	<b>106,962</b>	<b>115,963</b>	<b>130,865</b>	<b>127,140</b>	<b>136,061</b>
7310 Fylkes vegferjer	96,227	106,962	115,963	130,865	127,140	136,061
<b>732 Båtruter</b>	<b>119,083</b>	<b>116,069</b>	<b>107,875</b>	<b>106,699</b>	<b>102,287</b>	<b>100,130</b>
7321 Båt - skuleskyss/vegause grender	5,510	5,216	5,431	5,431	5,431	5,431
7322 Båt - ekspress- og lokalruter	106,715	104,212	95,930	94,754	90,342	88,185
7323 Båt - diverse	5,123	4,960	5,000	5,000	5,000	5,000
7329 Båtruter - administrasjon	1,735	1,681	1,514	1,514	1,514	1,514
<b>733 Tilrettelagd transport</b>	<b>9,166</b>	<b>8,609</b>	<b>10,299</b>	<b>10,985</b>	<b>10,985</b>	<b>10,985</b>
7331 Tilrettelagd transport	9,166	8,609	10,299	10,985	10,985	10,985
<b>Ufordelte postar/innsparingskrav</b>		<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>
<b>NETTO SEKTORRAMMER *)</b>	<b>2 078,705</b>	<b>2 217,812</b>	<b>2 221,076</b>	<b>2 208,853</b>	<b>2 173,079</b>	<b>2 129,645</b>
Ufordelte fellespostar		0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
<b>BALANSE</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>

Sektor	Rekneskap 2014		
	Brutto utgift	Sektor inntekt	Netto utgifter
Forvaltning	159 641	-39 610	120 031
Opplæring	1 015 723	-201 272	814 451
Tannhelse	114 064	-30 465	83 599
Plan og næring	295 579	-183 720	111 859
Kultur	219 273	-145 039	74 234
Samferdsle	1 084 350	-200 273	884 077
<b>SUM</b>	<b>2 888 630</b>	<b>-800 379</b>	<b>2 088 251</b>

## 4.2 INVESTERINGSPROGRAM FYLKESVEG

### SKREDSIKRING

Investerings- og finansieringsprogrammet til skredsikring i økonomiplanperioden er spesifisert slik:

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr)	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Fv. 55 Gullringen	121,400	60,400	61,000		
Fv. 337 Bjødnebakken	108,900	92,400	16,500		
Fv. 722 Flovegen (prosjektering)	2,000	2,000			
Fv. 242 Skjerdalsberget	5,000	5,000			
Mindre skredsikringstiltak - utfordelt	35,000	5,000	10,000	10,000	10,000
Til disposisjon	150,000		150,000		
<b>SUM INVESTERING</b>	<b>422,300</b>	<b>164,800</b>	<b>237,500</b>	<b>10,000</b>	<b>10,000</b>

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Mva-kompensasjon	56,800	19,500	33,500	1,900	1,900
Statleg tilskot	365,500	145,300	204,000	8,100	8,100
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>422,300</b>	<b>164,800</b>	<b>237,500</b>	<b>10,000</b>	<b>10,000</b>

Det er lagt opp til samla investeringar på 422,3 mill. kr i økonomiplanperioden 2016-19. Det er lagt opp til at investeringane vert fullfinasert av statlege midlar og mva. kompensasjon.

Det er staten sin handlingsplan for rassikring i perioden 2014-2017 som legg rammer for det statlege tilskotet. Ut frå tildelt ramme i perioden har vi framleis til disposisjon 150 mill. kr. Dette beløpet er lagt inn i 2017. Løyvinga til rassikring frå 2018 vil først vere kjent når ny handlingsplan for perioden 2018-2021 vert lagt fram.

**FYLKESVEGAR EKSL. SKREDSIKRING**

Investerings- og finansieringsprogrammet for fylkesvegnettet ekskl. skredsikring er i økonomiplanperioden spesifisert i følgjande tabell:

<b>INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr)</b>	<b>SUM I PERIODEN</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
<b>Store prosjekt</b>	<b>456,600</b>	<b>179,700</b>	<b>143,800</b>	<b>106,100</b>	<b>27,000</b>
Fv. 60 Olden - Innvik, parsell Ugla- Skarstein	360,500	174,600	143,800	42,100	
Avviksfond Ugla - Skarstein	37,000			37,000	
Førdepakken	54,000			27,000	27,000
Fv. 609 Dalsfjordsambandet (slutføring)	5,100	5,100			
<b>Mindre utbetringar</b>	<b>74,600</b>	<b>24,400</b>	<b>43,600</b>	<b>3,300</b>	<b>3,300</b>
Fv. 243 Aurland-Stegastein (ref. forskottering)	4,000	4,000			
Fv. 31 Daløy ferejekai - utbetring	21,000	15,400	5,600		
Fv. 53 Ny brøytestasjon Holsbru	3,300			3,300	
Fv. 50 Ny brøytestasjon	3,300				3,300
Ufordelt - mindre utbetringar	43,000	5,000	38,000		
<b>Gang- og sykkelveg</b>	<b>5,200</b>	<b>1,300</b>	<b>1,300</b>	<b>1,300</b>	<b>1,300</b>
Fv. 546 Brandsøyvegen	5,200	1,300	1,300	1,300	1,300
<b>Trafikktryggingstiltak</b>	<b>32,800</b>	<b>8,200</b>	<b>8,200</b>	<b>8,200</b>	<b>8,200</b>
<b>Planlegging og prosjektering</b>	<b>3,900</b>	<b>1,500</b>	<b>0,800</b>	<b>0,800</b>	<b>0,800</b>
<b>Avslutning av diverse prosjekt</b>	<b>2,100</b>	<b>2,100</b>			
<b>SUM INVESTERING</b>	<b>575,200</b>	<b>217,200</b>	<b>197,700</b>	<b>119,700</b>	<b>40,600</b>

<b>FINANSIERINGPROGRAM</b>	<b>SUM I PERIODEN</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Mva-kompensasjon	91,055	37,755	35,200	15,600	2,500
Driftsmidlar	50,945	11,845	14,000	14,000	11,100
Div ubundne fond	43,800	21,900	21,900		
Lånemidlar	335,400	145,700	126,600	63,100	
Førdepakken (lånemidlar)	54,000			27,000	27,000
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>575,200</b>	<b>217,200</b>	<b>197,700</b>	<b>119,700</b>	<b>40,600</b>

Det er lagt opp til samla investeringar på 575,2 mill. kr i økonomiplanperioden 2016-19. Gjennomføring av investeringsprogrammet inneber tilsaman 389,4 mill. kr i nye låneopptak.

Når det gjeld Førdepakken er er det enno for tidleg å innarbeide dei fylkeskommunale investeringane i økonomiplanperioden. Desse investeringane er føreset med bompengar,

mva-kompensasjon og lån. Fylkeskommunen sin delfinansiering av Førdepakken, 162 mill. 2016-kr, er føresettt fordelt med 27,0 mill. kr årleg frå 2018 til 2023.

#### 4.3 INVESTERINGSPROGRAM BYGG

Investerings- og finansieringsprogrammet for bygg i økonomiplanperioden er spesifisert i følgjande tabell:

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr)	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
<b>Forvaltning</b>	<b>45,600</b>	<b>11,400</b>	<b>11,400</b>	<b>11,400</b>	<b>11,400</b>
IT001 IKT-investeringar	16,000	4,000	4,000	4,000	4,000
O2M01 "Miljøprosjekt" - ufordelt	21,600	5,400	5,400	5,400	5,400
EK001 Eigenkapitalinnskot KLP	8,000	2,000	2,000	2,000	2,000
<b>Opplæring</b>	<b>438,831</b>	<b>198,871</b>	<b>113,900</b>	<b>67,960</b>	<b>58,100</b>
OR200 Ombygging/rehabilitering/Sikring/Brann	79,000	20,000	19,000	20,000	20,000
IU200 Utstyr	52,000	13,000	13,000	13,000	13,000
PC002 PC-ordninga	25,820	6,620	6,400	6,400	6,400
NY001 Konsekvensar av skulebruksplanen - ufordelt	105,331	36,031	28,200	22,400	18,700
NY232 Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1,270	1,270			
NY224 Sogndal vgs - byggesteg II	144,785	96,950	41,675	6,160	
NY226 - SJH - ekstraordinært vedlikehald	30,625	25,000	5,625		
<b>Tannhelse</b>	<b>16,000</b>	<b>4,000</b>	<b>4,000</b>	<b>4,000</b>	<b>4,000</b>
TA300 Oppgradering av tannklinikkar	16,000	4,000	4,000	4,000	4,000
<b>Samferdsle</b>	<b>14,100</b>	<b>9,400</b>	<b>4,700</b>		
SA001 Elektronisk billettering	14,100	9,400	4,700		
<b>Kultur</b>	<b>60,900</b>	<b>3,400</b>		<b>20,000</b>	<b>37,500</b>
KU002 Fellesmagasin for musea	60,900	3,400		20,000	37,500
<b>SUM INVESTERING</b>	<b>575,431</b>	<b>227,071</b>	<b>134,000</b>	<b>103,360</b>	<b>111,000</b>

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Mva-kompensasjon	113,311	44,851	26,400	20,260	21,800
Driftsmidler	19,800	6,300	4,500	4,500	4,500
Aktivitetsfond investeringar	2,720	2,720			
Div ubundne fond	7,200		7,200		
Andre tilskot	16,600	7,900	2,900	2,900	2,900
Lånemidler	415,800	165,300	93,000	75,700	81,800
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>575,431</b>	<b>227,071</b>	<b>134,000</b>	<b>103,360</b>	<b>111,000</b>

Det er lagt opp til samla investeringar på 575,4 mill. kr i økonomiplanperioden 2016-19. Gjennomføring av investeringsprogrammet inneberer tilsaman 415,8 mill. kr i nye låneoptak.

Det er egne prosjektmatar av investeringsprosjekta som har løyving i budsjett/ økonomiplanperioden i kap 12.

## 5. FELLESINNTEKTER OG -UTGIFTER

Som fellesinntekter og -utgifter reknar ein alle inntekter og utgifter som ikkje er budsjetterte på sektornivå.

Fellesinntektene skal finansiere fylkeskommunen sine egne driftsutgifter på sektornivå (netto driftsutgifter), renteutgifter, avdragsutgifter, avsetning til fond og underskotsinndekning (fellesutgifter).

Alle tal i planperioden (16-19) er i faste 2016-kroner. Der det er teke med tal frå tidlegare år er desse i løpande kroner.

### 5.1 SKATT OG RAMMETILSKOT

I dette avsnittet vert det gjort kort greie for opplegget for 2016 samanlikna med tidlegare år. Fylkeskommunane fekk nytt inntektssystem frå 2015. Som følgje av det nye inntektssystemet fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune redusert sine overføringer frå staten med 278,8 mill. kr.

#### SKATT OG RAMMETILSKOT

Grunnlaget for fylkeskommunane sine frie inntekter er Stortinget sitt rammevedtak i statsbudsjettet. Dette er delt i to deler – skatt på inntekt og formue og overføringer gjennom inntektssystemet (rammetilskot).

For Sogn og Fjordane fylkeskommune inneheld økonomiplanen slike frie inntekter:

Mill. kr	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Fylkesskatt og inntektsutj	583,8	600,0	630,0	625,0	620,0	615,0
Rammetilskot	1 528,7	1 696,4	1 681,1	1 607,1	1560,1	1 514,0
Opptrapping av tapskompensasjon				22,5	45,0	67,5
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>2 112,5</b>	<b>2 296,4</b>	<b>2 311,1</b>	<b>2 254,6</b>	<b>2 225,1</b>	<b>2,196,5</b>

\*I 2014 og 2015 er tildelt skjønstilskot inkludert i rammetilskotet

Det er budsjettert med 2 311,1 mill. kr i samla frie inntekter for 2016. Av dette utgjer fylkesskatt m/inntektsutjamning 630,0 mill. kr og rammetilskotet 1 681,1 mill. kr.

Fylkesskatten vert berekna med grunnlag i folketalet 1. januar i budsjettåret. Per 1. januar 2016 er folketalet stipulert til 109.600 i Sogn og Fjordane og til 5.230.000 i landet. Nytt skatteanslag i statsbudsjettet gjev grunnlag for å auke vår skatteprognose til samla 630 mill. kr. Dette utgjer ein nominell auke frå budsjettert nivå i 2015 på 5,0 %.

#### INNTAKSSYSTEM FOR 2016

Inntektssystemet består av tre hovudkomponentar:

- Inntektsutjamning
- Innbyggartilskot og utgiftsutjamning
- Overgangsordning

#### Inntektsutjamning

Føremålet med inntektsutjamninga er å utjamne skilnader i fylkeskommunane sin skatteinngang. Utjamningsgraden er sett til 87,5 %.

Innbyggartilskot og utgiftsutjamning

*Innbyggartilskotet* er ein lik sum per innbyggjar. Summen av tilskotet vert berekna ut frå folketalet i kvart fylke. Innbyggartilskotet for 2016 er sett til 5 528 kr per innbyggjar. For Sogn og Fjordane vert innbyggartilskotet då 605 mill.kr.

Utgiftsutjamninga er ei omfordelingsordning der midlar vert omfordelt frå fylkeskommunar med lågt berekna utgiftsbehov til fylkeskommunar med høgt berekna utgiftsbehov. Målet er at fylkeskommunane skal settast i stand til å yte likeverdige tilbod til innbyggjarane. Utgiftsbehovet vert berekna ut ifrå ein kostnadsnøkkel, samansett av delkostnadsnøklar for samferdsle, vidaregåande opplæring og tannhelse.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt utgiftsbehov er etter det nye inntektssystemet berekna til å vere om lag 49,7 % høgare enn landsgjennomsnittet. Dette er ein reduksjon frå 2015 der utgiftsbehovet vårt var berekna til 51,3 % over landsgjennomsnittet.

Inkludert i rammetilskotet er saker med ei *særskilt fordeling*. Dei siste åra har vi hatt store overføringer i høve samferdsleområdet knytt til forvaltningsreforma. Nokre av sakene er fasa ut, mens andre er tekne inn i utgiftsutjamninga. For 2016 får vi ei samla overføring på 256,7 mill. kr knytt til saker med særskilt fordeling. Dette gjeld midlar til tunnelvedlikehald, opprusting og fornyinga av fylkesvegane, ferjeavløysingsmidlar, tilskot til fagskulen og tapskompensasjonen for endringar i inntektssystemet.

Skjønsmessige tilskot

Det skjønsmessige tilskotet i 2016 er på 29,1 mill.kr. – 2,5 mill.kr. meir enn 2015

Nye berekningar

Det er i 2016 gjort nye berekningar av omfordelingseffektane av det nye inntektssystemet som blei innført i 2015. Innføring av ferjeavløysingsordninga gjev endringar i omfordelingseffektane, overgangsordninga og tapskompensasjonen er difor berekna pånytt. I tillegg er tapskompensasjonen oppjustert med deflatoren (2,7%) for 2016.

I statsbudsjett er tapskompensasjonen ikkje opptrappa slik vår økonomiplan har lagt til grunn. Tapskompensasjonen er vidareført på 2015 – nivå justert for prisstigning, medan overgangsordninga gjev ein kompensasjon på 3/5 –deler.

Samla rammetilskot for 2016 kan oppsummerast slik:

	<b>Mill.kr</b>
Innbyggartilskot utan utgiftsutjamning	605,006
Utgiftsutjamning	615,871
Saker med særskilt fordeling	201,461
Overgangsordning inkl. kompensasjon	229,674
Skjønntilskot	29,100
<b>Sum rammetilskot 2016</b>	<b>1 681,112</b>

**PLANPERIODEN 2017-19**

Det er lagt til grunn ei mindre nedjustering av skattenivået for åra 2017-19. Det er føresett at folketalet i fylket aukar mindre enn auken i folketalet for landet. Årleg reduksjon frå 2017er på 5 mill. kr akkumulert til 15 mill. kr i 2019.

Inntektsreduksjonen i rammetilskotet i åra 2017-2019 er i samsvar med verknadane av nytt inntektssystem. Inntektene vert redusert årleg med 58,1 mill. kr. Dette beløpet vert akkumulert årleg fram til full verknad av inntektssystemet i 2019. I tillegg er det gjort vurderingar på utviklinga innanfor sentrale utgiftskriteria, basert på framskrivingar frå SSB. Vår relative nedgang i høve landet på folketal- og elevtalskriteria er innarbeidd i prognosane for planperioden.

Vi har lagt inn auka tapskompensasjon med 22,5 mil.kr. årleg frå 2017 auka til 67,5 mill kr. i 2019.



## 5.2 ANDRE STATSTILSKOT

### REGIONALE UTVIKLINGSMIDLAR FRÅ KMD

Tilskotet frå KMD til regionale utviklingsmidlar er budsjettert med 70,9 mill. kr i 2016. Dette er ein reduksjon på 2,8 mill. kr i høve 2015. KMD-midlane er fullt ut nytta til finansiering av aktivitetar.

Endeleg fordeling av KMD-midlane vil ikkje vere kjent før i januar 2016.

## 5.3 LOKALE INNTEKTER

Lokale inntekter omfattar utbytte frå Fjord1/F1 Holding AS og SFE samt sal av konsesjonskraft. Det er lagt opp til å avgrense bruk av dei lokale inntektene til ordinære driftsføremål til 65 mill. kr for 2016 og 60 mill. kr årleg for åra 2017-2019. Vidare er noko av dei lokale inntektene nytta til ekstraordinære nedbetaling av gjeld.

Det budsjetterte nivået på lokale inntekter vert fastsett med grunnlag i prognosar per 2. tertial året før første budsjettår. Dette gjev følgjande samanheng mellom prognosar på lokale inntekter (pr. september 2015) og bruk til driftsføremål/ekstraordinære avdrag lånegjeld:

Lokale inntekter	2016	2017	2018	2019
Sum prognostiserte lokale inntekter	90,8	107,0	131,2	139,1
Disponert til driftsføremål	65,0	60,0	60,0	60,0
Avsett ekstraordinært avdrag	8,8	42,4	67,9	75,8
<b>Bruk/avsett til bufferfond</b>	<b>17,0</b>	<b>4,6</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>

Prognosane på lokale inntekter tek utgangspunkt i følgjande element:

- Vedteken risikostrategi for omsetjing av konsesjonskraft.
- Utbytte frå F1-Holding første år i planperioden vert sett lik realisert utbytte frå Fjord1 året før – resten av åra vert prognostisert utbytte lagt til grunn.
- Utbytte frå SFE legg til grunn selskapet sitt langtidsbudsjett kombinert med gjeldande utbyttestrategi.

### BUFFERFONDET

«Handlingsreglar» for bufferfondet:

- Minimumsnivået på bufferfondet er sett til 70 mill. kr og skal vere ei sikring mot framtidige endringar i rammeføresetnader.
- Eventuelt overskytande kapital på bufferfondet første år i planperioden kan disponerast til tiltak i heile planperioden.
- Disponering av overskytande kapital på bufferfondet skal avsetjast til høvesvis aktivitetsfond - drift og aktivitetsfond - investeringar.

Det er lagt opp til ein aktiv bruk av bufferfondet for å fordele "overskot" i høve dei ordinære driftsrammene. Dette inneber i praksis at overskot i samband med rekneskap og tertialrapport er tilført fondet. I tillegg er lokale inntekter over «taket» på 65/60 mill. kr årleg til driftsføremål saldert mot fondet.

I budsjett 2013/økonomiplan 2013-2016 vart det vedteke at berre prognostisert «overskotskapital» første år i planperioden skal disponerast, men at beløpet kan nyttast til å finansiere tiltak i heile planperioden.

Nivået på lokale inntekter første år i planperioden er relativt sikkert. Med risikostrategien for omsetjing av konsesjonskraft og vedtak om å sette utbytte frå F1 Holding i planåret lik utbytte frå Fjord1 året før, vil dei lokale inntektene langt på veg vere kjende ved inngangen til budsjettåret. Det vil framleis knytte seg noko uvisse til utbytte frå SFE og den usikra delen av konsesjonskrafta, men dette vil vere mindre beløp og eventuelle avvik her kan takast omsyn til i påfølgjande budsjettprosessar.

Budsjettert utvikling på bufferfondet i planperioden:

<b>Bufferfond</b>	<b>Beløp</b>
<b>IB pr 1.1 2015</b>	<b>115,6</b>
<b>2015-transaksjonar</b>	
Lokale inntekter til driftføremål over 65/60 mill. kr	10,1
Saldering av budsjettert overskot 2015/16	6,3
FT-sak 5/15 - avsett til aktivitetsfond - utgreiingsarbeid regionreform	-0,5
FT-sak 11/15 - Avsett rekneskapoverskot 2014	43,5
FT-sak 25/15 - Auka utbytte	22,1
FT-sak 25/15 - Avsetting i T1/15	13,5
FT-sak 38/15 - Bruk av fondsmidlar (svikt i budsjettert konsesjonskraftinnt)	-1,8
<b>UB pr. 31.12.2015</b>	<b>208,9</b>
<b>B-2016</b>	
Budsjettert kapitaltilførsle i planperioden (2016-19)	28,2
Kapitaltilførsle som følgje av tilrådd sluttsaldering av framlegg til B/øpl.	112,3
Vedteke minimumsnivå på bufferfondet	-70,0
<b>Reservert i høve framtidige utfordringar i samband med omstillinga</b>	<b>279,4</b>

Tilgjengeleg overskotskapital på bufferfondet, 208,9 mill. kr i 2016, vert reservert i høve framtidige driftsutfordringar i samband med iverksetjing av langsiktige innsparingstiltak.

## AKTIVITETSFOND – DRIFT OG INVESTERINGAR

Summane til eingongstiltak fordeler seg slik:

Tiltak - investeringar	2016	2017	2018	2019
<b>IB pr 1.1</b>	<b>44,4</b>	<b>22,5</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>
<b>Kapitaltilførsle frå bufferfond</b>				
<b>Disposisjonar</b>				
<b>B-2011</b> Fylkesveginvesteringar				
<b>B-2012</b> Fylkesveginvesteringar Til investeringar bygg og anlegg, jf adok 5/11				
<b>B-2013</b> Til vidare arbeid Gulatinget og fellesmagasinet (adok 3/12) Bygginvesteringar				
<b>B-2014 - tilrådingar</b> Fylkesveginvesteringar	-21,9	-22,5		
<b>B-2015 - tilrådingar</b> FT-sak 48/14 SJH - planleggingsmidlar Auka statstilskot til SJH - avsett til vedlikehaldsprosjektet				
<b>UB pr. 31.12</b>	<b>22,5</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

Tiltak - driftsføremål	2016	2017	2018	2019
<b>IB pr 1.1</b>	<b>13,5</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>
<b>Kapitaltilførsle</b>				
<b>Disposisjonar</b>				
<b>B-2013</b> Delfinansiering av tilskot til Hafstad idrettspark	-1,0			
<b>B-2014 -tilrådingar</b> A-dok 2/13 - Kapitaluttak (lokale innt. til drift - 90 mill)	-18,2			
<b>B-2015 - tilrådingar</b> A-dok 3/14 Reduseret behov tilførsle til drift (65 mill til drift) A-dok 3/14 Reduseret behov tilførsle til drift (60 mill til drift) FT-sak 5/15 - FU-sak 2/15 - utgreiing av oppgåvefordeling	5,7			
<b>UB pr. 31.12</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

## 5.4 RENTER OG AVDRAG

### RENTEFØRESETNADER

Følgjande renteføresetnader er lagt til grunn i budsjett 2016/økonomiplan 2016-19:

	2016	2017	2018	2019
Lånerente	2,40 %	2,40 %	2,50 %	2,90 %
Innskotsrente/kompensasjonsordningar	1,90 %	1,90 %	2,00 %	2,40 %

Tabellen viser at rentesatsen på innskot og rentekompensasjonsordninga er budsjettert med eit nivå som er 0,5 %-poeng lågare enn lånerenta.

Endringar i marknadsrentene vil påverke både renteinntekter og -utgifter. I oppfølginga av budsjettet vert dette å sjå i samanheng. Eventuelle nettoendringar knytt til renter vert justert mot ekstraordinære avdrag , jf. budsjettreglementet pkt. 2.6.9.

### RENTEINTEKTER OG RENTEKOMPENSASJONSORDNINGAR

#### Renteinntekter:

Renteinntektene er avhengig av fylkeskommunen sin likviditet og rentenivået på innskot i året. Likviditeten vert påverka av fylkeskommunen sitt driftsresultat, fondsmidlar og kor mykje lånemidlar som til ei kvar tid står på konto. Renteinntektene vert berekna med grunnlag i forventa fylkeskommunal likviditet. For 2016-2019 er gjennomsnittleg bankinnskot sett til:

- 2016 – 850 mill. kr
- 2017 – 750 mill. kr
- 2018 – 650 mill. kr
- 2019 – 550 mill. kr

I budsjett/økonomiplanperioden er det teke omsyn til at ulike fond/tilskotsordningar har krav om å få tilført renteinntekter på unytta kapital. Dei fond/tilskotsordningar dette gjeld for er blant anna:

- KMD-midlane
- Midlar til INU og breiband (kap. 551 post 61)
- Den kulturelle skulesekken
- Kulturminnevern
- Marint verdiskapingsfond
- ENØK-fondet

#### Rentekompensasjon - investeringar i skuleanlegg:

I statsbudsjettet for 2002 vart det lagt inn ei finansieringsordning der kommunar og fylkeskommunar fekk kompensert renteutgifter knytt til investeringar i opplæringssektoren. Kommunar og fylkeskommunar fekk tildelt kvar sin del av ei totalramme på 15 mrd. kr. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del var på 85,4 mill. kr. I løpet av 2006 vart det sendt inn og godkjent prosjekt som dekker heile ramma.

I statsbudsjettet for 2009 vart det lagt inn ei ny rentekompensasjonsordning med same føremålet. Den nye ordninga har også ei samla investeringsramme på 15 mrd. kr. I løpet av 2009 vart det sendt inn og godkjent prosjekt som dekker heile ramma til fylkeskommunen. Ordningane vert forvalta av Husbanken som fastset nærare vilkår, utrekningsreglar og utbetalar kompensasjonen.

Dei første 5 åra er det føresett at låna er avdragsfrie og kompensasjonsgrunnlaget vert som følgje av dette uendra. Deretter vert kompensasjonsgrunnlaget redusert med 1/15-del årleg framover. Rentesatsane vert fastsett av Husbanken og er tilpassa marknadsrenta.

#### Rentekompensasjon for transporttiltak i fylkeskommunane:

I statsbudsjettet for 2010 vart det lagt inn ei rentekompensasjonsordning der fylkeskommunane fekk kompensert renteutgifter knytt til tiltak på fylkesvegnettet og kollektivtransporttiltak.

Intensjonen med ordninga var at rentekompensasjonen saman med løyvinga over rammetilskotet ville føra til auka aktivitet gjennom reduserte framtidige finanskostnader. Den årlege investeringsramma for landet vart auka frå 2-3 mrd kr i 2015. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin del av ramma er sett til 116,7 mill. kr.

I budsjett/økonomiplanperioden er det føresett rentekompensasjon utifrå storleiken på dei årlege investeringsrammene. Investeringsrammene som ligg til grunn for åra 2016-2018 legg opp til at vi tek ut maksimal rentekompensasjon i denne perioden.

Kompensasjonen utgjer renter berekna på grunnlag av serielån i Husbanken med 20 års løpetid, inklusiv 5 års avdragsfri periode, og med den til ein kvar tid gjeldande flytande rente. Vidare er det teke høgde for at det er ein halvårsverknad av rentekompensasjonen første året.

#### Renteinntekter/-kompensasjon samla:

Med dei renteføresetnadane som er lagt til grunn er renteinntekter og rentekompensasjon berekna som vist i tabellen nedanfor:

	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Renteinntekter	23,143	15,300	12,940	10,740	9,140	8,740
Rentekompensasjon for skulebygg	3,695	3,200	2,670	2,370	2,170	2,370
Rentekompensasjon for transporttiltak	15,645	15,400	15,610	16,710	18,510	22,810
<b>Sum</b>	<b>42,483</b>	<b>33,900</b>	<b>31,220</b>	<b>29,820</b>	<b>29,820</b>	<b>33,920</b>

#### KAPITALUTGIFTER

Budsjetterte kapitalutgifter omfattar både rente- og avdragsutgifter, samt avsetning til ekstraordinær nedbetaling av gjeld.

Årlege avdrag er berekna ut frå ei avdragstid på 17 og 30 år for høvesvis bygg- og veginvesteringar. Renta er fastsett utifrå Norges Bank si forventa styringsrente ved inngangen av året + 1,4 %-poeng. I påslaget er det teke høgde for både den generelle marginen som bankane legg på i høve styringsrenta, og for «forsikringspremien» vi betalar knytt til lån med fast rente. Rentesatsen reflekterer såleis det forventa rentenivået på heile gjeldsporteføljen.

Ein del av dei lokale inntektene skal nyttast til ekstraordinær nedbetaling av gjeld, jf. pkt 5.3. I tillegg skal eit eventuelt «overskot» på renter og avdrag nyttast til nedbetaling av gjeld. Det er knytt stor uvisse til storleiken på den ekstraordinære nedbetalinga då den vert påverka av endringar i rentenivå og prognosar knytt til lokale inntekter.

Med desse føresetnadane er kapitalutgiftene berekna som vist i tabellen nedanfor:

	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Årlege renter og avdrag	173,316	189,979	158,500	167,500	165,200	181,800
Ekstraordinær nedbet. av gjeld			50,100	81,200	96,200	80,700
<b>Sum</b>	<b>173,316</b>	<b>189,979</b>	<b>208,600</b>	<b>248,700</b>	<b>261,400</b>	<b>262,500</b>

Ved budsjettoppfølging det enkelte år må det takast omsyn til fastsett avdragstid, kommunelova § 50 nr 7 som omhandlar avdrag, samt faktiske renteutgifter på låneporteføljen. I finansreglementet er det fastsett at minimum 1/3 av låneporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eit år), minimum 1/3 skal ha fast rente, medan 1/3 vert vurdert ut frå marknadssituasjonen. Ved låneopptak i 2016 og i forvaltninga av fylkeskommunen sin låneportefølje vert rentevilkår vurdert og tilpassa slik at bindingar er innafør rammene i finansreglementet. Ein status på dette vert gitt per tertial i rapporten på fylkeskommunen sin finansportefølje.

Med utgangspunkt i ei avdragstid på 17 år for investeringar på bygg og 30 år for veginvesteringar får vi følgjande estimat på utviklinga av lånegjelda i økonomiplanperioden:

	Lånegjeld 1.1	Nye lån	Avdrag	Lånegjeld 31.12
2016	2 093,6	311,0	98,0	2 306,7
2017	2 306,7	219,6	107,6	2 418,6
2018	2 418,6	165,8	111,9	2 472,5
2019	2 472,5	108,8	113,3	2 467,4

Tabellen viser at fylkeskommunen har ei lånegjeld på om lag 2,1 mrd. kr ved inngangen til 2016. Ved utgangen av økonomiplanperioden er lånegjelda estimert til nærare 2,5 mrd. kr.

I budsjett-/økonomiplanen er det lagt opp til ekstraordinær nedbetaling av gjeld på om lag 300 mill. kr i åra 2016-19. Den samla låneporteføljen vil ved utgangen av 2019 vere på om lag 2,2 mrd. kr viss den ekstraordinære nedbetalinga vert gjennomført som føresett.

## 5.5 DRIFTSMIDLAR TIL INVESTERING

Det er i budsjett-/økonomiplanperioden budsjetttert med overføring av driftsmidlar til investering med følgjande beløp:

	2016	2017	2018	2019
Driftsmidlar til investering	6,300	4,500	4,500	4,500

## 5.6 FOND – BRUK OG AVSETJING

For 2016 er det budsjetttert med ei avsetjing til diverse fond til driftsføremål med 68,1 mill. kr.

Fylkeskommunen har følgjande frie fond som det er eller kan vedtakast bruk av:

### Omstillingsfond

Omstillingsfondet vart oppretta i 2009. Midlane skal nyttast til omstillingsarbeidet i fylkeskommunen. Fylkesutvalet har fullmakt til å disponere midlane, jf. budsjettreglementet pkt. 2.3.3. I budsjettet for 2014 vart det budsjetttert med ein bruk av fondet på 3,0 mill. kr fordelt på åra 2014-2016. Disponible midlar på fondet pr. 31.12.15 er om lag 24 mill. kr.

### Bufferfond for lokale inntekter

Bufferfond for lokale inntekter er pr. 31.12.15 opparbeidd med 208,4 mill. kr. Pårekna avsetjing og bruk av fondet på aktivitetsfond for høvesvis drift og investeringar går fram i punkt 5.3.

### Kapital- og investeringsfond

Kapital- og investeringsfondet utgjer om lag 13 mill. kr. Midlane kan berre nyttast til investeringsføremål. Fondet vert i dag nytta til mindre salderingar av investeringsprosjekt.

### Pensjonsfond

I 2014 vart unytta midlar til pensjonsutgifter avsett til pensjonsfondet for å møte auka pensjonsutgifter i 2015. Det viste seg at det ikkje var naudsynt å nytte denne fondsavsetjinga som føresett i 2015. Disponible midlar på fondet pr. 31.12.15 er på om lag 12,4 mill. kr.

## 5.7 UFORDELTE FELLESPOSTAR

### LØNS- OG PRISVEKST

Statsbudsjettet føreset ein kommunal deflator på 2,7 %, med lik fordeling på løn, kjøp av varer/tenester og på investeringar. I tråd med desse føresetnadane er det nytta 55,624 mill. kr til naudsynt løns- og priskompensasjon i vårt budsjett (frå 2015-kr til 2016-kr).

#### Lønskompensasjon

Det er lagt til grunn 2,7 % i årslønsvekst etter kommunal deflator og dette vil utgjere om lag 26,388 mill. kr på vår lønnsmasse. Lønsoverhenget frå oppgjera i 2015 utgjer 7,051 mill. kr, og får heilårsverknad i budsjettet for 2016.

Det er avsett 19,3 mill. kr til å kompensere for verknaden av lønsoppgjera i 2016. Midlane vert fordelt når forhandlingane er avslutta.

#### Prisomrekning til 2016-kr

Budsjettet er samla kompensert med samla 29,236 mill. kr i prisomrekning til 2016-kr.

Ved prisjustering av sektornivået er det i utgangspunktet lagt til grunn 2,7 %, men for enkelte postar er det gjort særskilte vurderingar. Dette gjeld i hovudsak budsjettet til kollektiv, som er kompensert med faktisk prisauke med grunnlag i kontraktane med transportørane. Disse inneheld særskilte priskomponentar der mellom anna utviklinga i drivstoffprisar har stor vekt.

Kompensasjon av samferdelsebudsjettet utgjer om lag 19,2 mill. kr av kompensasjonen - knytt til prisvekst på drift og vedlikehald av fylkesvegane, ferjedrift og kollektiv. Budsjettet til opplæring inneheld mykje lønskostnadar som vert kompensert når lønsoppgjera er avslutta.

### PENSJONSPREMIE OG PENSJONSKOSTNADER

Etter forskrift skal fylkeskommunen rekneskapsføre pensjonsutgiftene ut frå føresetnader om diskonteringsrenter, avkastning, lønsvekst og G-regulering.

Differansen mellom det som vert betalt (likviditet) og det som vert rekneskapsført (kostnad etter forskrift), også kalla "premieavviket" skal overførast til seinare år. Fylkeskommunen har vedteke å rekneskapsføre heile premieavviket i påfølgande år.

Pensjonskostnadane er i hovudsak budsjettet på sektornivå med høvesvis 21,5 % og 14,15 % for tilsette meldt inn i Kommunal Landspensjonskasse og Statens pensjonskasse (SPK).

Dei siste åra har pensjonsutgiftene teke ein større del av driftsbudsjetta enn tidlegare. Det er no forventningar om at kostnadane vil ligge på eit meir stabilt nivå i åra framover.

## 6. POLITISK STYRING, PLAN OG FORVALTNING

Sektoren er delt i følgjande programområde med slike nettoløypingar:

Programområde	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
400 Politisk styring	20,473	23,996	41,397	42,777	42,582	43,213
410 Kontrollutval	3,970	4,153	4,289	4,239	4,239	4,239
420 Administrasjon	72,437	75,368	77,299	72,599	72,599	72,599
421 Forvaltn.utg i eigedomsforvaltninga	6,892	9,233	9,370	9,370	9,370	9,370
430 Administrasjonslokale	5,429	6,466	6,108	6,108	6,108	6,108
460 Tenester utanom ordinært fylkesk. ansvarsmr.	1,325	1,125	0,675	0,675	0,525	0,525
480 Diverse fellesutgifter	9,505	15,417	11,403	7,528	7,528	6,528
Ufordelt innsparingstiltak forvaltning	0,000	0,000	0,000	-0,100	-0,100	-10,000
715 Lokal og regional utvikling	13,098	11,601	11,863	12,959	12,959	12,959
716 Friluftsliv, vassreg., forvaltn. av vilt/innlandsfisk	6,847	5,806	5,756	5,856	5,856	5,856
Ufordelt innsparingskrav plan	0,000	0,000	0,000	-1,200	-1,200	-1,200
<b>Sum</b>	<b>139,976</b>	<b>152,861</b>	<b>168,160</b>	<b>160,811</b>	<b>160,466</b>	<b>150,197</b>

### 6.1 BUDSJETTPROFIL

Sektoren politisk styring, plan og forvaltning har ikkje eige hovudutval. Fylkesutval/fylkesting vedtek endringar på program- og tenestenivå. Fullmaksstruktur på sektoren går fram av budsjettreglementet sitt kapittel 2.

Som følgje av ny politisk organisering i valperioden 2015-2019 er fagområdet plan av den tidlegare sektoren plan og næring flytta til sektoren politisk styring og forvaltning. Tilhøyrande programområde 715 og 716 er flytta til denne sektoren. Den utvida sektoren har fått namnet politisk styring, plan og forvaltning.

På kort sikt er profilen høvesvis stor reduksjon i utgifter til den politiske verksemda. På lengre sikt vil ein få ein relativ større reduksjon i administrasjonen. Når det er avklart kva oppgåveendringar som vert aktuelle på sektornivå, skal administrasjonen tilpassast til dei nye oppgåvene og dei økonomiske rammene.

I budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) var det budsjettert med kortsiktige innsparingstiltak i 2015 og 2016. Desse innsparingstiltaka vart på nytt vedteke og vidareført i FT-sak 26/15 økonomiplan 2016-2019. Sektoren har i tillegg eit ufordelt innsparingkrav på 1,3 mill. kr i 2017-2018 og på 11,2 mill. kr i 2019. Innsparingskravet er fordelt mellom plan og forvaltning.

Programområde 480, 715 og 716 er finansiert med regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og regionaldepartementet (KMD) samt eigne driftsmidlar. KMD-midlane er overførbare og eit eige regelverk og rapporteringssystem må følgjast. I tillegg kjem andre statlege ordningar innan blant anna friluftsliv og vassforvaltning. Desse er tekstleg omtalt.

Sektoren politisk styring, plan og forvaltning er ein sektor med mange ulike oppgåver og formål. Programområda er ulike, det er både driftsrelaterte og utviklingsorienterte programområder. Å konkretisere felles satsingsområde for sektoren samla vert såleis ikkje så føremålstenleg. Aktuelle mål og satsingsområde vert difor definert under omtalen av kvart programområde.

### 6.2 ÅRET 2016 – OMTALE AV PROGRAMOMRÅDE OG TENESTER

#### PROGRAMOMRÅDE 400 – POLITISK STYRING

Den nye politiske organiseringa, jf FT-sak 39/14, er no sett i verk. Budsjettet er tilpassa følgjande politisk organisering:

- Fylkestinget har 31 medlemar



- Fylkesutvalet har 9 medlemar
- 3 hovudutval med 7 medlemar kvar
- Fylkesordførar og varaordførar ikkje er medlem i noko hovudutval
- Leiar i hovudutval er ikkje medlem i fylkesutvalet
- Kontrollutval med 5 medlemar. Leiar og nesteleiar frå fylkestinget.

Det er lagt til grunn at den nye politiske organseringa gjev ei innsparing på 1 mill.kr. Innanfor denne ramma er det også midlar til opplæring av «nye» poltikarar etter valet i 2015.

Nettoløyvinga til programområdet er delt på tenestene slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
4000 Utgifter til fylkesting, utval og ordførar	14,541	14,801	13,858	13,858	13,858	13,858
4003 Partistønad	4,366	4,481	4,171	4,571	4,571	4,571
4004 Diverse råd og utval	1,214	1,739	1,156	1,804	1,156	1,804
4005 Til disposisjon for utvala	0,352	2,975	2,875	3,235	2,825	2,825
4009 Avsett til løns- og prisvekst		3,696	19,337	19,309	20,172	20,155
<b>Sum</b>	<b>20,473</b>	<b>27,692</b>	<b>41,397</b>	<b>42,777</b>	<b>42,582</b>	<b>43,213</b>

#### Teneste 4000 Utgifter til fylkestinget, utval og ordførar

Tenesta omfattar utgiftene til drift av sentrale organ som fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala. Frå 2016 er det tre hovudutval.

Det vert løyvd samla 13,858 mill. kr til dette føremålet i 2016 fordelt slik:

	2016
Fylkestinget, fylkesutvalet og fylkesordførar	11,158
Hovudutval for opplæring	0,900
Hovudutval for næring og kultur	0,900
Hovudutval for samferdsle	0,900
<b>SUM</b>	<b>13,858</b>

#### Teneste 4003 Partistønad

Tenesta omfattar fylkeskommunen sitt tilskot på 4,171 mill. kr til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar og gruppene i fylkestinget, jfr. fylkestingsak 29/06. Samanlikna med løyvinga i 2015 er løyvinga i 2016 redusert med 0,4 mill. kr. Dette er eit kortsiktig innsparingstiltak i 2016.

#### Teneste 4004 Diverse råd og utval

Tenesta har ei samla løyving på 1,156 mill. kr med slik fordeling:

	2016
Fylkesrådet for funksjonshemma	0,458
Fylkesråd for eldre	0,158
Vestlandsrådet	0,500
Kontingent rassikringsgruppa	0,040
<b>SUM</b>	<b>1,156</b>

Av løyvinga til Fylkesrådet for funksjonshemma er 0,300 mill. kr øyremerka som tilskot til Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO)

Løyvinga til Vestlandsrådet gjeld Sogn og Fjordane sin del av føresette driftsutgifter - kontingent-, jf. Vestlandsrådet sine vedtekter § 11 pkt. c. Vidare er 0,250 mill. kr inkludert i løyvinga for å finansiere Sogn og Fjordane sin del av stilling som sekretariatsleiar.

Løyvinga til nasjonale rassikringsgruppe er vår andel av kontingent/tilskot til nasjonal rassikringsgruppe. I 2016 er 8 fylkeskommunar medlem i rassikringsgruppa. For tida har Sogn og Fjordane fylkeskommune leiaren i gruppa og vi fører også rekneskapet.

#### Teneste 4005 Til disposisjon for utvala

Tenesta har ei løyving på 2,875 mill. kr i 2016. Fordeling mellom utvala er slik:

	2016
Fylkesutvalet til disposisjon	0,700
Hovudutval for opplæring	0,750
Hovudutval for næring og kultur	1,250
Hovudutval for samferdsle	0,175
<b>SUM</b>	<b>2,875</b>

Løyvinga totalt er redusert med 0,1 mill. kr i høve 2015 grunna tidsavgrensa løyving til EM i vektløfting i 2015/2016. Reduksjonen kjem på fylkesutvalet til disposisjon. Med omsyn til løyvinga på 1,250 mill.kr. til hovudutval næring og kultur kjem 1,075 mill.kr. frå løyving til tidlegare hovudutval for kultur og 0,175 mill.kr. frå løyving til hovudutval for plan og næring.

Av løyvinga «fylkesutvalet til disposisjon» er 0,5 mill. kr i 2016 til EM i vektløfting. Av løyvinga til hovudutvalet for opplæring er det øyremerka 0,75 mill. kr til styrking av toppidrettssatsinga i 2016.

#### Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst

Det er sett av 19,337 mill. kr til lønsforhandlingane i 2016. Denne «anslagsløyvinga» vert fordelt på sektornivå når resultatet av lønsoppgjera er kjende, jf. omtale i kap. 5.

#### **PROGRAMOMRÅDE 410 – KONTROLLUTVAL**

Nettoløyvinga til programområdet er:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
4100 Kontrollutvalet og revisjon	3,970	4,153	4,289	4,239	4,239	4,239
<b>Sum</b>	<b>3,970</b>	<b>4,153</b>	<b>4,289</b>	<b>4,239</b>	<b>4,239</b>	<b>4,239</b>

Etter forskrift om kontrollutval § 18 skal kontrollutvalet utarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i fylkeskommunen. Det vert elles vist til budsjettreglementet sitt kapittel 2.

Budsjett for kontrollorgana i 2016 er fordelt slik:

	2016
Kontrollutvalet	0,699
Sekretariat for kontrollutvalet	1,113
Kjøp av revisjonstenester	2,477
<b>SUM</b>	<b>4,289</b>

#### PROGRAMOMRÅDE 420 – ADMINISTRASJON

Nettoløyinga til programområde er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
4200 Administrasjon	40,052	41,643	42,342	37,642	37,642	37,642
4201 Personalretta tiltak	4,592	5,422	4,500	4,500	4,500	4,500
4204 Tillitsvalde og verneombod	3,058	3,072	3,794	3,794	3,794	3,794
4205 Interne støtteiningar	24,735	25,231	26,663	26,663	26,663	26,663
<b>Sum</b>	<b>72,437</b>	<b>75,368</b>	<b>77,299</b>	<b>72,599</b>	<b>72,599</b>	<b>72,599</b>

I økonomiplan 2016-2019 var det lagt inn innsparingstiltak på teneste 4201 på 2,4 mill. kr og på teneste 4204 på 0,3 mill. kr. Etter ei ny vurdering er innsparingskravet blitt fordelt noko annleis. Endringane gjeld teneste 4200, 4201 og 4204 og 4801. Innsparingstiltaka er vidareført samla med 2,7 mill. kr frå 2016.

#### Teneste 4200 Administrasjon

Denne tenesta omfattar løns- og driftsutgifter til avdelingar/stab i sentraladministrasjonen. Tenesta har ei samla løying på 42,342 mill.kr med slik fordeling:

	2016
Fylkesrådmannen sin stab	19,919
Driftstenesta	5,564
Opplæringsavdelinga	7,471
Kulturavdelinga	1,285
Samferdsleavdelinga	0,511
Informasjonsverksemd	0,558
Kontingentar	3,144
Fellesutgifter sentraladministrasjonen	2,990
Leigebilar	0,900
<b>SUM</b>	<b>42,342</b>

I høve 2015 er det lagt inn fylgjande endringar:

I budsjett 2014/økonomiplan 2014-17 vart det vedteke ein reduksjon på høvesvis 2, 4 og 7 mill. kr for åra 2015, 2016 og 2017 for heile sentraladministrasjonen. Dette vert løyst ved at 10 heile stillingar vert dregne inn frå og med 2015/2016.

I budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) vart i tillegg lagt inn ei innsparing på 1,5 mill. kr. i 2015 og 3,6 mill. kr i 2016. Dette vert løyst ved at ledige stillingar vert haldne vakante i sentraladministrasjonen. Når det endeleg er avklart kva oppgåveendringar som vert aktuelle på sektornivå, vert administrasjonen tilpassa til dei nye oppgåvene og dei nye økonomiske rammene.

Spesielle satsingar i administrasjonen:

Omstillingsprosjektet sfj 2019 - Det nye inntektssystemet gjev ein vesentleg rammereduksjon for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Omstillingsprosjektet sfj 2019 vart sett i gang hausten 2014 og har ei sentral rolle i omstillingsarbeidet til fylkeskommunen.

Bussanbod - I 2016 skal det tredje og siste anbudet i fylket tildelast med oppstart juni 2017. Det gjeld rutene i Indre Sogn.

Regional planlegging - Regional planstrategi vart vedteken av FT i oktober 2012 med tillegg i desember 2012. Hovudtyngda av regionalt planarbeid i 2016 vil ligge på arbeidet med Regional plan for kysten, revisjon av Regional plan for arealbruk og ny Regional planstrategi.

Andre satsingar i administrasjonen vert kommentert under dei einskilde fagområda nedanfor.

#### Kontingentar

Kontingentar med ei ramme på 3,144 mill. kr er fordelt til følgjande kontingentar:

	2016
Ordinær KS-kontingent	2,412
FOU-kontingent KS	0,482
Samarbeidande Kraftfylke	0,190
Diverse kontingentar	0,060
<b>SUM</b>	<b>3,144</b>

#### Fellesutgifter sentraladministrasjon

Fellesutgifter sentraladministrasjon har ei netto ramme på 2,99 mill. kr. Ramma skal mellom anna dekke utgifter til telefon, porto, kopiavtalar, datautgifter, kontorrekvisita, samt inventar og utstyr for heile sentraladministrasjonen.

#### Leigebilar

Leigebilar har ei ramme på 0,9 mill. kr. Ramma skal dekke leasing og drift av bilar på Fylkeshuset og Storehagen Atrium.

#### Teneste 4201 Personalretta tiltak

Tenesta har ei samla løyving på 4,5 mill. kr i 2016. Ramma skal dekke utgifter til sentrale opplærings- og utviklingstiltak inkl. tiltak innan helse, miljø og tryggleik, bedriftshelseteneste og traineeordning. Løyvinga er fordelt slik på dei 4 hovudområda:

	2016
Opplæring og utvikling	2,600
Bedriftshelseteneste	1,000
Trainee	0,900
<b>SUM</b>	<b>4,500</b>

#### Opplærings- og utviklingstiltak

Det er budsjettert med 2,6 mill. kr (netto) til opplærings- og utviklingsmidlar som felles sentral løyving. Dei viktigaste tiltaka er:

- OU-kontingent KS netto 0,800 mill.kr. (kontingent 1,200 mill. kr, til fråtrekk kjem eigenandel frå dei tilsette – 0,400 mill.kr)
- Rekruttering og stabilisering: 0,500 mill. kr
- Leiarutvikling: 0,400 mill. kr

- Kompetansekartlegging (KOS): 0,050 mill. kr
- Hospitering: 0,200 mill. kr
- Seniorar: 0,500 mill. kr
- Helse, miljø og tryggleik: 0,050 mill. kr

#### *Bedriftshelseteneste*

Det er budsjettert med 1,0 mill. kr knytt til bedriftshelsetenesta. Løyvinga er redusert med 0,434 mill. kr i høve 2015.

#### *Trainee*

Det er budsjettert 0,900 mill. kr til 2 traineestillingar.

#### Teneste 4204 Tillitsvalde og verneombod

Tenesta har ei ramme på 3,794 mill. kr. Ramma skal dekke løn og driftsutgifter til dei fylkeshovudtillitsvalde (ca. 4 årsverk) og fylkeshovudverneombod (60 % stilling) som er frikjøpt frå stillinga si i fylkeskommunen. Hovudavtalen for KS-område og fylkeskommunen sine tilpassingsavtaler til hovudavtalen med arbeidstakarorganisasjonane regulerer dette.

#### Teneste 4205 Interne støtteiningar

Tenesta har ei samla nettoløyving på 26,663 mill. kr i 2016 med slik fordeling:

	2016
IKT-tenesta	18,423
Løn- og rekneskapstenesta	6,529
Innkjøpstena	1,711
<b>SUM</b>	<b>26,663</b>

#### *IKT-tenesta*

Løyvinga er på netto 18,423 mill. kr. Ramma skal dekke løns- og driftsutgifter for IKT-tenesta, og felles fylkeskommunale IKT-utgifter som kommunikasjonsutgifter, felles programvare, nettverkkomponentar, felles IKT-utstyr og drift av desse. I tillegg skal ramma dekkje IKT-utgifter i sentraladministrasjonen.

Overordna føringar og strategiar:

Sogn og Fjordane fylkeskommune nyttar informasjonsteknologi som ein viktig basis for produksjon og støttefunksjon i heile den fylkeskommunale forvaltninga. IKT er eit viktig verktøy for å nå hovudmåla som er sett for fylkeskommunen. Målsettinga er å gje gode IKT-tenester, slik at fylkeskommunen kan nå desse måla. Samstundes skal tenesta vere ein pådrivar for utvikling innan IKT-området, både innan den fylkeskommunale forvaltninga og i fylket elles. I tillegg skal IKT-tenesta vere innovativ og tilby tenester til andre offentlege etatar og kommunar.

Viktige tiltak i 2016:

- Forbetre tryggleiksløysingane og forenkla tilgang til applikasjonar når ein jobbar utanfor det fylkeskommunale nettet
- Auke kapasiteten i datasenteret og på lagring og backup
- Utbetre og fornye nettverket på institusjonane og i det fylkeskommunale nettet
- Ta i bruk verktøy for systemovervaking og proaktiv drift
- Utvikle IKT-samarbeidet med kommunane og ikt-samarbeidet elles i fylket gjennom «IT-forum Sogn og Fjordane»

- Utvikle IKT-samarbeidet nasjonalt gjennom KS og KommIT som fylkeskommunen er medlem av.

#### Løn- og rekneskapstenesta

Løyvinga er på netto 6,529 mill kr i 2016. Ramma skal dekke løns- og driftsutgifter til denne tenesta. Inkludert i dette ligg kostnader med årlege lisensar og vedlikehald av løns- økonomi og personalsystemet VISMA, samt lisens til Sticos Oppslag kommune.

Overordna føringar og strategiar:

Kontinuerleg jobbe for at tenesta leverer gode tenester innan løn og rekneskap til rett tid og med rett ressursbruk. Eit viktig verkemiddel til dette er ein optimal bruk av Visma Enterprise.

Viktige tiltak i 2016:

- Fullføre omlegginga til elektroniske fakturaer (sleppe manuelt arbeid)
- Bistå innkjøpstjenesta i arbeidet med at e-handel vert teke i bruk i heile fylkeskommunen
- Ta i bruk modulen timeløn med fullelektronisk saksgang
- Ta i bruk modulen «personalmeldingar» med fullelektronisk sakshandsaming
- Ta i bruk ny reiserekningsmodul Visma Expenca
- Gjennomføre ein CM-analyse med mål om å effektivisera våre betalingsrutinar.
- Tettare oppfølging av ytre einingar – både ved bruk av fagsystem og ved oppdatering av regelverk

#### Innkjøpstjenesta

Løyvinga er på netto 1,711 mill. kr. Sal av tenester er budsjettert med 1,524 mill. kr. Ramma skal dekke løns- og driftsutgifter til innkjøpstjenesta. Tenesta har fagansvaret for:

- drift og utvikling av innkjøp
- felles elektronisk bestillingsløyving for fylkeskommunen (e-handel)
- samarbeidsordninga Sogn og Fjordane Felles Innkjøp (SFFI).

Gjennom SFFI tilbyr fylkeskommunen det offentlege forvaltningsapparatet i Sogn og Fjordane eit innkjøpssamarbeid mot godtgjersle. Pr. oktober 2015 er følgjande organ omfatta av innkjøpssamarbeidet: Fylkeskommunen, Fylkesmannen, 25 kommunar, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Energi AS, Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) og Helse Førde HF. Samarbeidet medfører at partane kan gjennomføra meir rasjonelle innkjøp.

Løyvinga dekkjer også fylkeskommunen sin del (30%) av prosjektstilling som arbeider med innføring og drift av e-handel saman med kommunane. Det er ein føresetnad at kommunane finansierer resten av stillinga. Dette er eit effektiviseringstiltak som etter kvart vil gi innsparingar ved innkjøp av varer og tenester.

Hovudoppgåva for tenesta er å:

- organisere innkjøpsordninga i fylkeskommunen
- inngå kjøps-/ rammeavtalar for varer og tenester på vegne av fylkeskommunen og SFFI
- gje faglege råd til fylkeskommunen sine einingar og samarbeidspartar i SFFI
- drive opplæring i innkjøp
- utvikle krav/mål og oppfølgingssystem for innkjøpsfunksjonen i fylkeskommunen
- innarbeide nasjonale reglar knytt til offentlege anskaffingar
- innarbeide EØS reglar knytt til offentlege anskaffingar

Overordna føringar og strategiar:

Gjeldande innkjøpstrategi for fylkeskommunen, jf. FT-sak 47/12.

Viktige tiltak i 2016:

- Gjennomføre planlagde konkurransar
- Arbeide vidare med å konkretisere og implementere vedteken innkjøpsstrategi

- Vurdere å lage ny innkjøpsstrategi
- Arbeide vidare med å innføre e-handel i fylkeskommunen og samarbeidskommunar.
- Arbeide vidare med å forbetre og kommunisere vedtekne planar, fastsette rutinar, prosedyrar og ansvar kring innkjøp i fylkeskommunen
- Anskaffe og innføre eit elektronisk konkurransegjennomføringsverktøy for betre kontroll og effektivisering av anskaffingsprosessen

#### PROGRAMOMRÅDE 421 - FORVALTNINGSUTGIFTER I EIGEDOMSFORVALTNINGA (LISA)

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
4210 Bygg og eigedomsforvaltning	5,912	7,401	7,423	7,423	7,423	7,423
4211 Bygg- og bilforsikring	1,852	2,139	2,197	2,197	2,197	2,197
4212 Utleigebygg	-0,872	-0,307	-0,250	-0,250	-0,250	-0,250
<b>Sum</b>	<b>6,892</b>	<b>9,233</b>	<b>9,370</b>	<b>9,370</b>	<b>9,370</b>	<b>9,370</b>

Bygge- og eigedomstenesta er leverandør av tenester knytt til eigarfunksjonen. Dette omfattar forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service samt skaffe naudsynete bygg og eigedommar til fylkeskommunen sine aktivitetar.

Overordna mål for den fylkeskommunale eigedomsforvaltninga er at verdien av eigedomsmassen ikkje skal forringast, eigedommane skal være tilpassa behovet brukarane har og ressursinnsatsen ved forvaltninga skal ikkje vere større enn det som må til for å nå desse primære målsettingane. I tillegg vil sentrale område som miljø/klima, energibruk og tilgjenge/universell utforming være viktige

#### Teneste 4210 Bygg og eigedomsforvaltning

Løyving er på netto 7,423 mill. kr i 2016. Tenesta har ansvar for/abeider med:

- arealtilpassingar som fylgje av vedteken skulebruksplan. For budsjettåret 2016 gjeld dette i hovudsak å følgje opp naudsynete investeringsprosjekt.
- I samband med nye bussanbod må det sikrast tilgang til areal for sentrale rutebilstasjonar.
- Forvaltning av areal knytt til tannhelsetenesta som i dag omfattar om lag 30 leigeavtalar. Tenesta følgjer opp desse med rullering, fornying samt planlegging og oppfølging av nye klinikkar.
- ulike oppgåver knytt til musea i fylket. Dette gjeld mellom anna rådgjeving, prosjektarbeid med nyinvesteringar og teknisk drift av kunstmuseet i Førde.

I tillegg kan tenesta disponere inntil 0,500 mill. kr av kapitalfondet til planlegging. Midlane skal nyttast til utgreiing av prosjekt som ikkje er komne så langt at dei er med i investeringsbudsjettet, eller til førebuande utgreiingar, skisser, takstar, tilstandsrapportar, anbodsmateriale mv.

Viktige tiltak i 2016:

- Gjennomføring av investeringsprosjekt, inklusiv vedtekne tiltak i skulebruksplan
- Vidareføre arbeidet med miljø- og energisparande tiltak
- Vidareføre arbeidet med tiltak knytt til universell utforming
- Følgje opp arbeidet med aktuelle utgreiingsprosjekt i Sfj 2019
- Kartlegge og vurdere nytt FDV system.
- Vurdering/ev sal av eigedomar

#### Teneste 4211 Bygg- og bilforsikring

Det er budsjettert med 2,197 mill. kr til bygg- og bilforsikringar.

Teneste 4212 Utleigebygg

Tenesta er budsjettert med ei nettoinntekt på kr 0,250 mill. kr. Dette er ein reduksjon på kr 0,057 mill. i høve tidlegare år, som følgje av planlagt sal av utleigebygg.

**PROGRAMOMRÅDE 430 – ADMINISTRASJONSLOKALE**

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
4300 Administrasjonslokale	5,429	6,466	6,108	6,108	6,108	6,108
<b>Sum</b>	<b>5,429</b>	<b>6,466</b>	<b>6,108</b>	<b>6,108</b>	<b>6,108</b>	<b>6,108</b>

Teneste 4300 Administrasjonslokale

Tenesteområdet har ei samla netto løyving på 6,108 mill kr i med slik fordeling:

	2016
Administrasjonsbygningar Leikanger	1,513
Administrasjonsbygningar Førde og Florø	4,595
<b>SUM</b>	<b>6,108</b>

Løyvinga skal dekke kostnader til drift og vedlikehald av fylkeshuset på Leikanger, leige av kontorlokale i Florø og leige av 3. og del av 4. etg. i Storehagen Atrium i Førde.

**PROGRAMOMRÅDE 460 TENESTER UTANOM ORDINÆRT FYLKESKOMMUNALT ANSVARSOMRÅDE**

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
4606 Diverse tilskot	1,325	1,125	0,675	0,675	0,525	0,525
<b>Sum</b>	<b>1,325</b>	<b>1,125</b>	<b>0,675</b>	<b>0,675</b>	<b>0,525</b>	<b>0,525</b>

Det er sett av 0,675 mill. kr til tilskot innanfor samferdsleområde, jf tekstleg omtale i kap 10.

Opplæringskontoret for offentleg sektor

Kontoret har ikkje direkte fylkeskommunal løyving. Utgiftene vert dekkja ved tilskot pr. lærling, medlemskontingent og overførde midlar.

**PROGRAMOMRÅDE 480 - DIVERSE FELLESUTGIFTER**

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
4800 Juridisk honorar	1,276	8,500	3,300	2,300	2,300	1,300
4801 Personalforsikringar	1,849	1,389	2,100	2,100	2,100	2,100
4802 Folkehelsearbeid	6,380	5,528	6,003	3,128	3,128	3,128
<b>Sum</b>	<b>9,505</b>	<b>15,417</b>	<b>11,403</b>	<b>7,528</b>	<b>7,528</b>	<b>6,528</b>

I økonomiplan 2016-2019 var det lagt inn innsparingstiltak på teneste 4201 på 2,4 mill. kr og på teneste 4204 på 0,3 mill. kr. Etter ei ny vurdering er innsparingskravet blitt fordelt noko annleis. Endringane gjeld teneste 4200, 4201 og 4204 og 4801. Innsparingstiltaka er vidareført samla med 2,7 mill. kr frå 2016.



Teneste 4800 Juridisk honorar og andre konsulentutgifter

Løyvinga er på 3,300 mill. kr i 2016. Midlane vert stilt til rådvelde for fylkesrådmannen til kjøp av slike tenester.

Teneste 4801 Personalforsikringar

Løyvinga til personalforsikring er 2,1 mill. kr. i 2016.

Teneste 4802 Folkehelsearbeid

Tenesteområdet har ei samla netto løyving på 6,003 mill. kr med slik fordeling:

	2016
Folkehelse – drift av partnerskapen	3,350
Satsingsområde og helseovervaking	1,175
Folkehelse – Administrasjon	1,458
<b>SUM</b>	<b>6,003</b>

Tenesta femner om lovpålagde oppgåver i høve folkehelselova med føresegner og fylkeskommunale satsingar. Hovudområda for arbeidet er knytt til partnerskapsarbeid og helseovervaking. Satsingsområda på området er:

- Trygge lokalsamfunn,
- Ernæring,
- Danseverkstadane,
- Fysisk aktivitet,
- Universell utforming
- Psykisk helse.

Førande for arbeidet i 2016 er Regional plan for folkehelse med tilhøyrande handlingsprogram, vedteken av fylkestinget i juni 2015.

**PROGRAMOMRÅDE 715 - LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING**

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7151 Regionalt plan og utviklingsarbeid	0,430	1,900	1,550	1,650	1,650	1,650
7152 Lokalt plan og utviklingsarbeid	7,234	4,318	3,820	4,916	4,916	4,916
7153 Fellesfunksjonar og støttefunksjonar		0,438	0,438	0,338	0,338	0,338
7157 Internasjonalt arbeid	0,471	0,660	0,660	0,660	0,660	0,660
7159 Lokal og regional utvikling - Administrasjon	4,963	4,285	5,395	5,395	5,395	5,395
<b>Sum</b>	<b>13,098</b>	<b>11,601</b>	<b>11,863</b>	<b>12,959</b>	<b>12,959</b>	<b>12,959</b>

Programområdet omfattar i hovudsak regional planlegging, lokale og regionale utviklingsprosjekt, samt bistand og uttalar i samband med kommunal og privat planlegging og utbyggingsverksemd. Fylkeskommunen sitt internasjonale arbeid, som ikkje er knytt opp til spesifikke prosjekt eller program, er også ein del av dette programområdet.

Satsingsområda for programområdet er:

- Regional planlegging
  - Styrke samanheng mellom regionalt og lokalt plan- og utviklingsarbeid

- Styrke dei regionale planleggingsarenaene for å betre samhandlinga
- Skape felles retning for utviklinga av fylket og utnytte fylkeskommunale verkemiddel for å bevege oss i ynskt retning
- Kommunane
  - Styrke kommunane i arbeidet med langsiktig strategisk samfunnsutvikling
- Organisasjonar/Regionale samfunnsbyggjande organisasjonar
  - Styrke organisasjonar si rolle i høve langsiktig strategisk utvikling
  - Bidra til å utvikle robuste samfunnsbyggjande organisasjonar i fylket

#### Tenestemråde 7151 – Regionalt plan og utviklingsarbeid

Løyvinga er på 1,550 mill. kr i 2016.

##### *Regionale planar*

Hovudkostnaden knytt til regionale planar vert dekkja innan det einkilde tenestemråde. Utgifter til ekstern bistand, samordning, utgreiingar m.m. knytt til alle planane, ligg inne i posten med 0,500 mill. kr. Det er ein føresetnad at desse midlane skal kunne nyttast av alle sektorar. Som del av regionalt planarbeid ligg og utgifter til vidareutvikling av Fylkesspegelen og anna analysearbeid som grunnlag både for regionalt og lokalt plan og utviklingsarbeid.

Hovudtyngda av regionalt planarbeid i 2016 vil ligge på arbeidet med Regional plan for kysten, revisjon av Regional plan for arealbruk og ny Regional planstrategi.

##### *Regionalt utviklingsarbeid*

Det vil i 2016 bli lagt vekt på å styrke arbeidet med tverrsektorielle utviklingsprosjekt og sikre at fylkeskommunen har ei framoverlent haldning til å skape effektar i fylke ut frå dei verkemidla og den rolla vi kan ha i den regionale partnerskapen.

Området vi vil prioritere utviklingsarbeid innafør er:

- utvikling av sterkare bu-, service- og arbeidsmarknadsområde
- utviklingsprosjekt for å konkretisere og handle innafør ramma av det grønne skifte
- utvikling av tenester der fylket har særlege kvalitetar og fortrinn.

Fylkeskommunen har ei rolle i å stimulere til prosjekt og systematisk utviklingsarbeid på tvers av kommune og regionrådsgrenser. Dette omfattar også prosjekt som kan gje kunnskap og forståing for arbeidsformer og utviklingsarbeid i kommunane, hjå næringslivet og frivillige organisasjonar. Døme på dette kan vere:

- Kartlegging av sjø og sjøbotn - som grunnlag for kommunale arealplanar i sjø
- Kunnskapsinnhenting som grunnlag for regionale og kommunale planstrategiar
- Tun+ - alternativ til konvensjonelle bygg gjennom auka bruk av tømmer som bind og ei moderne form for bufellesskap som legg til rette for sosialt samvære.

#### Tenestemråde 7152 – Lokalt plan og utviklingsarbeid

Tenestemrådet har ei samla netto løyving på 3,820 mill. kr med slik fordeling:

	2016
Tettstadutvikling	1,590
Regionvise utviklingsprogram	2,200
Idérike bygder	0,030
<b>SUM</b>	<b>3,820</b>

Tenesteområdet omhandlar både faste oppgåver knytt til plan- og utviklingsarbeid og program- og prosjektretta satsingar.

Samarbeidet med kommunane er eit prioritert område og vi legg vekt på å få til ei heilskapleg tilnærming og ein strategisk dialog med kommunane.

Det er ikkje eit skarpt skilje mellom utviklingsprosjekt og satsingane innafor tenesteområda 7151 og 7152.

#### *Lokal planlegging*

Lokal planlegging handlar om å rettleie kommunane i planlegging etter plan- og bygningslova. Viktige arenaer er Planforum, regionale plannettverk og plansamlingar.

Det er eit samarbeid med miljøvernavdelinga hos fylkesmannen om rettleiing og uttalar i samband med kommunal planlegging. For fylkeskommunen betyr det at vi nyttar mest ressursar på overordna kommunale planar (planstrategi, samfunnsdel og arealdel), og planar for sentrumsutvikling (særleg områdereguleringar).

#### *Utviklingsarbeid*

*Tettstadutvikling* - Tettstadane og utviklinga av dei, er ein viktig del av den regionale utviklinga i fylket. Fylkeskommunen legg til grunn at attraktive og miljøvennlige tettstader er viktige for identitet, trivsel, bulyst og virke. Det er sett av 1,590 mill. kr til tettstadutvikling i 2016.

*Regionvise utviklingsprogram* - Fylkeskommunen har utviklingsavtalar med dei ein skilde regionråda for å stimulere til felles satsingar og langsiktig utviklingsarbeid i regionen. Utviklingsavtalane skal og vere eit verkemiddel for å sikre gjennomføring av vedtekne regionale og kommunale strategiar. Det er sett av 2,200 mill. kr til regionvise utviklingsprogram i 2016.

*Idérike bygder* - Dette er ein pris som vert delt ut kvart år av fylkestinget, for å fremje bu- og tiltakslystlyst på ein nyskapande måte. Det er sett av 0,030 mill. kr til idérike bygder i 2016.

*Lokal samfunnsutvikling i kommunane* - Dette er ei statleg satsing som er avslutta, men det ligg att nokre restmidlar. Desse vert nytta til å finansiere einskildprosjekt som del av det regionale og lokale plan og utviklingsarbeidet, der desse er i tråd med tildelingane frå KMD. Dei statlege midlane var retta mot fylkeskommunane for å utvikle kunnskap og kapasitet for å være støttespelarar til kommunane i deira rolle som utviklingsaktørar

#### Tenesteområde 7153 – Fellesfunksjonar og støtrefunksjonar

Tenesteområdet har ei samla netto løyving på 0,438 mill. kr med slik fordeling:

	<b>2016</b>
GIS	0,138
Panda/analyse	0,100
Ungdomstiltak	0,200
Planlegging, stadutvikling, fornying	
<b>SUM</b>	<b>0,438</b>

Fylkeskommunen har etablert Fylkesspegelen, som ein samla stad for statistikk og analyse, for å styrke lokal og regional kunnskap i plan og utviklingsarbeid. Det er og gjennomført konkrete samarbeid med einskildkommunar for å styrke kunnskap om utviklarrolla til kommunane, og korleis fylkeskommunen best kan støtte dette utviklingsarbeidet. Alle tiltaka vi skal vidareføre er lagt inn i dei aktuelle tenesteområda. Dei store midla knytt til analyse og statistikk vert dekkja gjennom bruk av midlar frå tenesteområda 7151 og 7152.

*Geografisk informasjonssystem – GIS*

Fylkeskommunen nyttar GIS som støtte til arbeid med statistikk og analysar, m.a. til presentasjonar i fylkesspegelen og ved konkrete førespurnadar frå samarbeidspartane i fylket. GIS vert nytta til å illustrere og synleggjere relasjonar, mønster og trendar i form av kart, globusar, rapportar og diagram.

GIS blir brukt innafor alle fylkeskommunale sektorar og i samarbeid med kommunar og andre aktørar. Det er sett av 0,138 mill. kr til GIS i 2016.

*Panda/analyse*

Panda er eit analyse- og simuleringsverktøy til bruk i regional og kommunal planlegging. I 2016 vil arbeidet med regional planstrategi, kommunale planstrategiar og arbeidet med spesifikke regionale planar og utviklingsprosjekt bli prioritert. Fylkeskommunen er forplikta på ein årleg kostnad på om lag kr. 0,07 mill. kr til medlemskap i PANDA. Det er sett av 0,100 mill. kr til Panda/analyse i 2016.

*Ungdomstiltak*

Ungdom er ei viktig målgruppe for å få til aktiv medverknad i regionalt plan- og utviklingsarbeid. Det er sett av 0,200 mill. kr til ungdomstiltak i 2016 for å styrke ungdom si deltak.

Tenestemråde 7157 – Internasjonalt arbeid

Løyvinga er på 0,660 mill kr i 2016. Arbeidet vert styrt av *Internasjonal strategi 2014-2017*. Internasjonal strategi legg til grunn at det er dei overordna måla for fylkeskommunen som også skal vere førande for det internasjonale engasjementet. Dette legg mykje av ansvaret for aktiv internasjonal deltaking på dei ulike fagavdelingane. Oppgåvene knytt til internasjonalt arbeid på tenestemrådet er knytt til oppfølging av dei viktige formelle fora fylkeskommunen er engasjert i.

Teneste 7159 – Lokal og regional utvikling – administrasjon

Løyvinga på 5,395 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til programområde 715.

**PROGRAMOMRÅDE 716 - FRILUFTSLIV, VASSREG., FORVALTN. AV VILT/INNLANDSFISK**

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7163 Klima og miljø	1,578	1,900	1,450	1,550	1,550	1,550
7164 Friluft, natur og vassforvaltning	1,099	1,100	1,100	1,100	1,100	1,100
7169 Friluft, vassregion etc - administrasjon	4,170	2,806	3,206	3,206	3,206	3,206
<b>Sum</b>	<b>6,847</b>	<b>5,806</b>	<b>5,756</b>	<b>5,856</b>	<b>5,856</b>	<b>5,856</b>

Programområdet omfattar i hovudsak utviklingsarbeid innanfor klima og miljø, friluftsliv, forvaltning av vassressursane og forvaltning av haustbare, ikkje-truga artar av vilt og innlandsfisk.

Tenestemråde 7163 – Klima og miljø

Løyvinga er på 1,450 mill. kr i 2016.

*Utviklingsarbeid klima*

Regional plan for klima og tilhøyrande handlingsprogram er førande for arbeidet. Handlingsprogrammet vart revidert hausten 2015 for å legge nye føringar utover i planperioden. Kjerneoppgåver innafor klima og miljø er å:

- 1) Redusere utslepp frå aktivitet i fylkeskommunal verksemd

- 2) Samarbeide om tiltak for utsleppsreduksjon og klimaomstilling med kommunar, frivillige lag og organisasjonar, og næringslivet i fylket
- 3) Styrke kunnskapsgrunnlag og forskning rundt utsleppsreduksjon og klimatilpassing på regionalt og lokalt nivå

Fylkeskommunen er ein aktør som kan påverke, både i vår rolle som samfunnsutviklar, men òg som arbeidsgjevar, utbygger, eigar av ulike selskap og innkjøpar av varer og tenester. I omstillinga til eit meir berekraftig samfunn er det difor strategisk viktig at fylkeskommunen brukar midlar på å redusere utslepp og miljøkostnadar frå eiga verksemd. Ein annan viktig strategi framover er å styrke det tverrfaglege klima- og miljørarbeidet, både internt i fylkeskommunen og med andre aktørar. I 2016 vil vi difor vidareutvikle samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar, næringslivet og kommunane. Mellom anna gjennom satsinga på samfunnsansvarleg næringsliv, hydrogensatsinga, avfall som ressurs og miljøvenlege bygg. I tillegg vil vi jobbe med å greie ut miljøvenlege teknologialternativ når det gjeld buss og ferje.

#### Tenesteområde 7164 – Friluftsliv, natur og vassforvaltning

Tenesteområdet har ei samla netto løyving på 1,100 mill. kr med slik fordeling:

	<b>2016</b>
Vilt- og fiskeforvaltning	0,200
Vassforvaltning	0,300
Friluftsliv	0,600
<b>SUM</b>	<b>1,100</b>

Innanfor fleire av desse satsingane administrerer fylkeskommunen statlege løyvingar. Deler av dei statlege midlane vert disponert til finansiering av fleirårige utviklingsavtalar med lag og organisasjonar. Utarbeiding og oppfølging av *Regional plan for fysisk aktivitet*, og *Regional plan for vassforvaltning* er knytt til tenesteområdet.

#### *Verdsarv, natur- og kulturparkar*

Fylkeskommunen er vertsfylke for eit verdsarvområde og med som stiftar av Nærøyfjorden Verdsarvpark. Fylkeskommunen har i dag ingen økonomisk forplikting på drift av stiftinga. For å styrke verdiskapinga med basis i natur og kultur, i større deler av fylket, er det sett i gang eit forprosjekt for å etablere ein regional natur og kulturpark i HAFS med Solund som prosjektansvarleg,. Det er ikkje sett av eigne midlar til å støtte arbeidet i verdsarvområdet, eller til drift natur- og kulturparkar i budsjettet.

#### *Vilt- og fiskeforvaltning*

Ein startegi for vilt- og fiskeforvaltning, vedteken i 2012, legg føringar for arbeidet. I tillegg kjem formelt forvaltningsansvar etter ulike lov- og forskriftsverk. Målet for arbeidet er at vilt- og fiskeressursane skal vere grunnlag for eit variert jakt- og fisketilbod og for utvikling av næringsverksemd. Fylkeskommunen jobbar etter tre strategiar for å fremje målet:

- Styrking av kunnskapsnivået, om vilt og innlandsfisk, i fylket.
- Betre organisering av vilt- og innlandsfiskeforvaltning på grunneigarsida.
- Utvikling av effektive forvaltningsmodellar for innlandsfisk og vilt.

Det er sett av 0,200 mill. kr i budsjettet for 2016.

#### *Vassforvaltning*

Fylkeskommunen er regionmyndigheit for vassregion Sogn og Fjordane, med ansvar for å utarbeide ein regional plan for vassforvaltning med eit tilhøyrande tiltaksprogram og handlingsprogram. Arbeidet er delvis finansiert med statlege midlar. Det er sett av 0,300 mill. kr i 2016 til vassforvaltning.

*Friluftsliv*

Regional plan for fysisk aktivitet 2014–2017 gjev retning for arbeidet. Midlane vert nytta til basisfinansiering av frivillige organisasjonar, gjennom utviklingsavtaler, og til gjennomføring av tiltak i regionale planar. Det er sett av 0,600 mill. kr til friluftsliv i 2016.

Teneste 7169 – Friluft, vassregion etc – administrasjon

Løyvinga på 3,206 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til programområde 716.

**6.3 ØKONOMIPLANPERIODEN 2017-19**

Programområde	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
400 Politisk styring	20,473	23,996	41,397	42,777	42,582	43,213
410 Kontrollutval	3,970	4,153	4,289	4,239	4,239	4,239
420 Administrasjon	72,437	75,368	77,299	72,599	72,599	72,599
421 Forvaltn. utg i egedomsforvaltninga	6,892	9,233	9,370	9,370	9,370	9,370
430 Administrasjonslokale	5,429	6,466	6,108	6,108	6,108	6,108
460 Tenester utanom ordinært fylkesk. ansvarsomr.	1,325	1,125	0,675	0,675	0,525	0,525
480 Diverse fellesutgifter	9,505	15,417	11,403	7,528	7,528	6,528
Ufordelt innsparingstiltak forvaltning	0,000	0,000	0,000	-0,100	-0,100	-10,000
715 Lokal og regional utvikling	13,098	11,601	11,863	12,959	12,959	12,959
716 Friluftsliv, vassreg., forvaltn. av vilt/innlandsfisk	6,847	5,806	5,756	5,856	5,856	5,856
Ufordelt innsparingskrav plan	0,000	0,000	0,000	-1,200	-1,200	-1,200
<b>Sum</b>	<b>139,976</b>	<b>153,165</b>	<b>168,160</b>	<b>160,811</b>	<b>160,466</b>	<b>150,197</b>

**POLITISK STYRING**Programområde 400, teneste 4000 Utgifter til fylkesting, utval og ordførar:

Reduksjonen i budsjettet på 1 mill. kr i 2016 - som følgje av reduksjon i talet på medlemmer i fylkestinget, fylkesutvalet og hovudutvala - er vidareført i økonomiplanen. Dersom det viser seg at at den nye politiske organiseringa fører til ytterlegare innsparingar vert det å ta stilling til i det komande budsjett/økonomiplanarbeidet.

Programområde 400, teneste 4003 Partistønad:

Løyvinga til dei politiske partia er teken ned med 0,4 mill. kr i 2016. Reduksjonen er ikkje vidareført i åra 2017-19.

Programområde 400, teneste 4005 Til disposisjon for utvala:

Det kortsiktige innsparingstiltaket knytt til disposisjon for utvala på 4 mill. kr i 2016 er vidareført som ei varig innsparing i økonomiplanen.

**FORVALTNING**Programområde 410, teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon:

Løyvinga til kontrollutvalet er teke ned med 0,5 mill. kr i 2016. Dette nedtaket vert redusert til 0,4 mill. kr i åra 2017-19.

Programområde 420, teneste 4200 Administrasjon:

Innsparinga knytt til stillingar i sentraladministrasjonen på 4 mill. kr i 2016 er auka til 7 mill. kr frå 2017.

Innsparinga på 3,6 mill. kr i 2016, knytt til at ledige stillingar som tilsvarar dette nivået vert haldne vakante, er vidareført i åra 2017-19. Når det er avklart i fylkestinget kva oppgåveendringar som vert aktuelle på sektornivå, skal det greiast ut korleis administrasjonen vert tilpassa til dei nye oppgåvene og dei nye økonomiske rammene.

I tillegg er det føresett reduksjon i sentraladministrasjonen som følgje av endra oppgåver på sektornivå med 1 stilling på kulturminnevern frå 2017 (0,7 mill. kr) og 0,5 stilling på næringsavdelinga frå 2019 (0,4 mill. kr).

Ramma til dei interne støtteiningane er redusert med netto 0,8 mill. kr frå 2015. Desse tiltaka er varig vidareført i økonomiplanen.

#### Programområde 421, teneste 4212 Utleigebygg:

Inntektsnivået er redusert varig med 0,3 mill. kr i økonomiplanen som følgje av sal av utleigebygg. Salsinntekta vert nytta til gjeldssanering når salet er realisert.

#### Programområde 480, teneste 4800 Juridisk honorar:

Den tidsavgrensa styrkinga på 2 mill. kr på denne posten vert redusert med 1 mill. kr i åra 2017 og 2018, og fasa ut frå 2019.

#### Resterande innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar

Utover dei konkretiserte innsparingstiltaka gjenstår det eit innsparingskrav 0,1 mill. kr i 2017 og 2018, og på 10 mill. kr årleg frå 2019. Dette kravet må sjåast i samanheng med dei ikkje ferdigstilte utgreiingane.

### **PLAN**

#### Programområde 480, teneste 4802 Folkehelsearbeid:

På teneste 4802 Folkehelse, er det lagt inn ei innsparing på 3,1 mill. kr i 2017.

#### Programområde 715, teneste 7153 Fellesfunksjonar og støttefunksjonar

For å finansiere 0,1 mill. kr til tenesteområde 7153 innanfor Panda/analyse i 2016, vart det omprioritert midlar frå teneste 7151 Regionale planar og utviklingsarbeid. Tilsvarande omprioritering er foreløpig ikkje lagt inn frå 2017.

#### Ufordelt innsparingskrav

Det er lagt inn eit ufordelt innsparingskrav frå 2017 på 1,2 mill. kr. Denne summen kjem som følgje av eit generelt innsparingskrav knytt til plan på 0,5 mill. kr. I tillegg må vi vere budd på å ta ned budsjettet ytterlegare med 0,7 mill. kr fordi grunna svikt i regionale utviklingsmidlar i 2016. Denne svikten vart midlertidig kompensert med bruk av fylkeskommunale driftsmidlar i 2016.

## 7. OPPLÆRING

Sektoren er delt i følgjande programområde – med slike nettoløyvingar:

Programområde	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
510 Skulelokale og internatbygningar	105,980	101,255	103,522	101,784	99,543	99,243
515 Fellesutg./støttefunksjonar VGS	59,303	62,593	66,495	63,395	60,744	60,744
520 Ped. leiing/fellesutg. og gjesteelevar	88,281	104,462	120,419	118,233	101,759	102,794
521-532 Utdanningsprogramma	344,770	337,852	331,951	313,695	306,194	306,194
554 Fagskule	22,006	23,867	24,329	24,329	24,329	24,329
559 Landsliner	3,278	4,734	4,955	4,955	4,955	4,955
561 Oppfølgingstenesta og pedagogisk psyk teneste	17,508	20,446	20,385	20,235	20,235	20,235
562 Tilpassa opplæring	63,666	69,567	70,203	70,203	70,203	70,203
570 Fagopplæring i arbeidslivet	86,055	94,199	99,533	99,533	99,533	99,533
581 Vaksenoppl. etter opplæringslova	5,616	5,075	5,706	5,706	5,706	5,706
590 Andre føremål	11,900	9,884	9,936	9,386	9,386	9,386
Ufordelt innsparingstiltak	0,000	0,000	0,000	0,000	-4,500	-29,500
800 Resultatoverføring	6,087	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
<b>Sum</b>	<b>814,450</b>	<b>833,934</b>	<b>857,434</b>	<b>831,454</b>	<b>798,087</b>	<b>773,822</b>

### 7.1 BUDSJETTPROFIL

Det vert vist til kapittel 2 i budsjettreglementet for fullmaktene til hovudutvalet for opplæring.

Fylkestinget vedtok i 2012 Mål og strategidokument for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012 – 2015 *God-betre-best!* Fylkesutvalet vedtok i sak 18/15 i at *God-betre-best!* vart forlenga med to år. Mål og strategidokumentet viser det overordna utviklingsarbeidet i opplæringssektoren, og danner bakgrunn for eit handlingsprogram. Fylkesutvalet vedtok vidare at det skal utarbeidast eit nytt handlingsprogram for vidaregåande opplæring for perioden 2016–2017.

Handlingsprogrammet skal vere basert på forlenga mål- og strategidokument, med tilpassing opp mot prioriterte område i målekartet for opplæringssektoren.

Dei kortsiktige innsparingstiltaka som vart vedtekne i budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) for åra 2015 og 2016 er vidareført i økonomiplan 2016-2019 som varige tiltak. Desse tiltaka er ikkje særskilt omtala. Omtalen av løyvingnivået er konsentrert om endringar i høve løyvingnivået i budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18).

For å tilpasse drifta til reduserte sektorrammer i økonomiplanperioden er løyvingane til oppfølgingstenesta, arbeidslivskontakt, drifta av dei vidaregåande skulane, gratis læremiddel og PC-ordninga reduserte. I tillegg er løyvinga til lærarressurs open skule, sektorintern utvikling og karriererettleiing (fylkeskommunal del) tekne bort.

Det er budsjettert med midlar til utvikling av nytt skuleadministrativt system, løyvinga til gjesteelevar er styrka som følgje av endra lokal forskrift om inntak og løyvinga til vaksenopplæring er styrka, finansiert ved omdisponering i sektoren.

Budsjettet for utdanningsprogramma er i 2016 kompensert for å finansiere ikkje iverksett gruppetalsreduksjon. Dette som følgje av endringar i elevtalsutviklinga i høve føresetnadene i skulebruksplanen.

Budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 er elles i hovudsak ei vidareføring av nivået i budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18).



## 7.2 ÅRET 2016 – OMTALE AV PROGRAMOMRÅDE OG TENESTER

### SEKTOREN SINE LØYVINGAR UNDER ANDRE PROGRAMOMRÅDE

#### Programområde 400 Politisk styring

På teneste 4005 Til disposisjon for utvala er det set av 0,750 mill. kr til hovudutval for opplæring. Løyvinga er disponert til spissa idrettstilbod i vidaregåande opplæring for potensielle toppidrettsutøvarar. Løyvinga er vidareført på same nivå som tidlegare.

### PROGRAMOMRÅDE 510 - SKULELOKALE OG INTERNATBYGNINGAR

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5100 Utgifter til lokale	65,091	59,222	61,031	59,593	57,652	57,652
5101 Vedlikehald og drift av skulebygg	40,889	42,033	42,491	42,191	41,891	41,591
<b>Sum</b>	<b>105,980</b>	<b>101,255</b>	<b>103,522</b>	<b>101,784</b>	<b>99,543</b>	<b>99,243</b>

#### Teneste 5100 Utgifter til lokale

Tenesta inneheld i hovudsak driftsmidlar knytt til husleige, avgifter og reinhald. Løyvinga vert ikkje påverka av endringar i opplæringstilbodet med mindre skulen sitt areal vert endra. Midlane vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev.

Samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2016 (17-18) vart den økonomiske ramma for tenesta, i samband med tertialrapport 2/15, redusert med 4,800 mill. kr etter endringar i leigeavtalar og forsering av innsparingar som følgje av skulebruksplanen. Reduksjonen er vidareført på same nivå i 2016.

Det er i 2016 sett av 6,200 mill. kr til leige av areal i Trivselshagen.

#### Teneste 5101 Vedlikehald og drift av skulebygg

Tenesta omfattar midlar til energi, driftsvedlikehald og dei tekniske driftsavdelingane.

Det er slike føringar for bruken av løyvinga:

Energi skulane	14,281 mill. kr
Vedlikehald og teknisk drift av skulebygg	13,848 mill. kr
Driftsavdeling Sogn, Sunnfjord og Nordfjord	14,362 mill. kr

Løyvinga til vedlikehald av skulebygg inneheld 3,000 mill. kr til uføresett vedlikehald/ investeringskostnadar for å dekke akutte tiltak (miljø, inneklima og andre tiltak). Løyvinga vert å sjå i samanheng med vedlikehaldskostnadane og justert etter korleis tiltaka vert klassifisert som vedlikehald eller nykostnad.

### PROGRAMOMRÅDE 515 - FELLESUTGIFTER OG STØTTEFUNKSJONAR KNYTT TIL VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5150 Forvaltning og fellesutgifter	48,142	49,376	49,951	49,683	49,521	49,521
5151 Fellesutgifter	7,807	9,518	12,838	10,006	7,517	7,517
5152 Eleveksamen	2,469	2,823	2,826	2,826	2,826	2,826
5153 Elev, lærling- og mobbeombod	0,885	0,876	0,880	0,880	0,880	0,880
<b>Sum</b>	<b>59,303</b>	<b>62,593</b>	<b>66,495</b>	<b>63,395</b>	<b>60,744</b>	<b>60,744</b>

Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter

Tenesta omfattar i hovudsak driftsmidlar til dei vidaregåande skulane m.a. knytt til kontorpersonale, miljøkoordinator og bibliotekar. Midlar til ekskursjonar, velferdstiltak, boksamlingar, service/driftsavtalar, ymse driftsutgifter etc. vert tildelt skulane etter fastlagde normer og satsar. Midlane vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev.

Samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2016 (17-18) vart ramma i tertialrapport 2/15 redusert med 1,400 mill kr som følgje av mindreforbruk og forsering av innsparingar knytt til skulebruksplanen. Reduksjonen er vidareført på same nivå i 2016.

Teneste 5151 Fellesutgifter

Tenesta omfattar midlar til drift og utvikling på følgjande område:

- fellesutgifter til skulane
- administrasjon inntak
- system- og informasjonskostnader
- tillitsvalde i opplæringssektoren
- kommunikasjonsutgifter IKT skulane

*Fellesutgifter til skulane* dekker utgifter med ulike fellesavtalar for skulane.

*Administrasjon inntak* inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

*System- og informasjonskostnader* gjeld kostnader ved fylkeskommunen sine datasystem og informasjonsarbeid knytt til inntak og formidling. Samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2016 (17-18) er løyvinga i 2016 auka med om lag 3,200 mill. kr, som følgje av innføring av nytt skuleadministrativt system (VISMA flyt skule).

*Tillitsvalde i opplæringssektoren* omfattar refusjon av utgifter knytt til tillitsvalddordninga i opplæringssektoren.

*Kommunikasjonsutgifter IKT* for skulane omfattar utgifter til internett og datalinjenettet mellom skulane i fylket.

Teneste 5152 Eleveksamen

Tenesta omfattar midlar til administrasjon og gjennomføring av eleveksamen.

*Administrasjon eleveksamen* inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

Teneste 5153 Elev-, lærling- og mobbeombod

Tenesta omfattar midlar til ordninga med elev-, lærling- og mobbeombod. Fylkesrådmannen har fullmakt til å disponere løyvinga.

**PROGRAMOMRÅDE 520 - PEDAGOGISK LEIING, PEDAGOGISKE FELLEUTGIFTER OG GJESTEELEVOPPGJER**

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5200 Pedagogisk leiing mv.	64,305	81,348	77,985	74,846	74,846	74,846
5201 Pedagogiske fellesutgifter	16,778	15,510	34,030	34,787	18,313	19,348
5202 Gjesteelvar	4,447	4,742	5,876	6,072	6,072	6,072
5203 PC-ordninga	2,751	2,862	2,528	2,528	2,528	2,528
<b>Sum</b>	<b>88,281</b>	<b>104,462</b>	<b>120,419</b>	<b>118,233</b>	<b>101,759</b>	<b>102,794</b>

Teneste 5200 Pedagogisk leining mv.

Tenesta inneheld driftsmidlar til skuleleining og andre kostnader som ikkje let seg knyte direkte til dei einiskilde utdanningsprogram. Midlane vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev.

Etter vedtak i økonomiplan 2014-2017, som konsekvens av redusert gruppetal og strukturendringane som følgje av skulebruksplanen, er løyvingnivået i 2016 redusert med om lag 5,100 mill. kr samanlikna med nivået i 2015.

For å tilpasse drifta til redusert sektorramme er den årlege løyvinga til arbeidslivskontakt på skulane frå hausten 2015 redusert med heilårsverknad på om lag 1,500 mill. kr. I tillegg fell den årlege løyvinga til open skule bort frå hausten 2016, med heilårsverknad på 0,700 mill. kr.

Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Tenesta omfattar midlar til drift og utvikling på følgjande område:

- administrasjon kvalitet og utvikling
- omstillingstiltak for pedagogisk personale
- seniortiltak
- organisasjon og personalutvikling
- rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale

*Administrasjon kvalitet og utvikling* inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

*Omstillingstiltak for pedagogisk personale* går i hovudsak med til å dekke lønsutgifter i overtalssituasjonar og andre utgifter knytt til omstilling.

Løyvinga til omstillingstiltak for pedagogisk personale er redusert med 5,500 mill. kr i høve løyvingnivået i økonomiplan 2016 (17-18), som følgje av omdisponering i sektoren.

*Seniortiltak* skal nyttast til retrettstillingar. Løyvinga kan sjåast i samanheng med løyvinga til omstillingsmidlar for pedagogisk personale i samband med oppfølging av skulebruksplanen.

*Organisasjons- og personalutvikling* for sektoren har i 2016 ei samla budsjettramme på 2,825 mill. kr. 1,600 mill. kr av desse er som tidlegare år fordelt i budsjettrammene til skulane. Dei resterande midlane er føresett nytta slik:

- folkehelsearbeidet ved skulane	0,200 mill. kr
- fagnettverk	0,200 mill. kr
- gjennomføring av årlege lærlingsamlingar	0,045 mill. kr
- oppfølging av vedteke handlingsprogram	0,780 mill. kr

For å tilpasse drifta til redusert sektorramme er løyvinga til sektorintern utvikling frå 2015 teken bort som ei varig ordning.

*Rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale* inneheld midlar til oppfølging av vedteken plan for kompetanseutvikling for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane.

Realisering av kompetanseutviklingstiltak må også vurderast opp mot løyvinga til felles opplærings- og utviklingstiltak i fylkeskommunen (programområde 420 Administrasjon, teneste 4201 Personalretta tiltak).

Det vert årleg utarbeidd plan for kompetanseutvikling der ulike satsingsområde vert prioriterte både når det gjeld etter- og vidareutdanning. I denne prosessen vert skulane sine behov høyrde, og ein tek høgde for nasjonale satsingar.

Teneste 5202 Gjesteelevar

Tenesta omfattar kjøp og sal av elevplassar. I samband med tertialrapport 2/15 vart ramma for gjesteelevar redusert med 0,500 mill. kr som følgje av at færre elevar nyttar seg av Hordalandsavtalen. Endringa er vidareført i økonomiplanperioden.

Løyvinga er frå 2016 auka med 1,000 mill. kr som følgje av endra lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

5203 PC- ordninga

Tenesta inneheld midlar til ordninga med berbare datamaskiner for elevar. For å tilpasse drifta til redusert sektorramme er budsjettet frå 2016 redusert med 0,400 mill. kr. Reduksjonen er knytt til at fylkeskommunen frå hausten 2016 ikkje lenger finansierer forsikring på datamaskiner kjøpt gjennom den fylkeskommunale PC-ordninga.

Løyvinga er elles vidareført på same nivå som tidlegare.

**PROGRAMOMRÅDE 521-532 UTDANNINGSPROGRAMMA**

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5210 Utdanningsprogramma	341,735	328,807	323,492	305,253	297,663	297,663
5211 Gratis læremiddel	0,161	6,416	5,822	5,805	5,894	5,894
5313 Jordbrukskulegardar	2,874	2,629	2,637	2,637	2,637	2,637
<b>Sum</b>	<b>344,770</b>	<b>337,852</b>	<b>331,951</b>	<b>313,695</b>	<b>306,194</b>	<b>306,194</b>

Teneste 5210 Utdanningsprogramma

Tenesta inneheld driftsmidlar til utdanningsprogramma som t.d. løn til lærarar, ressursar til kontaktlærarar, midlar til materiell og utstyr og tilskot til praksisopplæring. Midlane vert i hovudsak tildelt skulane etter fastlagde normer og satsar som følgje av opplæringstilbodet, som vert vedteke av hovudutval for opplæring. Midlane vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev.

Det er føresett at ein innafor ramma til vidaregåande opplæring skal dekke behovet for opplæring til alle rettselevar.

Budsjettet for våren 2016 er ei vidareføring av aktivitetsnivået hausten 2015 som pr. 12.10.15 er slik:

Skule	Grupper	Plassar	Inntekne	Ledige	Oppfylling
Årdal vidaregåande skule	12	225	207	18	92 %
Sogndal vidaregåande skule	45	816	759	57	93 %
Høyanger vidaregåande skule	8	154	151	3	98 %
Dale vidaregåande skule	8	185	176	9	95 %
Hafstad vidaregåande skule	19	526	493	33	94 %
Flora vidaregåande skule	29	567	546	21	96 %
Måløy vidaregåande skule	20	314	299	15	95 %
Firda vidaregåande skule	13	355	328	27	92 %
Eid vidaregåande skule	22	396	365	31	92 %
Stryn vidaregåande skule	14	300	281	19	94 %
Mo og Øyrane vidaregåande skule	36	454	464	-10	102 %
<b>Sum</b>	<b>226</b>	<b>4292</b>	<b>4069</b>	<b>223</b>	<b>95 %</b>

Tal grupper skuleåret 2015-2016 er 226. Dette er ein reduksjon på 7 grupper i høve skuleåret 2014-2015.

Tal elevplassar for skuleåret 2015-2016 er redusert med 112 i høvet året før. Tal inntekne elevar syner ein reduksjon på 52. Tal ledige plassar er auka med 60. Ved skulestart hausten 2015 stod det igjen 8 søkjarar utan tilbod om skuleplass. Dette er 2 fleire enn året før.

Som det framgår av tabellen over, er samla oppfylingsgrad for dei vidaregåande skulane om lag 95 %. På Vg1-nivå er det pr. 12.10.15 ei oppfylling på 97 %. Dette inkluderer også elevar som har fått tilbod på programområde dei ikkje har søkt på. Ut frå opplæringslova har søkjarane rett til tilbod på eitt av tre søkte programområde.

Den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2016-2017 tilsvarar om lag 215 grupper.

I tillegg kjem ressursar tilsvarande tre grupper, 4,200 mill. kr, øyremerka tilskot til lærebedrifter/ tilbod om vg3-opplæring i skule for søkjarar som ikkje får læreplass.

Løyvinga til ordninga med rett til påbygging etter oppnådd fagbrev er vidareført i budsjettet for 2016 med 1,882 mill. kr.

Som konsekvens av redusert gruppetal og strukturendringane som følgje av skulebruksplanen er løyvningsnivået i 2016 redusert med om lag 12,500 mill. kr samanlikna med nivået i 2015. Den økonomiske ramma for utdanningsprogramma i 2016 er då kompensert med 2,700 mill. kr for å finansiere ikkje iverksett gruppitalsreduksjon, som følgje av endringar i elevtalsutviklinga.

Økonomiplanen legg til grunn ei årleg innsparing på drifta av dei vidaregåande skulane på 6,100 mill. kr frå hausten 2016. Innsparingane gjeld reduksjon i tal tilleggstimar til studiespesialisering og samanslåing av yrkesfaggrupper på vg2. Heilårseffekten av tiltaka har verknad frå 2017.

Innsparingtiltaket «oppbygging av faga i arbeidsåret» vart i økonomiplan 2016-2019 vedteke iverksett frå hausten 2016. Tiltaket er skyvd til hausten 2017, finansiert ved omdisponering i sektoren.

I FT-sak 45/12 *Praksisopplæring for elevar i maritim og marin opplæring i Sogn og Fjordane – alternative løysingar*, vart tilskotet frå fylkeskommunen redusert frå 2,200 til 1,500 mill. kr årleg. I samband med tertialrapport 2/15 vart tilskotet auka med 0,500 mill. kr. Auken er vidareført som ei varig ordning.

I FT-sak 46/14 vedtok fylkestinget at IB-linja skal lysast ut som eit prøveprosjekt over tre år til ein samla kostnad på 0,440 mill. kr. Prøveprosjektet vert finansiert innanfor den økonomiske ramma for opplæringstilbodet.

#### Teneste 5211 Gratis læremiddel

Fylkeskommunen har ansvar for at elevane får naudsynte trykte og digitale læremiddel. Tenesta inneheld midlar til ordninga med gratis læremiddel for elevar i vidaregåande opplæring.

For å tilpasse drifta til redusert sektorramme er løyvinga til gratis læremiddel redusert med 0,800 mill. kr samanlikna med løyvningsnivået i økonomiplan 2016 (17-18).

#### Teneste 5313 Jordbruksskulegardar

Tenesta inneheld driftsmidlar knytt til gardsdrifta ved Mo og Øyrane vidaregåande skule.

I samband med tertialrapport 2/15 vart ufordelt løyving til jordbruksskulegarden redusert med 0,100 mill. kr. Reduksjonen er vidareført som ei varig ordning.

**PROGRAMOMRÅDE 554 - FAGSKULE**

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5540 Fagskuleutdanning	22,006	23,867	24,329	24,329	24,329	24,329
<b>Sum</b>	<b>22,006</b>	<b>23,867</b>	<b>24,329</b>	<b>24,329</b>	<b>24,329</b>	<b>24,329</b>

Teneste 5540 Fagskuleutdanning

Det statlege tilskotet til fagskuleutdanning er i 2016 11,680 mill. kr. Dette baserer seg på studenttal for hausten 2014. Tilskotet i 2016 er nominelt auka med 0,133 mill. kr i høve nivået i 2015.

Det fylkeskommunale tilskotet til Fagskulen i Sogn og Fjordane utgjør i 2016 12,649 mill. kr. Dette er ei vidareføring av det fylkeskommunale tilskotsnivået i 2015, justert for prisvekst. Samla tilskot til Fagskulen i Sogn og Fjordane i 2016 vert med dette 24,329 mill. kr.

Det er varsla at regjeringa i 2016 vil leggje fram ei stortingsmelding om fagskuleutdanninga.

Fagskuleutdanning i helse- og sosialfag

Fylkeskommunen har ansvar for å forvalte ordninga med statleg tilskot til dekking av driftsutgifter for fagskuleutdanning i helse- og sosialfag for tilbydarar av slik utdanning. I 2015 fekk Sogn og Fjordane fylkeskommune tildelt 1,542 mill. kr til føremålet. I statsbudsjett for 2016 er det nasjonale løyvningsnivået auka med 10,000 mill. kr samanlikna med nivået i 2015. Det er varsla at tilskotet vil vere tema i stortingsmeldinga om fagskuleutdanning.

**PROGRAMOMRÅDE 559 – LANDSLINER**

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5590 Landslinjer	3,278	4,734	4,955	4,955	4,955	4,955
<b>Sum</b>	<b>3,278</b>	<b>4,734</b>	<b>4,955</b>	<b>4,955</b>	<b>4,955</b>	<b>4,955</b>

Teneste 5590 Landslinjer

Tenesta omfattar fylkeskommunal løyving til landslinene på til saman 4,955 mill. kr. i 2016.

Den fylkeskommunale løyvinga knytt til ordinær drift av landslinetilbodet ved Sogn jord- og hagebruksskule er vidareført på same nivå som i 2015, justert for løns- og prisvekst. Fylkeskommunal løyving til skulen i 2016 er 3,191 mill. kr.

Den fylkeskommunale løyvinga til landslinetilbodet ved Sogndal vidaregåande skule er i 2016 1,764 mill. kr. Dette er ei vidareføring på same nivå som i 2015, justert for løns- og prisvekst.

Den fylkeskommunale løyvinga til landslinetilboda skal dekke differansen mellom det statlege tilskotet og budsjetterte kostnader ved landslinene.

**PROGRAMOMRÅDE 561 – OPPFØLGINGSTENESTA OG PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE**

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5611 PP-tenesta	12,039	13,459	13,573	13,423	13,423	13,423
5613 Oppfølgingstenesta	5,469	6,987	6,812	6,812	6,812	6,812
<b>Sum</b>	<b>17,508</b>	<b>20,446</b>	<b>20,385</b>	<b>20,235</b>	<b>20,235</b>	<b>20,235</b>

PP-tenesta er sakkunnig instans i høve elevar og lærlingar sine rettar til spesialundervisning og utvida tilrettelagd opplæring. PP-tenesta arbeidar tett inn i mot både enkeltelevar/lærlingar og dei vidaregåande skulane. Tenesta inneheld midlar til drift av eige kontor og kjøp av tenester ved andre kontor etter avtale med kommunane.

Det er i 2016 budsjettert med 0,150 mill. kr til å styrke det systemretta arbeidet. Dette er ei styrking på same nivå som i 2015. Satsinga føreset samarbeid med dei aktuelle kommunane. I 2016 er det løyvd om lag 2,930 mill. kr til drift av eige kontor.

PPT-kontoret for Sogndalsregionen vert frå 01.01.2016 overført til Sogndal kommune (verksemdovertaking).

Det er budsjettert med om lag 10,600 mill. kr til kjøp av tenester.

#### Teneste 5613 Oppfølgingstenesta

Tenesta omfattar i hovudsak midlar til løn for OT – koordinatorar ved 10 vidaregåande skular og tiltak for ungdom knytt til oppfølgingstenesta. Midlane til tiltak vert brukt ved at ungdomane får tilbod om opplæring, arbeid/praksisplass eller annan aktivitet. Ein mindre sum er disponert til kurs/reiseutgifter og drift av dataregistreringssystemet OTTO. Midlane til tenesta vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev.

For å tilpasse drifta til redusert sektorramme er den årlege løyvinga til oppfølgingstenesta på skulane frå hausten 2015 redusert med heilårsverknad på om lag 0,400 mill. kr.

#### **PROGRAMOMRÅDE 562 – TILPASSA OPPLÆRING**

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5620 Tilpassa opplæring	63,666	69,567	70,203	70,203	70,203	70,203
<b>Sum</b>	<b>63,666</b>	<b>69,567</b>	<b>70,203</b>	<b>70,203</b>	<b>70,203</b>	<b>70,203</b>

#### Teneste 5620 Tilpassa opplæring

Tenesta omfattar midlar til tilrettelagd opplæring og spesialundervisning for elevar ved eigne vidaregåande skular, kjøp av tilpassa opplæring utanfor eigne institusjonar, minoritetsspråklege elevar, innføringsgrupper og administrasjon av tilpassa opplæring.

Skulen får tildelt midlar til tilpassa opplæring som ei rammeløyving med bakgrunn i elevinntaket. Midlane vert tildelt skulane gjennom ansvarsbrev. For skuleåret 2015-2016 er det overført om lag 40,000 mill. kr. I tillegg er det overført om lag 3,300 mill. kr til ekstra tilrettelegging for minoritetsspråklige elevar, med rettar etter Opplæringslova §3-12. Fylkesrådmannen disponerer ein mindre sum til fordeling ved endringar i løpet av skuleåret når det gjeld elevinntak, flytting og klagehandsaming.

Skulane gjer enkeltvedtak om spesialundervisning og legg til rette for tilpassa opplæring med utgangspunkt i sakkunnige tilrådingar og den einskilde elev sine evner og føresetnader.

Dei vidaregåande skulane har gjennom god planlegging i hovudsak klart å tilby pedagogisk tilfredstillande løysingar for elevar med behov for særskild tilrettelagd opplæring.

Det er i budsjettet sett av midlar til kjøp av tilpassa opplæringstilbod i kommunar, fylkeskommunar, folkehøgskular og private vidaregåande skular. Det er vanskeleg å forutsjå omfanget av kjøp, då dette varierer frå år til år ut i frå samansettinga i elevmassen. For skuleåret 2015-2016 er det budsjettert med ei løyving til føremålet på lag 10,000 mill. kr.

Dei vidaregåande skulane Eid, Flora, Mo og Øyrane og Sogndal har eigne *innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar* og får tildelt budsjettmidlane til føremålet gjennom ansvarsbrev.

Det er budsjettert med 0,440 mill. kr til oppæring av *språklege minoritetar*. Midlane vert fordelt på dei vidaregåande skulane (inkl. private vidaregåande skular) og opplæringskontora etter søknad.

Tilbodet om *sommarskule* er i 2016 vidareført på same nivå som tidlegare, finansiert av ramma til tilpassa opplæring.

*Administrasjon tilpassa opplæring* inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

Budsjettramma for tilpassa opplæring er i 2016 vidareført om lag på same nivå som løyvingnivået i 2015.

#### PROGRAMOMRÅDE 570 - FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5700 Fagopplæringsnemnda	0,147	0,222	0,225	0,225	0,225	0,225
5701 Opplæring i bedrift	75,297	82,891	87,994	87,994	87,994	87,994
5702 Fagprøvar	10,611	11,086	11,314	11,314	11,314	11,314
<b>Sum</b>	<b>86,055</b>	<b>94,199</b>	<b>99,533</b>	<b>99,533</b>	<b>99,533</b>	<b>99,533</b>

##### Teneste 5700 Fagopplæringsnemnda

Tenesta inneheld driftsmidlar til fagopplæringsnemnda.

##### Teneste 5701 Opplæring i bedrift

Tenesta inneheld midlar til administrasjon fagopplæring, utbetaling av tilskot til lærebedrifter, instruktøropplæring, restteori for lærlingar og lærekandidatar, ekstramidlar til fagopplæring og tilpassa opplæring i bedrift.

*Administrasjon fagopplæring* inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

Løyvinga til tilskot til lærebedrifter er auka med 2,500 mill. kr som følgje av auke i satsane for tilskot til lærebedrifter. Løyvinga er redusert med 1,000 mill. kr etter vurdering av rekneskapsresultatet i 2014.

Det er sett av om lag 0,640 mill. kr årleg til opplæring av faglege leiarar og instruktørar i bedrift.

Det er budsjettert med 0,275 mill. kr til finansiering av Yrkesval 2.0 – omdømmeprojekt, jf. HO-sak 31/14.

##### Teneste 5702 Fagprøvar

Tenesta omfattar midlar til fagprøvar for lærlingar og kompetanseprøvar for lærekandidatar.

Av løyvinga til fagprøvar er 0,200 mill. kr årleg øyremerkte opplæring av prøvenemnder.

Løyvinga til fagprøvar er auka med 0,500 mill. kr i høve løyvingnivået i økonomiplan 2016 (17-18).



**PROGRAMOMRÅDE 581 - VAKSENOPPLÆRING ETTER OPPLÆRINGSLOVA**

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5810 Vaksenopplæring	5,616	5,075	5,706	5,706	5,706	5,706
<b>Sum</b>	<b>5,616</b>	<b>5,075</b>	<b>5,706</b>	<b>5,706</b>	<b>5,706</b>	<b>5,706</b>

Teneste 5810 Vaksenopplæring

Tenesta omfattar midlar til administrasjon og tiltak.

*Administrasjon vaksenopplæring* inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

Budsjettet for vaksenopplæring er frå 2016 auka med 1,000 mill. kr årleg samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2016 (17-18).

**PROGRAMOMRÅDE 590 - ANDRE FØREMÅL**

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
5900 Opplæring i sos-/med.institusjonar	6,411	6,262	6,332	6,332	6,332	6,332
5901 Privatisteksamen	3,319	2,920	2,933	2,933	2,933	2,933
5902 Tilskot til elevorganisasjonar	0,017	0,040	0,040	0,040	0,040	0,040
5903 Karriererettleiing	0,927	0,662	0,631	0,081	0,081	0,081
5904 Opplæring - andre områder	1,226					
<b>Sum</b>	<b>11,900</b>	<b>9,884</b>	<b>9,936</b>	<b>9,386</b>	<b>9,386</b>	<b>9,386</b>

Teneste 5900 Opplæring i sosiale- og medisinske institusjonar

Tenesta inneheld driftsmidlar til opplæring for elevar i sosiale og medisinske institusjonar.

Teneste 5901 Privatisteksamen

Tenesta omfattar midlar til administrasjon og gjennomføring av privatisteksamen.

*Administrasjon privatisteksamen* inngår i kontorbudsjettet for opplæringsavdelinga.

Teneste 5902 Tilskot til elevorganisasjonar

Tenesta inneheld midlar til tilskot til elevorganisasjonar.

Teneste 5903 Karriererettleiing

Karriererettleiingstenesta skal m.a. tilby vaksne hjelp til å ta val når det gjeld utdanning, opplæring og arbeid.

For å tilpasse drifta til reduserte sektorrammer i økonomiplanperioden er den fylkeskommunale løyvinga til karriererettleiing teken bort frå andre halvår 2016.

Fylkeskommunen får årleg eit statleg tilskot til karriererettleiing. I 2015 var tilskotet på 1,857 mill. kr.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å organisere karriererettleiingstenesta i samarbeid med partnerskapen innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen.

Teneste 5904 Andre område*Program for betre gjennomføring i vidaregåande opplæring*

Sogn og Fjordane fylkeskommune fekk i 2015 ei statleg løyving på 2,000 mill. kr til vidareføring av arbeidet med å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

I framlegg til statsbudsjett for 2016 er løyvinga til den nasjonale satsinga, Program for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring, vidareført på same nivå som i 2015. Løyvinga inngår ikkje i rammetilskotet til fylkeskommunane.

**7.3 ØKONOMIPLAN 2017-2019**

Programområde	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
510 Skulelokale og internatbygningar	105,980	101,255	103,522	101,784	99,543	99,243
515 Fellesutg./støttefunksjonar VGS	59,303	62,593	66,495	63,395	60,744	60,744
520 Ped. leiing/fellesutg. og gjesteelevar	88,281	104,462	120,419	118,233	101,759	102,794
521-532 Utdanningsprogramma	344,770	337,852	331,951	313,695	306,194	306,194
554 Fagskule	22,006	23,867	24,329	24,329	24,329	24,329
559 Landsliner	3,278	4,734	4,955	4,955	4,955	4,955
561 Oppfølgingstenesta og pedagogisk psyk teneste	17,508	20,446	20,385	20,235	20,235	20,235
562 Tilpassa opplæring	63,666	69,567	70,203	70,203	70,203	70,203
570 Fagopplæring i arbeidslivet	86,055	94,199	99,533	99,533	99,533	99,533
581 Vaksenoppl. etter opplæringslova	5,616	5,075	5,706	5,706	5,706	5,706
590 Andre føremål	11,900	9,884	9,936	9,386	9,386	9,386
Ufordelt innsparingstiltak	0,000	0,000	0,000	0,000	-4,500	-29,500
800 Resultatoverføring	6,087	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
<b>Sum</b>	<b>814,450</b>	<b>833,934</b>	<b>857,434</b>	<b>831,454</b>	<b>798,087</b>	<b>773,822</b>

Programområde 400, teneste 4005 Til disposisjon for utvala

Det er budsjettert med ei årleg løyving på 0,750 mill. kr til spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar ut skuleåret 2016-2017. Frå hausten 2017 er løyvinga til føremålet innarbeidd i budsjettet for Utdanningsprogramma.

Programområde 510, teneste 5100 Utgifter til lokale

Den økonomiske ramma for tenesta er vidareført på same nivå som 2016 fram t.o.m. våren 2017. Samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2016 (17-18) er den økonomiske ramma frå hausten 2017 redusert med 4,100 mill. kr årleg, som følgje av endringar i leigeavtalar.

Programområde 515, teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter

Den økonomiske ramma for tenesta er vidareført på same nivå som 2016 fram t.o.m. våren 2017. Samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2016 (17-18) er den økonomiske ramma frå hausten 2017 redusert med 0,500 mill. kr årleg.

Samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2016 (17-18) er løyvinga i 2017 auka med om lag 1,400 mill. kr, som følgje av innføring av nytt skuleadministrativt system (VISMA flyt).

Programområde 520, teneste 5200 Pedagogisk leiing mv

Etter vedtak i økonomiplan 2014-2017, som konsekvens av redusert gruppetal og strukturendringane som følgje av skulebruksplanen, er løyvingsnivået i 2017 redusert med om lag 5,100 mill. samanlikna med nivået i 2015.

Programområde 520, teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter

Løyvinga til omstillingstiltak for pedagogisk personale er i 2017 redusert med 6,500 mill. kr i høve løyvingsnivået i økonomiplan 2016 (17-18), som følgje av omdisponering i opplæringsektoren.

Programområde 5211 Gratis læremiddel

For å tilpasse drifta til redusert sektorramme er løyvinga til gratis læremiddel i 2017 redusert med 2,100 mill. kr samanlikna med løyvingsnivået i økonomiplan 2016 (17-18). Frå 2018 er tilsvarande reduksjon 3,100 mill. kr.

Programområde 521-532, teneste 5210 Utdanningsprogramma

Som konsekvens av redusert gruppetal og strukturendringane som følgje av skulebruksplanen er løyvingsnivået i 2017 redusert med om lag 27,400 mill. samanlikna med nivået i 2015. Den økonomiske ramma for utdanningsprogramma i 2017 er då kompensert med 6,100 mill. kr for å finansiere ikkje iverksett gruppetalsreduksjon, som følgje av endringar i elevtalsutviklinga.

Tilsvarande er løyvingsnivået på tenesta frå 2018 redusert med om lag 29,000 mill. kr samanlikna med nivået i 2015. Budsjettet er då auka med 4,500 mill. kr for å finansiere ikkje iverksett gruppetalsreduksjon, som følgje av endringar i elevtalsutviklinga. Auken frå 2018 er finansiert ved auka innsparingskrav på sektoren.

Innsparingiltaket «oppbygging av faga i arbeidsåret» med heilårsverknad på 12,000 mill. kr, er innarbeidd frå hausten 2017.

Den årlege løyvinga på 0,750 mill. kr til spissa idrettstilbod for potensielle idrettsutøvarar er innarbeidd i budsjettet frå hausten 2017.

Frå 2018 er det årleg budsjettert med eit urealisert innsparingskrav på 4,500 mill. kr knytt til manglande gruppetalsreduksjon som følgje av endringar i elevtalsutviklinga.

Frå 2019 er det lagt til grunn eit innsparingskrav på 25,000 mill. kr knytt til ikkje ferdige utgreiingar.

## 8. TANNHELSETENESTA

Sektoren er delt i følgjande programområde med slike nettoløyvingar:

Programområde	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
660 Tannhelsa - fellesfunksjonar	17,822	19,217	18,089	18,379	18,379	18,379
665 Tannhelsa - pasientbehandling	62,317	63,999	63,557	66,267	66,267	66,267
Ufordelt innsparingskrav	0,000	0,000	0,000	-3,180	-8,680	-8,680
800 Resultatoverføring	3,460	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
<b>Sum</b>	<b>83,599</b>	<b>83,216</b>	<b>81,646</b>	<b>81,466</b>	<b>75,966</b>	<b>75,966</b>

### 8.1 BUDSJETTPROFIL

Tannhelsetenesta har ikkje eige hovudutval. Saker som har budsjettmessig konsekvens utover administrativ fullmakt, vert vedtekne av fylkesutval/fylkesting. Det vert vist til kapittel 2 om budsjettreglement for fullmakter til fylkesutvalet.

Følgjande satsingsområde er i samsvar med strategisk plan for den offentlege tannhelsetenesta, vedteken i FT-sak 50/13:

- Tett oppfølging av pasientgruppene – Utarbeide prosedyrar for førebyggjande tiltak og behandling av pasientar i tannhelsetenesta.
- Førebygge utvikling av svak tannhelse for risikogrupper – Rutinar for melding til Barnevern, identifisering av risikogrupper.
- Rekruttere og stabilisere tannhelsepersonale – Spesiell vekt på tannlegar.
- Informasjon og service til brukarane – Styrke kommunikasjon og informasjon til brukarane, styrke samarbeid med private tannklinikkar.
- Folkehelsearbeid – Samarbeid med kommunar
- Kvalitetsutvikling
- Målretta kompetanseutvikling

Budsjett 2016 er satt opp med eit snitt på 5,3 vakante tannlegestillingar (2,4 er vakant og 2,9 er naturleg avgang knytt til innsparingstiltak), 0,5 tannpleiarstilling og 0,8 tannhelsesekretærstilling. Ut frå erfaring har det tidlegare vore 3 vakante tannlegestillingar, men for 2016 har vi full bemanning og har budsjettert med 2,4 vakante tannlegestillingar. Rammene for 2016 er redusert med 2,32 mill. kr i høve 2015.

Elles er nivået på sektoren kompensert for omrekning til 2016-kr.

### 8.2 ÅRET 2016 – OMTALE AV PROGRAMOMRÅDE OG TENESTER

Tannhelsetenesta har to programområde, 660 – Fellesfunksjonar og 665 – Pasientbehandling. Programområde 660 og 665 har berre eit tenestemråde kvar. Dette er høvevis teneste 6600 Fellesfunksjonar og 6650 Pasientbehandling.

#### Teneste 6600 Fellesfunksjonar

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
6600 Fellesfunksjonar	17,822	19,217	18,089	18,379	18,379	18,379
<b>Sum</b>	<b>17,822</b>	<b>19,217</b>	<b>18,089</b>	<b>18,379</b>	<b>18,379</b>	<b>18,379</b>

Tenesta er knytt til fellesfunksjonar og administrasjon for tannhelsetenesta. Dette inkluderer service og drift av elektronisk pasientjournal (EPJ), databaseutgifter, medlemsavgift i Norsk HelseNett (NHN), personalutvikling, husleige og reinhald på tannklinikkane.

Ramma er redusert som følgje av innsparing på administrasjon og fellesutgifter frå 2015 til 2016.

#### Teneste 6650 Pasientbehandling

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
6650 Pasientbehandling	62,317	63,999	63,557	66,267	66,267	66,267
<b>Sum</b>	<b>62,317</b>	<b>63,999</b>	<b>63,557</b>	<b>66,267</b>	<b>66,267</b>	<b>66,267</b>

Tenesta omfattar utgifter til drift av tannklinikkar. Tannhelsetenesta har eigen serviceteknikkar som yt service og vedlikehald på teknisk utstyr på tannklinikkane.

Det er føresett at løyvinga går til å yte naudsynt vederlagsfri tannhelsehjelp til prioriterte pasientar jf. Lov om tannhelsetjenesten av 1983. Naudsynt tannhelsehjelp er førebyggjing og behandling av sjukdomar i munnhola. Den offentlege tannhelsetenesta skal ikkje dekke kostnader med tannregulering. Følgjande grupper er prioriterte:

- Gruppe A: barn og ungdom frå fødsel til og med det året dei fyller 18 år
- Gruppe B: psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon
- Gruppe C: grupper av eldre, langtidssjuke og uføre i institusjon og heimesjukepleie
- Gruppe D: ungdom frå og med 19 år til og med det året dei fyller 20 år (75 % rabatt)
- Gruppe E: andre grupper som det er fatta vedtak om i godkjent plan (ingen i Sogn og Fjordane)

I tillegg blir det utført tannbehandling på innsatte i fengsel og enkelte grupper av pasientar med rusproblem. Desse gruppene har rettar gjennom rundskriv, ikkje lov.

Den offentlege tannhelsetenesta kan ved ledig kapasitet også yte tenester til vaksne betalande pasienter. Føresetnaden er at denne typen behandling er sjølvfinansierande og ikkje går utover behandling av prioriterte pasientar.

Som følgje av tilpassing til ny sektorramme vert 2,9 tannlegestillingar ståande vakante i 2016. Dei prioriterte pasientane får tilbod ved sin vanlege tannklinikk gjennom ambulering frå naboklinikkar. Det blir lagt opp til ein reduksjon i rekruttering- og stabiliseringstiltak for tannlegar som følgje av full bemanning, og lageret til dentalverkstaden blir flytta til fylkeshuset.

### 8.3 ØKONOMIPLANPERIODEN 2017-19

Programområde	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
660 Tannhelse - fellesfunksjonar	17,822	19,217	18,089	18,379	18,379	18,379
665 Tannhelse - pasientbehandling	62,317	63,999	63,557	66,267	66,267	66,267
Ufordelt innsparingskrav	0,000	0,000	0,000	-3,180	-8,680	-8,680
800 Resultatoverføring	3,460	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
<b>Sum</b>	<b>83,599</b>	<b>83,216</b>	<b>81,646</b>	<b>81,466</b>	<b>75,966</b>	<b>75,966</b>

Dei kortsiktige innsparingstiltaka som vart sett i verk i løpet av 2015 er førebels ikkje vidareført for økonomiplanperioden 2017-19. Desse tiltaka vert vurdert i samband med utgreiingsarbeidet knytt til struktur (utgreiingsprosjekt #22).

Dei nye innsparingstiltaka som vert sett i verk frå 2016 er vidareført i økonomiplanperioden. Ufordelt innsparingskrav i 2017-19 er i hovudssak knytt til uttgreiingsarbeidet som skal vere ferdig i løpet av våren 2016.

## 9. NÆRING OG KULTUR

Sektoren er delt i følgjande programområde – med slike nettøløyvingar:

Programområde	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
701 Tilrettel./støttef./finansieringsbistand for næringslivet	91,915	82,056	78,803	93,069	86,932	86,932
Ufordelt innsparingskrav næring	0,000	0,000	0,000	-3,600	-3,600	-4,000
740 Bibliotek	6,847	6,498	5,882	5,582	5,382	5,382
750 Kulturminnevern	14,697	13,685	13,148	11,448	11,448	11,448
760 Museum	16,877	16,244	16,654	14,977	14,877	14,877
771 Kunstformidling	9,919	10,694	9,943	9,943	10,243	10,243
772 Kunstproduksjon	11,077	11,474	11,490	10,690	10,690	10,690
775 Idrett	2,697	3,149	3,293	2,693	2,693	2,693
790 Andre kulturaktivitetar	12,120	9,432	11,010	8,587	8,587	8,587
Ufordelt innsparingskrav kultur	0,000	0,000	0,000	-0,500	-0,500	-0,500
<b>Sum</b>	<b>166,149</b>	<b>153,232</b>	<b>150,223</b>	<b>152,889</b>	<b>146,752</b>	<b>146,352</b>

Sektorane har tilpassa seg dei innsparingskrava som ligg føre i 2016, men for perioden 2017-2019 har både næring og kultur eit ufordelt innsparingskrav som reduserer totalramma.

### 9.1 BUDSJETTPROFIL

Næring og kultur er kvar for seg viktige element i samfunnsbygginga. Begge sektorane har område som er svært ulike i natur. Nokre arbeidsfelt er nær i slekt, dette gjeld først og fremst fylkeskommunen sitt engasjement i reiselivsnæringane og den delen av kultursatsinga som er opplevingsorientert. Døme er musea og dei ulike festivalane.

At sektorane no blir samla både politisk og administrativt, gir fylkeskommunen eit høve til å finne ut om ei samhandling på dei områda som er i slekt kan føre til ein meirverdi på begge område. Det vil også gi oss eit høve til å etablere kultursektoren som ein del av det regionale innovasjonssystemet.

Det vert vist til kapittel 2 i budsjettreglementet for fullmaktene til hovudutvalet for næring og kultur.

### NÆRINGSUTVIKLING

Næringsutvikling inneber å legge til rette for ei berekraftig og allsidig utvikling i næringslivet. Ei positiv næringsutvikling kan føre til auka tilfang av verksemder, betre konkurransevne i eksisterande føretak, eller vekst i etablerte føretak. Dette kan igjen bidra til sysselsettingsvekst, auka verdiskaping og positive ringverknader.

Fylkeskommunen skal skape arenaer for næringsutvikling, og er først og fremst ein støttespelar for kommunane, Innovasjon Norge og for initiativ som vanskeleg kan støttast av verkemiddelapparatet elles. Typiske døme er forskingsinnsats eller prosjekt der det er vanskeleg å skaffe privat kapital.

Verdiskapingsplanen legg premissane for arbeidet framover, både for dei økonomiske disponeringane, men også for korleis vi innrettar dei administrative ressursane. Innsatsområde der det er sett av små eller ingen økonomiske ressursar, kan krevje store rådgjevarressursar. Les meir om verdiskapingsplanen på [www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no).

Næring disponerer driftsmidlar som fylkeskommunen set av og regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). I budsjettsamheng er det i praksis lite som skil desse finansieringskjeldene. KMD-midlane er overførbare frå det eine året til det andre, og vi må følgje eit eige regelverk og rapporteringssystem. KMD sine retningslinjer set grenser for korleis utviklingsmidlane kan nyttast, og næring er derfor avhengig av driftsmidlane som fylkeskommunen set av for å kunne gjennomføre viktige tiltak innafør satsingsområda i Verdiskapingsplanen. I 2016

disponerer næring om lag 4,900 mill. kr i fylkeskommunale driftsmidler. Midlane vert blant anna nytta til reisemålselskapa i Sogn og Fjordane, grunnstønad til Vestlandsforskning, tiltak innan nyskaping og oppfølging av satsingar.

Innsparingskravet er dekkja for 2016 og har ført til reduksjonar på programområde 701. Det ligg inne eit ufordelt innsparingskrav på 3,600 mill. kr for kvart av åra 2017 og 2018 og 4,000 mill. kr i 2019. Framover vert innsats der fylkeskommunen kan vere arenabyggar prioritert. Arbeidsinnsats vil vere ein større del av fleire av satsingane enn tidlegare.

Satsingane i verdiskapingsplanen er prioriterte område:

#### Næringsnøytrale satsingar

- Nyskaping
- Kunnskap

#### Bransjeorienterte satsingar

- Sjømatnæringane
- Fornybar energi
- Olje & gass
- Reiseliv
- Landbruk
- Industristrategi

Vedtekne satsingsområde i planen vil ikkje berre påverke dette budsjettet, men også arbeid utført av andre aktørar og gjennomføring av oppgåver der fylkeskommunen har ei bestillarrolle. Dette gjeld mellom anna Innovasjon Norge, og forvaltning av midlar frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift.

Det er viktig med ein god balanse mellom tilretteleggande satsingar og bedriftsretta satsingar. Midlar gjennom kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift vil vere avgjerande for den samla satsinga innan programområdet.

### KULTURUTVIKLING

Kulturen er grunnsteinen i vår identitet. Den opprettheld og skapar våre vanar, normer, reglar og vår framferd. Vår felles historie og vår felles forståing av denne er kultur. Kulturen vår vert styrkt gjennom felles språk, verdiar, musikk og kunst. Kultur gjev grunnlag for demokrati, sosiale fellesskap og utgjer ein stor økonomisk verdiskaping. Samla kan ein seie at:

- Kulturaktivitetar og kulturopplevingar har ein viktig verdi i seg sjølv
- Kultursatsingar bidreg til samfunnsutvikling.

Kultur er ein stadig viktigare del i ei moderne samfunnsutvikling. Kultur skal difor vera ein naturleg del i heilskapleg samfunnsplanlegging og -utvikling. Kunstnarar og kulturarbeidarar gir viktige bidrag til verdiskapinga i samfunnet. Ei offentleg satsing på kultur bidreg til ei positiv utvikling av enkeltmenneske og samfunn. Ei god kultursatsing vil auke vårt omdøme. Aktiviteten som føregår innan det utvida kulturomgrepet skapar stor økonomisk verdiskaping og då direkte og indirekte. Både frivillig, offentleg og privat aktivitet bidreg til dette. Omfanget av dette er ikkje kjent. Det kan difor vera av interesse å få gjennomført eit studie som greier ut verdiskapinga av all kulturaktivitet i fylket, inkludert fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Det er fylkeskommunen si rolle å utvikle, utfordre og støtte opp om skapande krefter på kulturfeltet i Sogn og Fjordane. Kultursatsingane skal bidra til kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping i fylket. I tillegg skal vi bidra til ei god forvaltning der vi har eit definert ansvar. Utviklarrolla vil gå føre forvaltnings- og tenesteytarrolla. Den kompetansen sektoren representerer vil i større grad vere den ressursen som vert sett inn for å løyse prioriterte oppgåver; internt så vel som eksternt.



Fylkeskommunen sitt styringsreiskap for å nå visjonar og mål innan kulturutvikling er Kulturstrategi 2015-2018. Denne skal stimulere til utvikling av kulturfeltet i heile fylket, legge rammene for eit samarbeid med ulike partnarar og gi føreseielege vilkår for kommunane og regionale samanslutningar innan kulturfeltet. Satsingsområda er:

- Frivillig sektor – bygge samfunnet frå botnen av
- Kulturarv – forsamfunnsutvikling, trivsel og identitet
- Kunst og kultur – skapande og byggande krefter

Fylkeskommunen sine kultursatsingar gjev både fylkeskommunen og regionen inntekter. Nettobudsjettet til kultursatsingar for 2016 er på 71,420 mill. kr. Drifta av fylkeskommunen sine kulturtenester gir forventa inntekter på om lag 10,2 mill. kr i 2016. Desse inntektene vert nytta til å drive eigne tenester som til dømes kommunearkivordninga (5,0 mill. kr) og kulturminnearbeidet (2,3 mill. kr.)

I tillegg forvaltar fylkeskommunen om lag 61 mill. kr frå staten til ulike kultursatsingar. Forventa tilskot i 2016 er:

Forventa tilskot til ulike kultursatsingar i 2016	Beløp
Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg	3,3
Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet	40,0
Den kulturelle skulesekken	7,7
Tilskot frå Rikskonsertane til skulekonsertar	1,4
Barnehagekonsertar	0,3
Tilskot til kulturminne (freda bygg, verdsarv, verdiskaping, m.m.)	7,3
Sum	60,0

Samla forvaltar fylkeskommunen såleis om lag 142 mill. kroner i 2016 til kulturføremål.

## 9.2 ÅRET 2016 – OMTALE PÅ PROGRAMOMRÅDE OG TENESTER

### SEKTOREN SINE LØYVINGAR UNDER ANDRE PROGRAMOMRÅDE

#### Programområde 400 Politisk styring

Hovudutval for næring og kultur (HNK) disponerer midlar på teneste 4005 Til disposisjon for utvalet.

Det er sett av 0,175 mill. kr til næringsutvikling og 1,075 mill. kr til kulturutvikling som HNK kan disponere i 2016. Dette gjeld ubundne midlar som vert fordelt av hovudutvalet for næring og kultur og midlane skal ikkje nyttast til varige tiltak.

**PROGRAMOMRÅDE 701 – TILRETTELEGGING, STØTTEFUNKSJONAR OG FINANSIRINGSBISTAND FOR NÆRINGSLIVET**

Nettoløyvinga til programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7010 Bedriftsretta satsingar	32,700	26,337	31,000	32,300	32,300	32,300
7011 Kommunikasjonsteknologi	1,511	1,000	1,140	11,277	5,140	5,140
7012 Bransjeretta satsingar	13,466	11,670	8,550	7,050	7,050	7,050
7015 Nyskaping	22,637	23,780	19,750	24,294	24,294	24,294
7016 Entreprenørskap	0,900					
7017 FoU og innovasjon	4,025					
7018 Kunnskap	2,215	5,825	5,825	5,825	5,825	5,825
7019 Andre næringsområde	4,281	3,377	2,842	2,977	2,977	2,977
7099 Tilrettel./støttefunksjonar for næringslivet	10,180	10,067	9,696	9,346	9,346	9,346
<b>Sum</b>	<b>91,915</b>	<b>82,056</b>	<b>78,803</b>	<b>93,069</b>	<b>86,932</b>	<b>86,932</b>

Frå 2015 ligg 7016 Entreprenørskap under 7015 Nyskaping, og 7017 FoU og innovasjon under 7018 Kunnskap.

For perioden 2017-2019 ligg det inne eit ufordelt innsparingskrav ( sjå tabell under). Den totale ramma for programområde 701 vil derfor vere noko lågare enn det tabellen over syner for perioden 2017-2019.

Programområde 701	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Ufordelt innsparingskrav	0,000	0,000	0,000	-3,600	-3,600	-4,000
<b>Sum</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>0,000</b>	<b>-3,600</b>	<b>-3,600</b>	<b>-4,000</b>

Sektoren har tilpassa seg dei innsparingskrava som ligg føre i 2016, men for perioden 2017-2019 ligg det inne eit ufordelt innsparingskrav som vist i tabellen over.

**Tenesteområde 7015 – Nyskaping**

Teneste 7015	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Tiltak nyskaping/kommuneretta næringsutvikling	0,900	2,550	2,550	2,464	2,464	2,464
Omstillingsarbeid i kommunane	7,057	9,000	5,300	5,300	5,300	5,300
Kommunale næringsfond	14,630	11,330	11,000	15,630	15,630	15,630
Ungt Entreprenørskap	0,900	0,900	0,900	0,900	0,900	0,900
Gründerpris for ungdom	0,050					
<b>Sum</b>	<b>23,537</b>	<b>23,780</b>	<b>19,450</b>	<b>24,294</b>	<b>24,294</b>	<b>24,294</b>

*Kommuneretta næringsutvikling og tiltak innan nyskaping*

Verdiskapingsplanen sitt tema nyskaping femnar om ei rekkje område der fellesnemnaren er å styrkje det offentlege si evne som tilretteleggar, arenabyggjar og den gode hjelpar slik at gode tiltak får den hjelpa som dei treng.

Verdiskapingsplanen målber at det offentlege mellom anna må styrke seg innan leverandørutvikling, innkjøpsstrategi, breibandsatsing, integrering av arbeidsinnvandrarar, tilrettelegging for gjennomgangsbustadar og meir oppdaterte planverk i kommunane.

Vi skal vidareutvikle næringsapparatet, slik at det vert arbeid meir oppsøkande og at ein er betre rusta til å hjelpe fram nye næringar. God koordinering og satsing på kompetanseheving vil vere sentralt for å få til dette. Størstedelen av prosjektet «Kommunal næringsutvikling», som vart lagt ned vinteren 2015, har vi vidareført som ei driftsoppgåve i fylkeskommunen. Vi arrangerer etablerarkurs for gründerar, samt kurs og samlingar for tilsette i næringsapparatet i kommunane for å styrkje arbeidet med gründerar og småbedrifter.

Det må arbeidast målretta med å styrke tilgangen til risikovillig eigenkapital, der vi i større grad må kople kapitaleigarar med etablerarar/mindre bedrifter. Vi skal tilpasse og selje inn virkemidla innan FoU og innovasjon til mindre bedrifter, for å få til den ønska vekst og innovasjon i desse småbedriftene. Det skal arbeidast meir med å få til betre næringsmiljø og samarbeid innan næringslivet.

Noko av det viktigaste som fylkeskommunen kan bidra med er å arbeide for å styrke næringsapparatet sin kompetanse og gjennomføringsevne, og bygge gode treffpunkt/arenaer som fremmar denne innsatsen.

Gjennom industristrategien, som vart vedteken i fylkestinget i oktober 2015, er desse delstrategiane utforma:

- Etablere bransjeuavhengige temabaserte møteplassar for auka innovasjon og nyskaping
- Etablere møteplassar for kapitaleigarar gjennom eit investorforum

Det vert sett av 2,550 mill. kr til kommuneretta næringsutvikling og tiltak innan nyskaping. Inkludert i dette er 0,050 mill. kr til gründerpris for ungdom.

#### *Omstillingsarbeid i kommunane*

Askvoll, Hyllestad og Lærdal har omstillingsstatus gitt av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Askvoll har ved utgangen av 2015 gjennomført 5 år, Hyllestad 6 år og Lærdal 4 år av i alt 6 moglege omstillingsår.

Erfaringane viser ei positiv utvikling, med gode resultat i omstillingskommunane og færre kommunar som treng ekstraordinær hjelp. Verktøya og prosessane som vert brukt i omstillingskommunane er gode.

I 2016 vil vidareføring av omstillingsarbeidet i Askvoll og Lærdal bli prioritert (2015 var siste omstillingsår for Hyllestad). Eit godt samarbeid mellom Lærdal og Årdal vil bli vektlagt. Desse kommunane er gjensidig avhengige av kvarandre for å legge til rette for ei gunstig utvikling av arbeidsmarknaden.

Fylkeskommunen og Innovasjon Norge følgjer omstillingsområda tett.

Det er sett av 5,300 mill. kr til omstillingsarbeid i 2016.

#### *Kommunale næringsfond*

Kommunale næringsfond skal bidra til å utvikle kommunane til å verte betre støttespelarar for entreprenørar og lokalt næringsliv. Fylkeskommunane har eit stort ansvar og ei viktig rolle i dette arbeidet.

Fylkeskommunen ønskjer ei tett oppfølging av kommunane, dette går både på kontrollfunksjonen som er lagt til fylkeskommunen, men ikkje minst kurs og kompetanseheving. Fordeling av rammeløyvinga til kommunale næringsfond vert gjort i mars 2016 på bakgrunn av retningsliner og rapport frå kommunane. Styrking av bu- og arbeidsmarknadsregionar bør ha høg merksemd også innan arbeidet med kommunale næringsfond.

Det er sett av 11,000 mill. kr til kommunale næringsfond i 2016. Dette er ein nedgang på 0,330 mill. kr frå 2015.

#### *Entreprenørskap*

Entreprenørskapssatsing er ei gjennomgåande satsing som er viktig for dei bransjeretta satsingane.

*Ungt Entreprenørskap* (UE) har ei sentral rolle når det gjeld entreprenørskap i utdanning, og opplæring i entreprenørskap i skulen er viktig ikkje berre med omsyn til det reint næringsmessige

aspektet. I 2015 vart det inngått ein ny avtale mellom fylkeskommunen og Ung Entreprenørskap på 0,900 mill. kr per år. Avtalen gjeld ut 2016.

#### Tenestekområde 7018 – Kunnskap

Teneste 7018	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Satsinga på kunnskap		3,150	3,150	2,775	2,775	2,775
FoU og innovasjon	-					
Grunnstønad Vestlandsforskning	0,800	0,800	0,800	0,800	0,800	0,800
VRI	1,225	0,850	0,850	1,225	1,225	1,225
Utviklingsavtale med HiSF og Vestlandsforskning	2,000					
Diverse kunnskapsintensiv verksemd	1,215					
Næringshagane	1,000	1,025	1,025	1,025	1,025	1,025
<b>Sum</b>	<b>6,240</b>	<b>5,825</b>	<b>5,825</b>	<b>5,825</b>	<b>5,825</b>	<b>5,825</b>

Frå 2015 er FoU slått saman med Kunnskap, og det er gjort endringar i tråd med verdiskapingsplanen.

#### Satsing på kunnskap

Næringslivet er i omstilling og kunnskapsbaserte tenester vert stadig viktigare. Kunnskapsatsinga skal ha innovasjon som siktemål. Kunnskap vert ein viktig drivar for større verdiskaping, auka sysselsetting og styrka folketalsvekst i Sogn og Fjordane.

I 2016 er det føresett at det vert sett i gang eit arbeid, omtala i verdiskapingsplanen som «kva skal kommande generasjonar leve av?». Arbeidet bør finansierast dels gjennom satsinga Kunnskap og dels med andre midlar.

FoU inngår i satsinga på Kunnskap og er ein sentral del i satsinga i tråd med strukturen i verdiskapingsplanen. FoU vil i tida framover vere avgjerande for å ta ut potensial for fornying av næringslivet, og for etablering av framtidens arbeidsplassar. Det vert sett av 0,800 mill. kr i grunnstønad til Vestlandsforskning. I HPN-sak 49/15 har fylkeskommunen førespegla nye midlar til utviklingsavtale mellom Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane og fylkeskommunen.

I ny industristrategi er det formulert ein strategi om å etablere «teknologicampus Sogn og Fjordane». Oppfølgingsansvaret vert lagt til satsinga kunnskap.

Det vert sett av 3,150 mill. kr til arbeid med programsatsing og avtale med høgskulen og Vestlandsforskning.

Innovasjon Norge er sentrale i satsinga gjennom utvikling av kunnskapsbasert tenesteyting.

#### VRI (Virkemiddel for Regional forskning, utvikling og Innovasjon)

Desse aktivitetane skal fremje bruken av FoU i bedriftene. Det viktigaste verkemidlet er kompetansemekling; ei teneste for å kople bedrifter eller bedriftsmiljø med innovative idear til gode forskingsmiljø. Fylkeskommunen har forplikta seg til finansiering i tre år gjennom FT-sak 40/13.

Det er sett av 0,850 mill. kr til VRI-hovudprosjekt (samhandlingsprosjektet) i 2016. VRI-innovasjonsforskning er finansiert gjennom vedtak for heile perioden.

#### Regionalt forskingsfond og mobiliseringsarbeid

Fylkeskommunen tek aktivt del i arbeidet med regionalt forskingsfond (RFF) for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane, både gjennom sekretærarbeid og deltaking i styre.

#### Næringshagar og inkubatorar

Satsinga på entreprenørskap skal medverke til å få fram nye bedrifter baserte på kreativitet og avansert kunnskap. Idear med stort utviklingspotensial vert følgde opp gjennom opptak i

inkubatorprogrammet. Tre næringshagesamarbeid, i midtre og indre Nordfjord, Sognefjorden Næringshage, og eit samarbeid i Gulen og Masfjorden er tatt opp i den nasjonale næringshagesatsinga. På nyåret 2016 skal næringshagearbeidet vurderast med tanke på vidare engasjement. Årleg støtte frå fylkeskommunen er 25 % av budsjettet (eller halvparten av det tilskotet SIVA yter). I 2015 var dette 1,025 mill. kr. Det vert budsjettet med dette beløpet også i 2016.

Tilskot til inkubatorar vert føresettt dekkja gjennom Kap. 551, post 61, kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift (INU-midlar).

#### Tenesteområde 7010 – Bedriftsretta satsingar

Teneste 7010	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Rammeløyving til Innovasjon Norge	32,700	26,337	31,000	32,300	32,300	32,300
<b>Sum</b>	<b>32,700</b>	<b>26,337</b>	<b>31,000</b>	<b>32,300</b>	<b>32,300</b>	<b>32,300</b>

#### *Rammeløyving Innovasjon Norge*

Når fylkeskommunen disponerer utviklingsmidlane må vi finne ein god balanse mellom den tilretteleggande aktiviteten som fylkeskommunen sjølv tek seg av, og dei bedriftsretta tiltaka gjennom Innovasjon Norge. Fylkeskommunen ønskjer at Innovasjon Norge i det bedriftsretta arbeidet tek ei aktiv rolle innafor dei næringsretta satsingsområda i dette budsjettet. Som grunnlag for arbeidet ligg målsetjingane om fleire gode gründerar, fleire vekstkraftige bedrifter og fleire innovative bedriftsmiljø.

Innovasjon Norge skal prioritere innsats som utløyser næringsmessige moglegheiter og lønnsam næringsutvikling i regionen. I dette ligg det å prioritere innsatsen mot levedyktige næringsklynger og større bu- og arbeidsmarknadsområde, men samstundes ta tak i dei verkeleg gode initiativa uavhengig av geografi. Ei samling av hovudinnsatsen i tyngre satsingsområde vil gje meir kraft. Vi treng fleire nyskapande og framtidsretta arbeidsplassar i fylket. Talet på arbeidsplassar innafor kunnskapsintensive og kreative tenesteytande næringar må aukast og vi ber Innovasjon Norge ta ei aktiv rolle i dette arbeidet.

Dei overordna føringane for arbeidet i 2016 vert lagt i dette budsjettet, og utdjupa i eige oppdragsbrev vedteke av hovudutval for næring og kultur. Verdiskapingsplanen er førande også for Innovasjon Norge.

I 2016 ber vi om at Innovasjon Norge særleg prioriterer desse områda, som er satsingsområda i verdiskapingsplanen:

#### Næringsnøytrale satsingar

- Nyskaping
- Kunnskap

#### Bransjeorienterte satsingar

- Sjømatnæringsane
- Fornybar energi
- Olje & gass
- Reiseliv
- Landbruk
- Industristrategi

Innovasjon Norge vert tildelt 31,000 mill. kr i 2016. Dette er ein auke på vel 4,600 mill. kr frå 2015, som dels kjem av at løyvingane til Kalvøya fiskerihamn går ut (2015 var siste løyvingsår).

I tillegg kjem midlar gjennom Kap. 551, post 61, kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift. Hovudutvalet for næring og kultur vil våren 2016 handsame ein handlingsplan for 2016 der det vert sett av midlar til bedriftsretta satsingar.

#### *Fjord Invest Såkorn AS*

Fylkestinget har gjennom eigarmeldinga vedteke at fylkeskommunen kan bruke eigarrolla si til aktivt å bidra til næringsutvikling i fylket.

Gjennom aksjemajoritet i Fjord Invest Såkorn AS skal selskapet vere ein del av fylkeskommunen sitt verkemiddelapparat i slike saker. Selskapet skal ha ein høgare risikoprofil enn ordinære ventureselskap. Fylkeskommunen kan ikkje påverke kva for verksemder Fjord Invest Såkorn AS tek opp i si portefølje.

#### *Preså Kornfond*

Fylkeskommunen har i 2015 skote inn 1,500 mill. kr i preså kornfond for Sogn og Fjordane som er forvalta av Kunnskapsparken Sogn og Fjordane.

#### Tenesteområde 7011 – Kommunikasjonsteknologi

<b>Teneste 7011</b>	<b>R-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>
Breiband og mobil	1,011	0,500	0,640	10,777	4,640	4,640
IT-forum	0,500	0,500	0,500	0,500	0,500	0,500
<b>Sum</b>	<b>1,511</b>	<b>1,000</b>	<b>1,140</b>	<b>11,277</b>	<b>5,140</b>	<b>5,140</b>

Fylkeskommunen skal spele ei sentral rolle i arbeidet med å skaffe innbyggjarar og verksemder i fylket god infrastruktur for digital kommunikasjon.

Bruk av breiband har dei siste åra endra seg i retning av meir kapasitetskrevjande tenester og behov for linjer med høgare kapasitet. Fylkestinget vedtok i april 2012 ein strategi for breibandutbygging i fylket. Strategien vil bli revidert i samråd med kommunane i løpet av 2016. Målsettinga er at alle innbyggjarar skal ha tilgang til andre generasjon breiband innan 2020. Som ei rettesnor snakkar vi om minimum 100 Mbit per sekund, begge vegar. Strategien er teknologinøytral.

Breiband er i dag å sjå på som basis infrastruktur på linje med straum, veg, vatn og avløp. Eit godt breibandtilbod gir potensial for stadvhengige kompetansearbeidsplassar, nye bedrifter, nye arbeidsformer, velferdsteknologi innan helse og omsorg, ei berekraftig befolkningsutvikling og eit positivt omdøme.

Innan reiseliv ser vi at turistdestinasjonar og overnattingsbedrifter utan eit godt breibandstilbod taper i konkurransen om gjestane.

I 2014 vart det innført ei ny tilskotsordning for breibandutbygging i Norge. Nasjonal kommunikasjonsmyndighet forvaltar ordninga etter oppdrag frå Samferdselsdepartementet. Målet er at på sikt skal alle husstandar i landet ha eit tilbod av «grunnleggjande god kvalitet».

Fylkeskommunen har ei koordinerande rolle i fylket. Hovudinnsatsen i 2016 blir å arrangere kurs og rettleie kommunane gjennom anbudsprosessen, prosjektgjennomføring, skape møteplassar og kunnskapsdeling. Vi skal også utarbeide nye fylkessøknader inn mot den nasjonale støtteordninga for breibandutbygging.

Ved utarbeiding av budsjettet for 2013 vart breibandinnsatsen styrka. Denne auken vart i samband med budsjett 2014 teken vekk for åra 2014, 2015 og 2016, og dei aktuelle midlane er lagt innatt frå år 2017 i økonomiplanen.

Fylkeskommunen har i budsjettet for 2016 sett av 1,140 mill. kr til kommunikasjonsteknologi. Det er sett av 0,500 mill. kr til IT-forum og 0,640 mill. kr til å følge opp breibandstrategien og til å løyse ut nasjonale tilskot.

#### Tenesteområde 7012 – Bransjeretta satsingar

Teneste 7012	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Reiseliv	9,500	6,550	6,250	5,200	5,200	5,200
Sjømatnæringar	2,471	4,120	0,950	0,950	0,950	0,950
Energi	0,720	0,400	0,400	0,400	0,400	0,400
Industri	0,285	0,300	0,650	0,300	0,300	0,300
Landbruk	0,490	0,300	0,300	0,200	0,200	0,200
<b>Sum</b>	<b>13,466</b>	<b>11,670</b>	<b>8,550</b>	<b>7,050</b>	<b>7,050</b>	<b>7,050</b>

#### Reiseliv

Reiselivsplanen vedteken i fylkestinget i juni 2010 er gjeldande for 2010-2025 (no teken inn i verdiskapingsplanen), og set mål om auka trafikk og auka verdiskaping på ein berekraftig måte. Fylkeskommunen engasjerer seg fordi reiseliv gir gode overrisslingsinntekter, det er mange næringar som treng koordinering, og fordi reiselivsverksemd sikrar eit godt lokalt sørvstilbod heile året.

Det er oppretta eit overordna styringsnivå, og det er sett i gang tre fylkesdekkande målretta utviklingsprogram; aktørprogrammet, berekraftprogrammet og infrastrukturprogrammet, som kvar har ansvar for ulike delar av oppfølginga av planen. Desse vert leia høvesvis av Innovasjon Norge, fylkesmannen og fylkeskommunen. Eit tett samarbeid med destinasjonsselskapa gjennom langsiktige avtalar er viktig for å sikre betre og meir effektive fellesskapstenester for reiselivsnæringa.

Satsing på reiseliv er ein tverrsektoriell innsats. Reiseliv er lagt under sektordelen til næring og kultur, men må sjåast i samanheng med samferdsletilbodet, og innsats gjennom andre sektorar som til dømes arbeid i verdsarvsområdet.

Vestlandet og fjordane tapte i åra 2008-2010 marknadsandelar i den internasjonale marknaden. Difor vart det sett av ei årleg rammestyrking (prosjektet Explore Fjord Norway) til Fjord Norge for kvart av åra 2011 til og med 2014. I 2015 reduserte vi den ekstraordinære innsatsen noko, men auka løyvingane frå nivået frå før 2011. Det er under utarbeiding ein fleirårig avtale med Fjord Norge, der løyvinga er føresett å vere på nivået frå 2015.

Det er starta opp eit eige forskingsprogram for reiseliv i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning, Innovasjon Norge og ei rekkje private aktørar.

Det vert samla sett av 6,250 mill. kr til reiseliv i 2016, fordelt slik:

- Fjord Norge – 3,000 mill. kr
- NCE Tourism Fjord Norway – 0,350 mill. kr
- Adm. reiselivsplanen – 0,200 mill. kr
- Avtalar med destinasjonsselskapa 2,700 mill. kr

Det vert utarbeidd ein ny avtale med destinasjonsselskapa for åra 2016 og 2017, innafor ei årleg ramme på 2,7 mill. kr. Det vert også utarbeidd ein ny fleirårig avtale med Fjord Norge, innafor ei årleg ramme på 3 mill. kr. Hovudutval for næring og kultur får fullmakt til å godkjenne dei to nemnde avtalane innanfor rammene til programområde 701 Tilrettelegging, støttefunksjonar og finansieringsbistand for næringslivet.

#### Sjømatnæringane

Sjømatnæringane har eit stort potensial for vidare vekst i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen har både ei forvaltarrolle og ei utviklarrolle innan sjømatnæringa. Vi har som mål å ha ei god og effektiv sakshandsaming når vi tildeler løyve og knyter til lokalitetar til desse. Vidare vil vi også ha ei aktiv rolle som tilrettleggjar for næringsutvikling. Vi vil jobbe for at fylket nyttar sitt verdiskapingspotensiale i næringa endå betre.

Rammevilkår knytt til arealbruk og lokalt eigarskap er sentrale element for vidare vekst og arbeidsplassar i fylket. Vidare er auka rekruttering til sjømatnæringa eit viktig element for vidare vekst og der fylkeskommunen og næringa må utvikle sitt samarbeid. For å fremje vidare utvikling i næringa, vil forskning og utvikling (FoU) vere reiskap vi må nytte endå meir i utviklingsprosessen.

Mykje av arbeidet som ligg til fylkeskommunen går på å bygge og utvikle arenar og møteplasser der samarbeid kan utviklast. Også innan arealplanlegging vil fylkeskommunen ha ei rolle, både overfor kommunane og overfor næringsaktørane. Denne rolla bør vi vidareutvikle. Næringa må vere budd på å delta i finansieringa av satsingsområdet.

Gjennom Verdiskapingsplanen er det innan sjømatnæringane oppretta tre fylkesdekkande utviklingsprogram. I tillegg vil «Arbeidsprogram for heilskapleg akvakulturforvaltning» (AHA!) vidareførast som ein arena for å følgje opp initiativ og sette i gong aktivitetar i skjeringsfeltet mellom villaksinteressene og havbruksnæringa.

Desse programsatsingane i verdiskapingsplanen vil bli følgd opp i 2016:

- Program Arealplanlegging
- Program Rekruttering og kompetanse innan sjømatnæringane
- Program Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane

Fylkeskommunen vil og følgje opp den fylkesovergripande marine samarbeidet (Vestlands-samarbeidet Marin satsing, «VestMarin»), som er etablert med dei tre andre Vestlandsfylka Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal.

Fylkeskommunen har eit internasjonalt engasjement gjennom deltaking i Nordsjøkommisjonen si marine resursgruppe.

Fylkeskommunen sitt største økonomiske engasjement retta mot fiskerisektoren er i hovudsak kanalisert gjennom Innovasjon Norge, men fiskeri er ein stor og viktig del av arbeidet innan rekruttering og kompetanse og Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringa.

Det er sett av til saman 0,950 mill. kr til arbeidet med sektoren sjømatnæringane:

- 0,300 mill. kr til oppfølging til å etablere ein arena for oppfølging av aktivitetane i AHA!
- 0,350 mill. kr til Aqua-Nor 2017
- 0,050 mill. kr til oppfølging av deltaking i VestMarin og andre samarbeidsareanaer
- 0,200 mill. kr til arealplanlegging
- 0,050 mill. kr til rekruttering og kompetanse

### *Energi*

Området utanfor kysten av Sogn og Fjordane er framleis ein attraktiv olje- og gassprovins på norsk sokkel. Fylket har halvparten av dei uutbygde vasskraftressursane i landet. Det er eit mål å få ein større del av verdiskapinga innan både olje/gass og fornybar energi.

Både olje/gass og fornybar energi er satsingsområde i verdiskapingsplanen, og dette vil legge føringar for arbeidet framover. Innan begge områda må næringane sjølve bidra til finansiering av satsinga. Mykje av innsatsen er også bedriftsretta og vert dekkja av Innovasjon Norge sine verkemiddel. Fleire interessentar vil no danne Forum Grøn Energi. Forumet skal ta opp i seg all satsing på fornybar energi, og bør på sikt bli ein del av klyngeutviklingsprosjekta til Innovasjon Norge. Fylkeskommunen vil arbeide med politiske problemstillingar innan fornybar energi og samstundes ha midlar disponible til utviklingstiltak.

Fylkeskommunen har saman med andre aktørar ein innsats innan olje og gass. Petroleumsrådet har koordinerande ansvar for innsatsen i verdiskapingsplanen. Maritim forening har ansvar for å



følgje opp arbeidet med leverandør- og industriutvikling. Fylkeskommunen har hovudansvar for koordinering gjennom petroleumsrådet, og ansvar for politisk påverknadsarbeid. Aktiv oppfølging av Statoil og andre feltoperatørar og lisenshavarar utanfor fylket vert viktig også i 2016. Vidareutvikling av Snorrefeltet (Snorre C) og Gjøaområdet (der første planar for Skarvfjellfeltet no er på høyring) er særleg aktuelle tema.

Petroleumsrådet har avsette midlar som er dekkja utanom dette budsjettet. I utgangspunktet skal arbeidet finansierast gjennom desse midlane. Eventuelt ytterlegare behov knytt til mellom anna prosjektarbeid vert å kome attende til.

Det blir sett av 0,400 mill. kr til næringsretta energisatsing. Offshoremessa ONS i Stavanger 2016 er finansiert tidlegare.

### *Industri*

Fylkeskommunen nyttar Innovasjon Norge (IN) som operatør for dei bedriftsretta verkemidla, og ein stor del av denne innsatsen rettar seg mot oppfølging innan industri. Vi har store utfordringar i å nå fram i ein større marknad. For å lukkast må vi ha produkt som er overbevisande gode globalt. Sterk satsing på industridesign og innovasjonar vert viktige verkemiddel framover.

Fylkestinget vedtok 13. oktober 2015 ein industristrategi. Vedteken strategi finn du på [www.verdiskapingsplanen.no](http://www.verdiskapingsplanen.no). I verksettinga vert handsama politisk i årsplanen for verdiskapingsplanen. Prioritert oppfølgingsarbeid for 2016 som krev løyvingar er omtala i budsjettet:

Strategi 1 Temabaserte møteplassar er omtala under tema nyskaping.

Strategi 2.1 Etablering av teknologicampus Sogn og Fjordane er omtala under satsinga kunnskap.

Det er ikkje trong for å setje av store summar til tilretteleggande satsingar innan industri, men noko handlingsrom må det vere særleg knytt til arenabygging.

Fylkeskommunen har lagt til rette for utvinning av rutil frå Engebø-fjellet gjennom lovnad om opprusting av vegen til Engebø. Fylkeskommunen vil også bidra med råd og rettleiing i samband med den næringsverksemda som kan verte etablert rundt gruve drifta, m.a. knoppskytingverksemd. Det vart i 2011 utforma ein intensjonsavtale om fylkeskommunal deltaking i ei inkubatorsatsing, tilsvarande 15 mill. kr samla over tre år. Fylkeskommunen sin økonomi har i ettertid vorte forringa, og i 2014 vart det slege fast at fylkeskommunen ikkje er juridisk bunden av denne avtalen. Finansutvalet gav administrasjonen i oppdrag å senke forventningane til det fylkeskommunale bidraget innan næringsutvikling, og i vedteke budsjettdokument for 2015 står det at fylkeskommunen ikkje lenger kan følgje opp intensjonen om dei nemnde 15 mill. kr til inkubatoraktivitet. Administrasjonen har ved fleire høve vore i kontakt med kommunane Naustdal og Askvoll, og indirekte Nordic Mining. Det er i denne samanhengen uttrykt vilje til å bidra med råd og rettleiing. Økonomisk støtte kan vere aktuell i samband med gode einskildprosjekt når desse ligg føre, under føresetnad at dei økonomiske rammene tillet ei slik satsing.

Det er sett av 0,650 mill. kr til industrisatsing. Dette skal gå til gode industriprosjekt, arbeidskapasitet, arenabygging og oppfølging av industristrategien.

### *Landbruk*

Fylkeskommunen sin innsats innan landbruk dreiar seg om å påverke den sentrale landbrukspolitikken til beste for landbruket i fylket og arbeide med rekruttering og kompetanseheving innan landbruket. Arbeidet må vere godt koordinert med Fylkesmannen sin innsats på feltet. Fylkeskommunen er med i gjennomføringa av Regional strategi for bygdeutvikling Sogn og Fjordane 2013-2016. Samspelet mellom bygdenæring, eit aktivt landbruk og reiseliv vil vere viktig å utnytte. Fylkesmannen har utarbeidd eit utkast til landbrukssatsing i verdiskapingsplanen som er venta vedteken i fylkestinget i april 2016.

Landbruks- og matdepartementet tildeler fylkeskommunane midlar til innsats innan rekruttering og kompetanseheving i etterkant av det årlege jordbruksoppgjeret. Tidlegare har dette vore 1,600 mill. kr. Vi forventar det same nivået i 2016. Tala er ikkje innarbeidd i dette budsjettet.

Det vert i tillegg sett av 0,300 mill. kr av fylkeskommunale midlar til landbruket gjennom dette budsjettet.

#### Tenesteområde 7019 – Andre næringsområde

Teneste 7019	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Verdiskapingsplanen	2,890	2,025	1,587	1,722	1,722	1,722
Oppfølging av satsingar	1,391	1,352	1,255	1,255	1,255	1,255
<b>Sum</b>	<b>4,281</b>	<b>3,377</b>	<b>2,842</b>	<b>2,977</b>	<b>2,977</b>	<b>2,977</b>

#### Verdiskapingsplanen

Verdiskapingsplanen vart vedteken i juni 2014, og iverksetjing av planen starta i 2015. Midlane som er sett av til verdiskapingsplanen under tenesteområde 7019 vert å disponere når trong for midlar kjem tydelegare fram. Vi føreset at det er konkurranse mellom fleire prosjekt og at midlane på den måten vert brukt mest mogleg effektivt. Det vert gjort budsjettendringar til aktuelle tenesteområde når hovudutval for næring og kultur gjer vedtak.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlar til mindre tiltak innafor ei samla ramme på 0,500 mill. kr.

#### Oppfølging av andre område

Fylkesrådmannen får fullmakt til å nytte midlane sett av under dette området. Det er sett av 1,255 mill. kr fordelt slik:

Teneste 7019	B-2016
Næringsbarometer	0,100
Kontingentar	0,035
Oppfølgingsarbeid i samband med satsingar	0,050
Tenestekjøp m.m	0,120
Gjennomføringskostnader (KMD-midlar)	0,250
Kostnader knytt til utadretta verksemd	0,100
Evaluering og resultatvurdering	0,050
Administrativ fullmakt knytt til programområde 701	0,300
Administrasjon Petroleumsrådet	0,250
<b>Sum</b>	<b>1,255</b>

#### Kompensasjonsordning for differensiert arbeidsgjevaravgift

Midlane gjennom Statsbudsjettet Kap. 551, post 61, kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift er sentrale for den samla satsinga på næringsutvikling.

Fylkeskommunen vil gjere ei vurdering av ordninga i Sogn og Fjordane. Verdiskapingsplanen er førande også for kompensasjonsordninga.

#### Tenesteområde 7099 Tilrettel./støttefunksj. for næringslivet – admin.

Løyvinga på 9,696 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostandar knytt til programområde 701.

**PROGRAMOMRÅDE 740 – BIBLIOTEK**

Teneste 7400	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7400 Bibliotek	6,847	6,498	5,882	5,582	5,382	5,382
<b>Sum</b>	<b>6,847</b>	<b>6,498</b>	<b>5,882</b>	<b>5,582</b>	<b>5,382</b>	<b>5,382</b>

Tenesta inneheld lønn og driftskostnader knytt til fylkesbiblioteket sin aktivitet, inkludert driftsoppgåver og utviklingsarbeid.

Fylkesbiblioteket

Fylkesbiblioteket arbeider for å utvikle gode bibliotektilbod i fylket. Eit sentralt mål er å styrkje regionale biblioteksamarbeid for å utnytte felles ressursar og skape sterkare fagmiljø. Formidling av den nynorske litteraturen, særleg til barn og unge, er ei hovudoppgåve. Fylkesbiblioteket sørgjer for grunnleggjande infrastruktur som felles databasesøk og transportordning for bøker og lyd bøker mellom biblioteka, organiserer eit fylkesdekkande samarbeid om e-bokutlån og tilbyr utlån av klassesett til skulane. Vidare har fylkesbiblioteket ansvaret for innsamling og kvalitetssikring av bibliotekstatistikk i fylket.

Gjennom året arrangerer fylkesbiblioteket ei rekkje [kurs og faglege samlingar](#) for bibliotektilsette. Utvikling av kurstilbodet tek utgangspunkt i resultatata frå kompetansekartlegginga som er gjennomført, jf. vedtak i [HK-sak 37/14](#). Fylkesbiblioteket leier Nettverk for bibliotekarar i vidaregåande opplæring og arbeider for å betre bibliotektilboda til eldre, funksjonshemma og innvandrarar.

I samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa starta fylkesbiblioteket lesegleidarordning hausten 2015. Lesepleiarane har gjennomgått kurs, og er klare til å reise rundt i fylket for å formidle barne- og ungdomslitteratur. Prosjektet *Lesarhistoria – ny veg til lesaren* har òg som mål å styrkje litteraturformidlinga, og er eit samarbeid med bibliotek, skular og barnehagar i fylket samt Høgskolen i Oslo og Akershus. I prosjektet *Lettare litteraturnett* utviklar vi saman med Nordland fylkesbibliotek ein nasjonal standard for digitale forfattarportalar basert på open kjeldekode. Fylkesbiblioteket arbeider for ei sterkare satsing på lesing av nynorsk i eit felles initiativ med Foreningen !les, Nynorsksenteret, Nynorsk kultursentrum, LNK og dei andre fylkesbiblioteka på Vestlandet.

**PROGRAMOMRÅDE 750 – ARKIV OG KULTURMINNEFORMÅL**

Teneste 7500	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Kulturminneutvikling	1,313	0,650	0,300	0,000	0,000	0,000
Oppdragsregistrering	-0,005	0,000	-0,872	-0,872	-0,872	-0,872
Fylkesarkivet	7,159	7,392	7,475	6,775	6,775	6,775
Kulturminnevern, adm.	6,230	5,643	6,245	5,545	5,545	5,545
<b>Sum</b>	<b>14,697</b>	<b>13,685</b>	<b>13,148</b>	<b>11,448</b>	<b>11,448</b>	<b>11,448</b>

Kulturminneutvikling

Fylkeskommunen har ei sentral rolle som forvaltar av kulturminne. Dette vert m.a. teke i vare gjennom innspel i reguleringssaker.

*Lokale kulturminneplanar*

Kulturminna er ein ressurs for verdiskaping og oppleving i lokalsamfunnet. Gjennom prosjektretta satsing på lokale kulturminneplanar har fokuset på kulturminna lokalt auka. 26 kommunar har vedteke oppstart av planarbeid knytt til kulturminner. Det er eit mål at kulturminneplanane vert eit nyttig og viktig verkty for kommunane både med tanke på vern og på lokal samfunnsutvikling. Prosjektet har vorte ein suksess og har fått tilført meir eksterne midlar enn budsjettet. Det gjer at prosjektet kan halda fram også i 2016, slik at vi bidrar til ei positiv utvikling i satsingane også i år.

*Deltaking i Riksantikvarens verdiskapingsprogram*

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore involvert i tre verdiskapingsprosjekt; Kongevegen over Filefjell, Reiseliv i industriens vogge, og Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros. Dette er samarbeidsprosjekt med fleire fylkeskommunar, kommunar og Riksantikvaren. Prosjekta har fokus på bruk av kulturminne i lokalt utviklingsarbeid. Prosjektet Reiseliv i industriens vogge vart avslutta i 2015. Det er i 2016 sett av 0,300 mill. kr til ferdigstilling av Kongevegprosjektet. Prosjektet vart avslutta i juni 2016. Kystpilegrimsleia Rogaland – Nidaros skal vidareførast fram til sommaren 2017. For 2016 er det søkt om finansiering over infrastrukturmidlane.

#### *Freda bygg og anlegg*

Fylkeskommunen har forvaltningsansvar for, og fordeler midlar frå Riksantikvaren til restaurering av freda bygningar, anlegg og miljø i privat eige. Løyvinga i 2015 var på 5,5 mill. kr. I tillegg vart det løyvd 1,5 mill. kr til kulturminne i verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap i Nærøyfjorden. Fylkeskommunen har årleg rapportering- og oppfølgingsansvar til Riksantikvaren om bruken av desse midlane.

#### *Oppdragsregistrering*

Fylkeskommunen gjennomfører årleg registrering av kulturminne. Oppgåva er sjølvfinansierende. Omfanget varierer frå år til år. I 2013 var omsetninga for dette arbeidet om lag 1,9 mill. kr.

#### Fylkesarkivet

Løyvinga til fylkesarkivet omfattar netto lønns- og driftskostnader for fylkesarkivet. Tidlegare tilskot til fylkessoga var lagt til denne delen av budsjetta. Arbeidet med fylkessoga går etter planen og bokverket skal vere klar for sal i 2016.

Fylkesarkivet arbeider målmedvite med å bevare skriftlege kjelder og syte for størst mogleg tilgjenge til desse. Fylkesarkivet har vore førande på digital lagring og formidling av arkivmateriale og vart på dette feltet rekna for å vera leiande i utviklinga nasjonalt.

#### *Kommunearkivordninga*

Kommunearkivordninga som er ein del av fylkesarkivet sin aktivitet, er sjølvfinansiert gjennom bidrag frå dei deltakande kommunane/fylkeskommunen. Gjennom det interkommunale samarbeidstiltaket «Kommunearkivordninga i Sogn og Fjordane», får alle 26 kommunar og fylkeskommunen tilgang til arkivfaglege rådgjevingstenester og depotplass for deira arkiv. I 2014 var omsetninga for dette arbeidet om lag 4,7 mill. kr.

### **PROGRAMOMRÅDE 760 – MUSEUM**

Teneste 7600	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Musea i Sogn og Fjordane	15,837	15,179	15,589	14,089	13,989	13,989
Gulatinget	1,040	1,065	1,065	0,888	0,888	0,888
<b>Sum</b>	<b>16,877</b>	<b>16,244</b>	<b>16,654</b>	<b>14,977</b>	<b>14,877</b>	<b>14,877</b>

Denne tenesta inneheld fylkeskommunen sine løyvingar til Musea i Sogn og Fjordane og til drifta av tusenårsstaden Gulatinget. Staten sitt tilskot til musea kan utgjere inntil 60% av det offentlege tilskotet. Resten, om lag 40 %, må finansierast lokalt/regionalt.

#### Musea i Sogn og Fjordane

Tilskotet til Musea i Sogn og Fjordane er fylkeskommunen sin del av tilskot til drifta av musea i fylket. Statleg tilskot er i 2016 foreslått til 34,900 mill. kr. Dette er ein auke på 1,233 mill. kr frå 2015. Dette utgjer løns- og prisvekst, og tilskot til drift av Måløyraidsenteret. Den fylkeskommunale løyvinga er i 2016 auka med kr. 410 000.

Fylkestinget forventar at Musea i Sogn og Fjordane tek del i prioriterte satsingar som fylkeskommunen initierer. I tilskotsbrevet til Musea i Sogn og Fjordane vil fylkeskommunen mellom anna be om at det vert lagt vekt på følgjande:

- Arbeidet med digital samlingsforvaltning og digital formidling vert forventa vidareført som eit viktig satsingsområde i 2016
- Som del av ein aktiv formidlingsstrategi vert det forventa at Musea i Sogn og Fjordane har dialog med reisemålselskapa om marknadsføring av tilbod, arrangement og aktivitetar gjennom året
- Fylkeskommunen ventar at Musea i Sogn og Fjordane skapar tilbod som kan turnere i den kulturelle skulesekken
- Musea i Sogn og Fjordane skapar attraktive publikumstilbod til innbyggjarane
- I oppfølging av kommunane sitt arbeid med lokale kulturminneplaner vert det forventa at Musea i Sogn og Fjordane kan bidra overfor kommunane med informasjon, kunnskap og råd knytt til lokalhistoriske tema.

#### *Framtidig finansiering av Musea i Sogn og Fjordane – fordeling mellom forvaltningsnivåa*

Musea vert finansiert gjennom eit spleiselag mellom stat, fylkeskommune og kommune. Staten set ei øvre grense på sitt tilskot på om lag 60 % av det offentlege tilskotet. Fylkeskommune og kommune må seg imellom finansiere dei resterande 40 %. I Sogn og Fjordane har fylkeskommunen tatt ein relativt stor del av den lokale/regionale tilskotsdelen. Fylkestinget har peika på at dei meiner kommunane må ta ein større del av dette driftstilskotet, og har såleis redusert tilskotet til Musea i Sogn og Fjordane med 3 mill. kroner (2015-2017). Det har vore lagt til grunn at kommunane skulle auke opp sitt samla tilskot tilsvarande. Arbeidet med å forhandle fram ny avtale med kommunane har vist seg vanskeleg, og det trengst lenger tid enn først tenkt. Etter drøftingar med kommunane og Musea i Sogn og Fjordane er det lagt til grunn at den fylkeskommunale reduksjonen på 1,1 mill. kr i 2015 vert vidareført, men fylkeskommunen trappar ikkje opp ytterlegare reduksjon i 2016 som først føresett. Kommunane nyttar 2016 til å samle seg om å auke opp tilskotet til musea med 1,5 mill. kr årleg frå 2017. Den samla fylkeskommunale reduksjonen frå 2017 vert på 2,6 mill. kr. For å løyse det fylkeskommunale tilskotet til musea, er dette programområdet styrka med 1 mill. kr i 2016. 0,5 mill. kr er lagt inn som urealisert innsparingskrav på sektoren, og må finne si løysing i samband med budsjettarbeidet for 2017.

I 2016 skal det arbeidast vidare med å få frå til ny, fast finansieringsavtale mellom Musea i Sogn og Fjordane, kommunane og fylkeskommunen. Dette som erstatning for dagens avtale som vart utvikla for 10-12 år sidan.

#### Tusenårsstaden Gulatinget

Fylkeskommunen sitt tilskot til drift og utvikling av tusenårsstaden Gulatinget er budsjettert med 1,065 mill. kr Fylkeskommunen svarar for 70 % av tilskotet til drifta, medan Gulen kommune svarar for 30 %.

#### Vidare arbeid med fellesmagasin

Det har i 2015 vore arbeidd aktivt frå Musea i Sogn og Fjordane si side for å komme opp med alternative og rimelegare løysingar for fellesmagasin for musea. Så langt har dette arbeidet ikkje lukkast, og arbeidet går no vidare med eit forprosjekt for det nedskalerte fellesprosjektet «Kløften». I dette ligg både fellesmagasin for musea og nytt formidlingsbygg for Sunnfjord Museum. Forprosjektet skal vise om det er mogleg å realisere planane, og vert gjennomført i tett samarbeid med Musea i Sogn og Fjordane og Førde kommune. Det er ein føresetnad at Førde kommune tek 50 % av kostnadane med forprosjektet om det viser seg at prosjektet ikkje vert realisert.

**PROGRAMOMRÅDE 771 – KUNSTFORMIDLING**

Teneste 7710	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Den kulturelle skulesekken	0,283	0,456	0,366	0,266	0,166	0,166
Digital kulturformidling	0,075	0,158	0,162	0,162	0,162	0,162
Kultur og helse	-0,118	-0,103	-0,103	-0,103	-0,103	-0,103
Barnehagekonsertar	0,183	0,000	0,100	0,100	0,100	0,100
Distriktsmusikarane	2,378	2,453	2,420	2,420	2,420	2,420
Den kulturelle spaserstokken	0,000	0,988	1,015	1,015	1,015	1,015
Fylkesmusikarordninga	1,592	1,121	0,980	1,020	1,480	1,480
Kunstformidling, adm.	5,527	5,621	5,003	5,003	5,003	5,003
<b>Sum</b>	<b>9,920</b>	<b>10,694</b>	<b>9,943</b>	<b>9,943</b>	<b>10,243</b>	<b>10,243</b>

Teneste 7710 omfattar lønn og driftskostnader til administrasjon av Den kulturelle skulesekken, Digital kulturformidling, kultur og helse, distriktsmusikarordninga og fylkesmusikarordninga.

Innanfor tenesta ligg og fylkeskommunen si satsing på musikk i form av skulekonsertar, barnehagekonsertar og Den kulturelle skulesekken. Desse er mest fullt ut sjølvfinansierande ved at staten stiller opp med kring 9,4 mill. kroner til desse føremåla.

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal storsatsing på kultur for barn og unge. Fylkeskommunane har tatt på seg ansvar for å forvalte spelemidlane til føremålet. Vi skal legge til rette for eit godt og profesjonelt innhald i DKS. Ordninga er utforma og skal vurderast ut frå følgjande prinsipp: Varig ordning, for alle elevane, skal realisere mål i læreplanverket, høg kvalitet, kulturelt mangfald, breidde, regularitet, samarbeid kultur – skule, lokal forankring og eigarskap.

Fylkeskommunen har rapporteringsansvar til Kulturdepartementet. DKS støttar opp om kulturstrategien gjennom å arbeide med den kulturelle grunnmuren og profesjonell kunst og kultur.

Det er lagt inn ein reduksjon i ramma for DKS på 0,100 mill. kroner i 2016.

Skulekonsertar, barnehagekonsertar og grendakonsertar

Fylkeskommunen har inngått samarbeidsavtale med Rikskonsertane om gjennomføring og produksjon av skule- barnehage- og grendakonsertar. Skulekonsertordninga og barnehagekonsertane utgjør hovuddelen av fylkeskommunen si musikksatsing ovanfor born og unge. Desse vert finansiert gjennom overføringar frå Rikskonsertane. Skulekonsertordninga er musikkdelen av DKS i Sogn og Fjordane og ansvaret for barnehagekonsertane er tett koordinert saman med DKS.

Digital kulturformidling

Internett vert ein stadig viktigare kanal for å nå publikum. Det er difor viktig å oppretthalde og vidareutvikle satsinga på digital kulturformidling. Måla for arbeidet er kunnskaps- og kompetansebygging, samarbeid, synleggjering og formidling av kultur på nett. Kulturstrategien har som målsetting å arbeide for digital kompetanse og formidling.

Kultur og helse

Kultur og helse er fylkeskommunen si satsing på å utvikle kulturtilbod for menneske med særlege behov. Arbeidet skjer tett opp til helsesektor, utdanningsinstitusjonar, frivillige lag og organisasjonar samt kommunar. Arbeidet er i hovudsak utarbeiding av kurs, årleg kulturfestival for utviklingshemma, rettleiing, prosjekt, direkte arbeid og kompetansehevande tiltak.

Gjennomgåande tema i kulturstrategien er kulturtilbod for alle. Det er viktig å fokusere på mangfald i deltakinga og i enkelte tilfelle målrette aktivitets- og opplevingstilbod til dei som treng det mest, som innvandrarak og flyktingar eller dei som brukar kulturtilboda lite i dag.

Distriktsmusikarane

Løyvinga til distriktsmusikarordninga er fylkeskommunen sin del av lønskostnadane (25 %) knytt til 15 stillingar som distriktsmusikarar i Førde, Gloppen og Sogn (Leikanger, Luster og Sogn). Distriktsmusikarordninga utgjer eit viktig fundament for heile musikklivet i fylket og har ulike roller innan undervisning, instruksjon, opplæring, formidling, utøving og konsertproduksjon for alle målgrupper. Distriktsmusikarordninga er eit fundament for orkestersonsatsinga i fylket. I høve til kulturstrategien støtter ordninga opp mot satsingsområde profesjonell kunst og kultur og den kulturelle grunnmuren.

Fylkesmusikarordninga

Fylkesmusikarordninga vart evaluert i 2010 og hovudutval for kultur vedtok i sak 54/12 at fylkeskommunen si satsing på folkemusikk skulle vidareførast som ein folkemusikkdel av distriktsmusikarordninga. Vedtaket er førebels ikkje sett verk i påvente av ei avklaring av den økonomiske framtida. Med den økonomiske ramma som no ligg føre kan vedtaket setjast i verk i 2018.

Denne ordninga støtter opp om kulturstrategien både innan satsingsområda kulturarv og profesjonell kunst og kultur.

For fylkesmusikarordninga ligg det inne ein reduksjon i ramma på 0,700 mill. kr i 2016, 0,600 mill. kr i 2017 og 0,200 mill. kr i dei komande åra.

Kunstformidling – administrasjon

For å administrere desse ordningane er det sett av midlar til løn. I 2015 vart det vedteke ei innsparing på 0,210 mill. kroner og i 2016 0,500 mill. kroner. Dette er knytt til ei stilling som vart sett i vakanse frå 1. august 2015.

**PROGRAMOMRÅDE 772 – KUNSTPRODUKSJON**

Teneste 7720	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Førdefestivalen	3,278	3,259	3,229	3,279	3,279	3,279
Norsk Country treff	0,849	0,877	0,827	0,877	0,877	0,877
Opera Nordfjord	1,193	1,448	1,436	1,486	1,486	1,486
Sogn og Fjordane Teater	5,757	5,890	5,998	6,048	6,048	6,048
Ufordelt innsparing				-1,000	-1,000	-1,000
<b>Sum</b>	<b>11,077</b>	<b>11,474</b>	<b>11,490</b>	<b>10,690</b>	<b>10,690</b>	<b>10,690</b>

Teneste 7720 inneheld fylkeskommunen sine avtalebaserte løyvingar til knutepunktinstitusjonane. Det er lagt inn ein reduksjon på 0,200 mill. kroner i 2016. Dette er fordelt med ein reduksjon på 0,050 mill. kr på kvar av dei fire mottakarane. Frå 2017 er det sett opp ein ufordelt reduksjon på 1,000 mill. kr. Fordelinga av desse reduksjonane må skje som ein del av budsjettprosessen fram mot budsjett 2017.

Regionale kulturinstitusjonar

Gjennom avtalar med stat og kommune bidreg fylkeskommunen til å drive og utvikle våre store regionale kulturinstitusjonar. Det er sett av 11,490 mill. kr til dette i 2016. Det er 0,142 mill. kr mindre enn det avtalen krev.

Fylkeskommunen er ein engasjert og interessert eigar/medstiftar og økonomisk bidragsytar. Innanfor samfunnsoppdraget til institusjonane skal desse utvikle sin eigen form og måte å produsere og formidle god kunst og kultur til innbyggjarane. Samstundes peikar fylkeskommunen også på område der vi utfordrar institusjonane på å ha klare strategiar og mål for sin aktivitet. Dette vil m.a. vere:

- Strategiar for å nå barn og unge
- Vere synlege og til stades i store deler av/heile fylket

- Kompetansebase for andre aktørar
- Samarbeid mellom institusjonane og deltaking i å utvikle det regionale kulturlivet
- Publikumsarbeid

#### *Førde internasjonale folkemusikkfestival (Førdefestivalen)*

Festivalen arbeider kontinuerleg med kunstnarleg utvikling og nyskaping, og har vore ein del av knutepunktordninga, der dei også skal vere ressurs for andre festivalar. Dei driv også aktivt publikumsarbeid. Førdefestivalen vart evaluert av Kulturdepartementet i 2014. Festivalen fekk svært gode tilbakemeldingar på alle knutepunktkriteria frå alle som deltok i evalueringa. Knutepunktordninga er i forslag til statsbudsjett vedteke avvikla. Kva økonomiske konsekvensar dette vil få for Førdefestivalen og fylkeskommunen sitt bidrag til denne festivalen er per no ukjent.

#### *Sogn og Fjordane Teater*

Sogn og Fjordane Teater driv kontinuerleg utvikling av den regionale teatersatsinga. Dei har eit tett samarbeid med dei andre nynorsk-teatera i landet, noko dei vil utvikle vidare. Dei driv aktivt publikumsarbeid.

Staten sin auke er på 0,348 mill. kr i høve nivået i 2014. Fylkeskommunen aukar løyvinga med 0,108 mill. kr frå 2014 for å møte den statlege auken.

#### *Opera Nordfjord*

Opera Nordfjord har ambisjonar om å stadig nå ut til nye målgrupper med sine produksjonar og vil satse på aktivitetar året rundt. For å oppretthalde jamn aktivitet, vil dei satse på eit heilårskor.

Det statlege tilskotet er auka med 0,086 mill. kr. Fylkeskommunen har auka si løyving i 2016 med 0,026 mill. kr, men sidan dette er mindre enn reduksjonen på 0,050 mill. kr vert tilskotet likevel litt mindre enn i 2015.

#### *Norsk Countrytreff*

Norsk Countrytreff fekk knutepunktstatus i 2012. Festivalen har som oppgåve å planlegge og gjennomføre ein countryfestival kvart år på Breim. Som knutepunktfestival skal dei vere førande innan sin sjanger, ha fokus på nyskaping, og vere ein ressurs for andre festivalar. Norsk Countrytreff vart evaluert av Kulturdepartementet i 2014. Knutepunktordninga er i forslag til statsbudsjett vedteke avvikla. Kva økonomiske konsekvensar dette vil få for Norsk Countrytreff og fylkeskommunen sitt bidrag til denne festivalen er per no ukjent.

### **PROGRAMOMRÅDE 775 – FYSISK AKTIVITET**

<b>Teneste 7750</b>	<b>R-2014</b>	<b>B-2015</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>
Idrett, tilskot	1,450	1,450	2,050	1,450	1,450	1,450
Idrett, administrasjon	1,247	1,699	1,243	1,243	1,243	1,243
<b>Sum</b>	<b>2,697</b>	<b>3,149</b>	<b>3,293</b>	<b>2,693</b>	<b>2,693</b>	<b>2,693</b>

Teneste 7750 idrett inneheld tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins, driftstilskot til fylkesidrettsanlegg og lønn- og driftskostnadar til administrasjon av idretts- og utviklingsarbeid. For 2016 er det lagt inn eit tilskot til rulleskibane ved Langeland ski og fritidssenter AS på 0,600 mill. kr.

#### *Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv*

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart vedteken av fylkestinget i desember 2013, og er styrande for denne satsinga. Handlingsprogrammet vert rullert av fylkestinget i desember 2015. Ein tydeleg regional plan med omfattande og gode handlingsprogram har komme godt i gong og syner til no gode resultat. Ein rekke tiltak er sett i verk og omfanget av spelemidlar til fylket har auka betydeleg. På aktivitetssida er tiltak knytt til tilrettelegging, tilgang og kunnskap, og syner



tiltak som vert gjennomført av partnarskapen. Det er viktig å halda fram med fokuset på fysisk aktivitet for alle.

#### Tilskot til idrettsorganisasjon

Fylkeskommunen støttar Sogn og Fjordane idrettskrins med 1,250 mill. kr i driftstilskot i 2016.

#### Drift idrettsanlegg

Fire anlegg får årleg eit driftstilskot på til saman 0,200 mill. kroner.

#### Spelemidlar

Fylkeskommunen har eit forvaltningsansvar for dei statlege spelemidlane til idrett-, nærmiljø- og friluftslivanlegg. I 2015 fekk Sogn og Fjordane vel 37 mill. kr til føremålet. Det er 9 mill. kr meir enn i 2014. Dette kjem både av at tippenøkkelen er endra frå sentralt hald og fordi talet på godkjente søknadar har auka mykje. Slik det ser ut no vil talet på søknader og auke i 2016 og det er eit mål at omfanget av spelemidlar skal auke også i 2016.

### PROGRAMOMRÅDE 790 – ANDRE KULTURAKTIVITETAR

Teneste 7900	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
Ungdomspolitisk utval	0,199	0,132	0,169	0,169	0,169	0,169
Fylkesting for ungdom	0,09	0,095	0,032	0,032	0,032	0,032
Ungdommens kulturmonstring	0,512	0,635	0,756	0,756	0,756	0,756
Kulturkort for ungdom						
Kulturmidlar festivalar og arr	4,423	3,926	4,214	4,391	4,391	4,391
Fylkesjubileet	0,111					
Utviklingsmidlar Kultur	4,211	2,700	2,600			
Andre kulturaktivitetar, administrasjon	2,655	1,944	3,239	3,239	3,239	3,239
<b>Sum</b>	<b>12,120</b>	<b>9,432</b>	<b>11,010</b>	<b>8,587</b>	<b>8,587</b>	<b>8,587</b>

Teneste 7900 inneheld lønn- og driftskostnader, gjennomføring av ungdomspolitisk utval og UKM (Ung Kultur Møtest), tilskot til lag og organisasjonar og utviklingsmidlar for kultur. Det ligg inne ein auke i ramma frå 2015 til 2016 på 1,755 mill. kroner. Differansen kjem av interne omprioriteringar i administrasjonen, auka tilskot til Ungdommens kulturmonstring og auke i kulturmidlar. Det siste kjem av endra prioriteringar etter nedskjeringane.

#### Fylkesting for ungdom/ungdomspolitisk utval

Det er sett av 0,201 mill. kr til gjennomføring av fylkesting for ungdom, møteverksemd og sekretariatsfunksjon for ungdomspolitisk utval. Dette er viktige demokratiske organisasjonar for både deltaking og læring av demokratiske prosessar. Barn og unge er eit av satsingsområda i fylkeskommunen.

#### UKM (Ung Kultur Møtest)

Budsjett 2016 til UKM er på 0,756 mill. kr. UKM er innarbeidd som ei viktig arena der barn og unge får vise seg fram. Kommunane har ansvar for lokale monstringar, fylkeskommunen for fylkesmonstringa og UKM Norge har den nasjonale rolla. Fylkeskommunen ynskjer at fylkesmonstringa skal rullere mellom regionane. Det er inngått ei intensjonsavtale mellom fylkeskommunen og Førde kommune om eit samarbeid i 2016. Samarbeidsavtale skal utarbeidast kvart år. Fylkeskommunen forpliktar seg til gjennom avtale med UKM Norge å ha fokus på bl.a. møteplassar som fører til stimulering og synleggjering av ungdomen sine kulturuttrykk i fylket.

#### Kulturmidlar frivillig sektor

Tilskot til allmenne kulturføremål skal gå til det frivillige kulturlivet i Sogn og Fjordane. I 2016 er det sett av 4,214 mill. kr i midlar til frivillig sektor. Søkjarane er frivillige lag og organisasjonar, institusjonar og einskildpersonar. Løyvinga inneheld også avsetjing til utvida kunstnarstipend og fylkeskulturpris. Fylkeskommunen utfordrar frivillig sektor til å arbeide med å oppnå regionale mål. Det er difor inngått utviklingsavtalar med enkelte organisasjonar. Eit satsingsområde i

kulturstrategi 2015-2018 er frivillig sektor sine rammevilkår lokalt og regionalt. I kulturstrategien vert det sagt at det er viktig å etablere nye utviklingsavtaler i perioden.

#### Utviklingsmidlar kultur

I 2016 er budsjett til utviklingsmidlar for kultur på 2,600 mill. kroner. Midlane er bunde opp mot til utviklingsavtale med Selje kommune og løyving til Hafstadparken. 2016 er siste året med løyvingar til desse to føremåla. I tillegg disponerer hovudutvalet 1,075 mill. kroner til kulturutviklingsarbeid frå forvaltningsbudsjettet.

#### Andre kulturaktivitetar – administrasjon

Til lønn- og administrasjon for tilsette knytt til tenesta er det i budsjett 2016 sett av 3,239 mill. kroner.

### 9.3 ØKONOMIPLANPERIODEN 2017-2019

Programområde	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
701 Tilrettel./støttef./finansieringsbistand for næringslivet	91,915	82,056	78,803	93,069	86,932	86,932
Ufordelt innsparingskrav næring	0,000	0,000	0,000	-3,600	-3,600	-4,000
740 Bibliotek	6,847	6,498	5,882	5,582	5,382	5,382
750 Kulturminnevern	14,697	13,685	13,148	11,448	11,448	11,448
760 Museum	16,877	16,244	16,654	14,977	14,877	14,877
771 Kunstformidling	9,919	10,694	9,943	9,943	10,243	10,243
772 Kunstproduksjon	11,077	11,474	11,490	10,690	10,690	10,690
775 Idrett	2,697	3,149	3,293	2,693	2,693	2,693
790 Andre kulturaktivitetar	12,120	9,432	11,010	8,587	8,587	8,587
Ufordelt innsparingskrav kultur	0,000	0,000	0,000	-0,500	-0,500	-0,500
<b>Sum</b>	<b>166,149</b>	<b>153,232</b>	<b>150,223</b>	<b>152,889</b>	<b>146,752</b>	<b>146,352</b>

#### Økonomiske rammer

Den nye sektoren næring og kultur har tilpassa seg dei innsparingskrava som ligg føre i 2016, men for økonomiplanperioden 2017-2019 har både næring og kultur eit ufordelt innsparingskrav som reduserer totalramma.

Aktivitetane innafor dei ulike satsingsområde vert tilpassa dei økonomiske rammene. I tillegg til fylkeskommunale midlar disponerer mange tenesteområde også statlege midlar øyremerka til konkrete satsingsområde.

Ramma endrar seg og i takt med endringane i vedtekne eksterne tilskot, jf. dei faste bindingane i neste avsnitt.

Ved utarbeiding av budsjettet for 2013 vart breibandinnsatsen styrka. Denne auken vart i samband med budsjett 2014 teken vekk for åra 2014-2016, men budsjettetert inn igjen frå 2017. Det er derfor ein auke i budsjetttramma på programområde 701 frå 2016 til 2017.

#### Kulturstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune 2015-18

Kulturstrategi for Sogn og Fjordane fylkeskommune er førande for kultursatsingane i planperioden 2015 -18. Kulturarv. Strategien set fokus på å fremje kulturarv, profesjonell kunst og kultur og frivillig sektor. Tilgjenge, barn og unge som målgruppe og nynorsk språk er tema som skal gjennomsyre dei ulike satsingane.

Faste bindingar - næring

No ligg det føre følgjande bindingar, der det er tilsegnsbrev og avtalar med ein annan part. Vi viser også bindingar i 2015 slik at endringane og nedgangen i forpliktingar kjem fram:

Bindingar/tiltak	2015	2016	2017	Merknader
Fjord Norge	1,450	3,000	3,000	For 2015 gjeld B2011/Øk.plan. Ny avtale for 2016 og 2017.
Avtale mellom UE og SFFK	0,900	0,900		B2015/Øk plan / HPN sak 72/14
Solund til 1000	0,375			B2012/Øk plan
Kalvøya	2,670			B2013/Øk.plan.
Næringshageprogrammet	1,025	1,000	1,000	Gamal FT sak 4/13 og HPN sak 28/15. Ny sak i 2016 som gjeld for åra 2016 og 2017.
NCE – tourisme – Fjord Norway	0,350	0,350		FT sak 16/13.
Avtalar med destinasjonsselskapa	3,000	3,000	2,000	FT sak 52/13. Ny avtale for 2016 og 2017
<b>Sum</b>	<b>9,770</b>	<b>8,250</b>	<b>6,000</b>	

VRI-satsinga er ikkje omtala her.

## 10. SAMFERDSLE

Sektoren er delt i følgjande programområde med slike nettøløyvingar:

Programområde	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak	404,182	498,756	465,447	494,788	519,708	506,110
730 Bilruter	255,419	263,869	264,029	238,896	231,688	230,022
731 Fylkesvegferjer	96,227	106,962	115,963	130,865	127,140	136,061
732 Båtruter	119,083	116,069	107,875	106,699	102,287	100,130
733 Tilrettelagd transport	9,166	8,609	10,299	10,985	10,985	10,985
<b>Sum</b>	<b>884,077</b>	<b>994,265</b>	<b>963,613</b>	<b>982,233</b>	<b>991,808</b>	<b>983,308</b>

### 10.1 BUDSJETTPROFIL

Det vert vist til kapittel 2 i budsjettreglement for fullmaktene til hovudutvalet for samferdsle.

Regional transportplan 2014-2017 har sett opp følgjande målbilete for samferdslesektoren i Sogn og Fjordane:

- Det er trygt og enkelt å ferdast på vegen
- Det er utvikla robuste bu-, arbeid- og serviceområde (BAS)
- Fleire reiser kollektivt
- Det er tilrettelagt for aktiv transport
- Samferdsle-infrastrukturen er tilgjengeleg for alle.

Fylkeskommunen er ein viktig samfunnsutviklar i Sogn og Fjordane. I budsjettet for 2016 er det sett av 963,6 mill. kr til samferdsle. Midlane skal dekkje drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, drift av fylkesvegferjene og kjøp av kollektivtenester m.m. I tillegg skal midlane dekkje deler av investeringar på fylkesvegnettet, jf. investeringsbudsjettet.

Regional transportplan 2014-2017 legg opp til følgjande profil/satsingsområde for prioritering av midlane:

- Lovpålagde oppgåver og kontraktsfesta bindingar
- Vedlikehald av fylkesvegnettet
- Mindre investeringstiltak
- Utvida kollektivtilbod
- Utgreiingsarbeid
- Store investeringsprosjekt.

Fordeling av midlane i budsjettet for 2016 er gjort med grunnlag i denne prioriteringa.

For å skape eit attraktivt fylke er det viktig med eit godt transportsystem, så vel for gåande og syklende som for kollektivreisande og bilistar. Kollektivtilbodet er viktig også når det gjeld satsingar på reiseliv og for å støtte opp under større arbeids- og bustadområde.

Hovudprioriteringane i samferdslebudsjettet for 2016:

- Halde driftsstandard på fylkesvegnettet
- Auka satsing på vegvedlikehald, særleg innanfor tunnelvedlikehald
- I hovudsak vidareføre nivået på kjøp av ferje, buss- og båtrutetenester, med mindre rutejusteringar for å møte innsparingskrav
- Vidareføre etablerte ungdomstiltak og tilrettelagt transport
- Halde fram arbeidet med anbod på busstenester
- Byggestart på investeringsprosjektet fv. 60 Ugla-Skarstein

I budsjett for 2016 er det ei særskilt satsing på tunnelrehabilitering med ei løyving på 190 mill. kr. Samla sett er løyvinga til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet på eit nivå der det skal vere mogleg å redusere forfallet på fylkesvegnettet.

Det vert lagt opp til å vidareføre nivået på kjøp av ferje, buss- og båtrutetenester på om lag same nivå som i 2015. For å tilpasse seg nye rammer på samferdslesektoren blir det gjort justeringar i rutetilbodet.

20. juni 2016 er det oppstart av drift av anbodspakken som omfattar bussrutene i Sunnfjord, ytre Sogn og delar av Nordfjord. Firda Billag Buss AS er operatør i denne anbodskontrakten.

I 2016 skal det tredje og siste bussanbodet i fylket tildelast. Dette omfattar rutene i indre Sogn.

#### Fylkesveginvesteringar

Sogn og Fjordane fylkeskommune følgjer opp satstinga på investeringar. I 2016 er det lagt opp til investeringar på fylkesvegnettet på 217,2 mill. kr. Hovuddelen av investeringane er knytt til fv. 60 Uгла – Skarstein.

Trafikktryggingstiltak er ei prioritert satsing i heile økonomiplanperioden med årlege løyvingar på 8,2 mill. kr.

Skredsikring er også eit prioritert område med investeringar på tilsaman 164,8 mill. kr i 2016. I 2016 vil det bli utbetalt 60,4 mill. kr i refusjon til Luster kommune for forskottering av fv. 55 Gullringen. Vidare er det sett av 92,4 mill. kr til fv. 337 Bjørnabakken.

## **10.2 ÅRET 2016 – OMTALE AV PROGRAMOMRÅDE OG TENESTER**

### **LØYVINGAR UNDER ANDRE PROGRAMOMRÅDE**

#### Programområde 400 Politisk styring

Det er sett av 0,175 mill. kr i utviklingsmidlar på teneste 4005 Til disposisjon for utvala. Midlane vert fordelte av hovudutvalet for samferdsle. Det er ein føresetnad at midlane skal nyttast til å bygge opp under prioriteringane i det samla budsjettet, og at midlane ikkje skal nyttast til varige tiltak.

#### Programområde 460 Tenester utanom ordinært fylkeskommunalt ansvarsområde

Det er sett av 0,675 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskot. Løyvinga skal dekkje følgjande tiltak:

- 0,525 mill. kr i tilskot fjellvegen mellom Årdal og Luster jf. avtale med AL Fjellvegen Årdal – Luster.
- 0,150 mill. kr i tilskot til prosjektet med sykkelbyavtale i Førde kommune.

**PROGRAMOMRÅDE 722 – FYLKESVEGAR, MILJØ OG TRAFIKKTRYGGINSTILTAK**

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7220 Renter for vegforskotteringar		3,000	1,750	1,750		
7221 Driftsmidlar overført til investering	65,750	49,658	11,845	14,000	14,000	11,100
7222 Fylkesveggar - drift og vedlikehald (netto)	329,448	436,127	427,443	454,629	483,499	472,801
7223 Fylkesveggar - uforutsette hendingar		0,600	15,000	15,000	15,000	15,000
7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar	1,002	1,200	1,200	1,200	1,200	1,200
7224 FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane	4,623	5,000	5,000	5,000	2,800	2,800
7229 Fv. , miljø og trafikktiltak - adm.	3,359	3,171	3,209	3,209	3,209	3,209
<b>Sum</b>	<b>404,182</b>	<b>498,756</b>	<b>465,447</b>	<b>494,788</b>	<b>519,708</b>	<b>506,110</b>

Teneste 7220 Renter for vegforskotteringar

Det er lagt opp til løyvingar i høve vedtak i FT- sak 14/07. Løyvingane er knytte til kompensasjon for rentekostnader i samband med forskottering av kostnadane med Gullringen-tunnelen i Luster kommune. Det er løyvd 1,75 mill. kr i 2016.

Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering

Det er sett av 11,8 mill. kr i driftsmidlar til investering, jf. investeringsprogram for fylkesveg.

Teneste 7222 Fylkesveggar – drift og vedlikehald (netto)

Statens vegvesen står for den operative oppfølginga av vegnettet på oppdrag frå fylkeskommunen. I dette ligg gjennomføring av anbudsprosessar, kontraktsinngåing og oppfølging av kontraktar for drift og vedlikehald, ferjedrift og investeringsprosjekt.

Oppdraget og løyvingane blir fastsette i den årlege leveranseavtalen mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen. Leveranseavtalen skal sikre gjennomføring av budsjettføresetnadane innanfor fastlagde rammer i forhold til kostnad, framdrift og kvalitet.

Innanfor budsjetttrammene vil det bli prioritert å auke satsinga på vegvedlikehald og særleg vedlikehald i tunnellar.

Drift og vedlikehaldsoppgåvene vert utførte av entreprenørar etter konkurranse. Det er sett av 427,4 mill. kr (netto) til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet i 2016. Det er budsjettert med 95 mill. kr i refusjon av meirverdiavgift. Samla gir dette ei bruttoløyving til drift og vedlikehald på 522,4 mill. kr i 2016, jf. tabellen under.

Løyvinga fordeler seg på følgjande tiltak:

Tiltak	mill. kr
<b>Drift</b>	
Driftskontraktar (driftskontrakt, elektrokontrakt, refusjon kommunar, generell drift)	197,600
Andre faste driftsutgifter (straum, tilskot veglys og andre bundne kostnader)	7,700
<b>Vedlikehald</b>	
Høyangertunnelen	113,000
Tunnel	77,000
Bru/ferjekai - drift og vedlikehald	32,000
Dekkelegging/forsterking/vegmerking	31,000
Vegutstyr, miljø og andre tiltak (rekkverk, murar, grøfting, reparasjon m.m.)	62,143
Utbetring fv. 616 Kalvåg-klubben	2,000
<b>Brutto drift og vedlikehald</b>	<b>522,443</b>
Føresett mva. refusjon	95,000
<b>Netto drift og vedlikehald</b>	<b>427,443</b>

Løyvinga på 2 mill. kr til fv. 616 Kalvåg-Klubben er eit spleiselag der det er føresett at både Bremanger kommune og næringslivet stiller med tilsvarande løyvingar.

Fordelinga på drift og vedlikehaldstiltak er førebels. Fylkeskommunen vil i samarbeid med Statens vegvesen gjere endeleg fordeling i samband med utarbeiding av leveranseavtalen med Statens vegvesen for 2016.

#### Skadefond for fylkesvegnettet

Erfaringane frå perioden 2010, dvs etter forvaltningsreforma, og fram til i dag syner at det er behov for å ha midlar til å dekkje uføresette hendingar på fylkesvegnettet. Midlane er aktuelle både til ekstraordinære drifts- og vedlikehaldstiltak, til investeringar som følgje av skade og til båtskyss ved vegstengingar.

Det er i 2016 løyvd 15 mill. kr til styrking av skadefondet. Fondet vil gi fylkeskommunen noko større sikkerheit til å kunne møte uføresette hendingar utan at dette går ut over andre prioriterte tiltak.

Følgjande retningslinjer for disponering av midlar til uføresette hendingar på fylkesvegnettet er lagt til grunn:

#### Føremål

Føremålet er å reservere midlar til å møte finansiering av uføresette hendingar på fylkesvegnettet.

#### Økonomisk ramme

Det vert lagt opp til ei årleg løyving til formålet. Storleiken på løyvinga vert vurdert i dei årlege budsjettprosessane. Ubrukte midlar ved årets slutt vert overført eit eige skadefond for fylkesvegnettet.

Om skadefondet overstig 30 mill. kr, kan overskytande kapital kanalisertast mot ordinære drifts- og vedlikehaldsoppgåver.

#### Utgifter som kan dekkjast

Løyvinga/skadefondet kan disponerast til ekstraordinære utgifter i samband med ekstremvær, ras, flaum til:

- Vedlikehald/investeringar som følgje av ekstraordinær skade på infrastruktur

- Alternativ transport ved uføresette vegstengingar.

#### *Fullmakt til disponering*

Hovudutvalet for samferdsle får fullmakt til å disponere midlane i tråd med retningslinene.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere midlane til å dekkje utgifter til naudsynt alternativ transport når vegar blir stengde på grunn av ras eller skade.

I høve sluttsaldering av kostnader knytt til brannen i Skatestraumtunnelen har fylkesrådmannen fullmakt til å saldere avrekning av tildelt skjønstilskot frå KMD og eventuell erstatning frå eigar av vogntoget si ansvarsforsikring mot skadefondet for fylkesvegnettet, jf. FT-sak 45/15.

#### Teneste 7224 FTU – administrasjon og tiltaksmidlar

Det er sett av 1,2 mill. kr. Posten dekkjer driftsutgifter for FTU (Trafikktryggingsutvalet) samt tilskot og aktivitetar i regi av FTU.

#### Teneste 7225 FTU – Trafikktryggingstiltak i kommunane

Det er sett av 5 mill. kr til trafikktryggingstiltak. Midlane vert fordelte av FTU innanfor rammene av ordninga.

#### Teneste 7229 Fv., miljø og trafikktiltak - adm.

Løyvinga på 3,2 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader på fylkesvegområdet.

### **PROGRAMOMRÅDE 730 – BILRUTER**

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7300 Buss - kjøp av teneste	172,128	184,950	196,300	198,555	203,372	201,706
7301 Buss - skuleskyss u.transp./div. grunnskulen	33,716	32,500	23,030	6,441		
7302 Buss - skuleskyss vidaregåande skule	24,700	21,000	15,300	3,633	0,500	0,500
7303 Ungdomstilbod	6,339	6,200	6,500	6,500	4,245	4,245
7306 Diverse kollektiv	10,276	10,120	12,316	13,184	12,988	12,988
7309 Bilruter - kontorbudsjett	8,260	9,099	10,583	10,583	10,583	10,583
<b>Sum</b>	<b>255,419</b>	<b>263,869</b>	<b>264,029</b>	<b>238,896</b>	<b>231,688</b>	<b>230,022</b>

#### Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste

Det fylkeskommunale kjøpet av busstenester skjer delvis gjennom avtalar med busselskapa og delvis gjennom anbudskontraktar. I Sogn kjøper fylkeskommunen busstenester gjennom avtale med busselskapet i 2016. Ruteområdet som er definert som Sunnfjordpakken går over frå avtale til anbudskontrakt frå og med 20. juni 2016. I Nordfjord skjer kjøpet av busstenester gjennom anbudskontrakt.

Fylkeskommunen skal kjøpe tenester frå selskapa for 196,3 mill. kr. I denne summen inngår lokale ruter, skuleskyss til grunnskulane, kompetansehevingstiltak og tilskot til skuleskyssen mellom Aurland og Sogndal.

For 2016 er det i hovudsak lagt opp til ei vidareføring av rutetilbodet. For å få til ei gradvis opptrapping fram mot vedtekne innsparingskrav på bilruter i 2018 og 2019 er det likevel lagt inn ruteendringar med ein kostnadseffekt på om lag -1,6 mill. kr for 2016. Dette er effektiviseringar og ruteendringar som er vurdert til å råke få reisande. Desse er handsama i Hovudutval for samferdsle.



Teneste 7301 Buss – Skuleskyss Undertransportørar/ div.grunnskulen

Noko av skuleskyssen i fylket vert køyrd av undertransportørar, i hovudsak drosje. For avtalane som gjeld Sunnfjord fram til 20. juni 2016 og Sogn er denne kostnaden skilt ut og budsjettert på denne tenesta. Det er sett av 22,2 mill. kr til dette i 2016. Undertransport i Nordfjord og Sunnfjord etter anbudsoppstart er inkludert i bussanboda og budsjettert på teneste 7300.

I tenesta er det også budsjettert 0,8 mill. kr. til diverse skyss, d.v.s. skyss ved skade/sjukdom og vaksenopplæring.

Teneste 7302 Buss – Skuleskyss vidaregåande skule

For 2016 er det sett av 13,9 mill. kr til busstransport for elevar i vidaregåande skule i område som er omfatta av avtalane med busselskapa i Sunnfjord fram til anbudsoppstart 20. juni 2016 og Sogn. Skuleskyss vidaregåande skule i Nordfjord og Sunnfjord etter 20. juni 2016 er inkludert i bussanboda og budsjettert på teneste 7300.

I tillegg kjem diverse skyss, m.a. skyss ved skade/sjukdom, privat skyss, skyss i andre fylke og utplassering. For vidaregåande elevar kan tilpassa transport bli særleg kostnadskrevjande på grunn av avstand til skulen. Det er sett av 1,4 mill. kr til skyss skade/sjukdom etc.

Teneste 7303 Ungdomstilbod*Ungdomskort*

Ungdomskortet bidreg til at ungdommar innarbeider gode vanar med å reise kollektivt, og fylkeskommunen vurderer derfor tiltaket som positivt. Ungdomskortet gjev ungdom mellom 16 og 19 år rett til å reise fritt med kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane og kostar i 2016 380 kr. pr månad.

Det er sett av totalt 5,5 mill. kr til ungdomskort i 2016, fordelt med 4,0 mill. kr på buss og 1,5 mill. kr på teneste 7323 Båt – diverse.

*"Trygt heim for ein 50-lapp"*

Ungdommar mellom 16 og 24 år får tilbod om rimeleg skyss heim frå ulike tettstader i fylket. Tilbodet gjeld kvar natt til søndag og er budsjettert med 1,5 mill. kr i 2016.

*Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)*

Tilbodet er til fleksible skyssløysingar for ungdommar til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag - og kveldstid. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år. I 2015 var det 17 kommunar som søkte og fekk midlar. Det er sett av 1,0 mill. kr til dette tilbodet i 2016.

Teneste 7306 Diverse kollektiv*Ruteinformasjon/marknadsføring*

Produksjon og distribusjon av rutehefte og andre trykksaker er budsjettert med 0,9 mill. kr.

Avtale om drift av Ruteopplysninga 177 og leige av søkemotor og callsenterløysing gjev ein kostnad på 0,9 mill. kr.

Ein konsekvens av anbudsutsetjinga på buss og båt er at fylkeskommunen overtek inntektsansvaret og dermed òg ansvar for marknadsføring av kollektivtilbodet. Det er sett av 0,9 mill. kr til marknads- og informasjonsaktiviteter.

*Passasjerterminalar*

Tenesta omfattar leigekostnad til terminalar/venterom i Sogndal, Øvre Årdal, Skei, Måløy, Vardetangen, Smørhamn, Vadheim, Solleibotn, Florø, Stryn og Nordfjordeid. I samband med oppstart av drift i Sunnfjord anboda kjem det i tillegg inn leigekostnader til terminalar i Svelgen, Høyanger, Dale, Sandane, Florø og Førde frå 20. juni 2016. Det er sett av 4,4 mill. kr til føremålet.

*Elektronisk billettering*

Bankane har frå 2011 skjerpa krava til elektroniske pengetransaksjonar. Ved betaling med bankkort skal billettmaskina kople seg opp mot banken for godkjenning av kort og kode. Dei årlege driftsutgiftene er 2,0 mill. kr. i 2016.

*Diverse*

Kostnadskompensasjon for at kommersielle ekspressbussruter nyttar fylkeskommunalt takstsystem innan fylket og kjøp av ekstra avgangar mellom Måløy og Eid har ein forventa kostnad på totalt 2,4 mill. kr i 2016. I tillegg ligg her ei avsetning for uføresette kostnader på 0,9 mill. kr.

Teneste 7309 Bilruter - kontorbudsjett

Løyvinga på 10,6 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til bilruter.

**PROGRAMOMRÅDE 731 – FYLKESVEGFERJER**

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7310 Fylkesvegferjer	96,227	106,962	115,963	130,865	127,140	136,061
<b>Sum</b>	<b>96,227</b>	<b>106,962</b>	<b>115,963</b>	<b>130,865</b>	<b>127,140</b>	<b>136,061</b>

Teneste 7310 Fylkesvegferjer

Drift av fylkesvegferjesambanda er knytt opp mot kontraktar etter anbudsutlysing. Det er sett av 116 mill. kr til drift av fylkesvegferjer i 2016.

**PROGRAMOMRÅDE 732 – BÅTRUTER**

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7321 Båt - skuleskyss/veglause grender	5,510	5,216	5,431	5,431	5,431	5,431
7322 Båt - ekspress- og lokalruter	106,715	104,212	95,930	94,754	90,342	88,185
7323 Båt - diverse	5,123	4,960	5,000	5,000	5,000	5,000
7329 Båtruter - administrasjon	1,735	1,681	1,514	1,514	1,514	1,514
<b>Sum</b>	<b>119,083</b>	<b>116,069</b>	<b>107,875</b>	<b>106,699</b>	<b>102,287</b>	<b>100,130</b>

Teneste 7321 Båt – Skuleskyss/veglause grender

I denne tenesta ligg mindre, lokale avtalar om båttransport. Fleire av desse har relativt kort tidshorisont og vert justerte etter behov. Dei kommunale rutene i Luster og Selje ligg òg på denne posten. Det er budsjettert med 5,4 mill. kr til dette i 2016.

Teneste 7322 Båt – Ekspress- og lokalruter

Dei fire store anbudskontraktane på båt er budsjettert på denne tenesta. Dette omfattar Norled si avtale om ekspressbåtruter til og frå Bergen og Fjord1 sine lokalbåtavtalar i indre Sogn, ytre Sogn og Florabassenget inkl. Kystvegekspressen og lokalbåt i Vågsøy.

For 2016 er det i hovudsak lagt opp til ei vidareføring av dagens nivå. På same måte som på buss er det lagt inn ei gradvis opptopping av ruteendringar for å møte innsparingskrav for 2018 og 2019 med ein kostnadseffekt på -0,3 mill. kr for 2016. Desse er handsama av Hovudutval for samferdsle. I tillegg er det sett inn ein mindre båt på ekspressruta mellom Sogn og Bergen som gjev ei innsparing på 4,8 mill. kr.

Det er sett av 95,9 mill. kr til ekspress- og lokalbåtruter i 2016.

Teneste 7323 Båt - Diverse*Godsruta*

Det er sett av 3,4 mill. kr til godsbåtrute frå Bergen til Solund og Askvoll.

*Diverse*

Det er sett av 1,5 mill. kr til ungdomskort på båt i 2016. I tillegg er det sett av 0,1 mill. kr til driftsutgifter til elektronisk billettering på båt.

Teneste 7329 Båtruter - administrasjon

Løyvinga på 1,5 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til båtruter.

**PROGRAMOMRÅDE 733 – TILRETTELAGT TRANSPORT**

Nettoløyvinga på programområdet er fordelt på tenester slik:

Teneste	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
7331 Tilrettelagd transport	9,166	8,609	10,299	10,985	10,985	10,985
<b>Sum</b>	<b>9,166</b>	<b>8,609</b>	<b>10,299</b>	<b>10,985</b>	<b>10,985</b>	<b>10,985</b>

Teneste 7331 Tilrettelagt transport*Tilrettelagt transport*

Det er sett av 6,0 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport. Fylkeskommunen samarbeider med alle kommunane i fylket, og kommunane får tildelt midlar etter folketal.

*Serviceskyss*

I 2015 har 19 kommunar tilbod om serviceskyss, der kvar kommune har utarbeidd tilbod for sin kommune. Det er sett av 4,1 mill. kr til Serviceskyss i 2016. Tilbodet vert vidareført om lag på same nivå som i 2015.

Det er budsjettert med 0,2 mill. kr for å dekke løns- og administrasjonskostnader knytt til tilrettelagt transport.

**10.3 ØKONOMIPLANPERIODEN 2017-19**

Programområde	R-2014	B-2015	B-2016	B-2017	B-2018	B-2019
722 Fylkesveggar, miljø og trafikktryggingstiltak	404,182	498,756	465,447	494,788	519,708	506,110
730 Bilruter	255,419	263,869	264,029	238,896	231,688	230,022
731 Fylkesvegferjer	96,227	106,962	115,963	130,865	127,140	136,061
732 Båtruter	119,083	116,069	107,875	106,699	102,287	100,130
733 Tilrettelagd transport	9,166	8,609	10,299	10,985	10,985	10,985
<b>Sum</b>	<b>884,077</b>	<b>994,265</b>	<b>963,613</b>	<b>982,233</b>	<b>991,808</b>	<b>983,308</b>

Ny driftsstandard for fylkesvegnettet er under utgreiing med frist 15. mars 2016. Framtidig driftsstandard for fylkevegnettet vil bli vurdert i samband med behandling av økonomiplanen i juni 2016.

I perioden 2017-2019 blir det lagt opp til innsparingar på kollektiv i tråd med vedtatte innsparingstiltak. Innfasing av anbod på buss har så langt medført ein reduksjon i kostnaden til kjøp av bussrutetenester, men pris for Sogneanbodet er ikkje avklart og kan endre på kostnadsbiletet. I tillegg er drivstoffprisane på eit historisk lågt nivå.

## 11. INVESTERINGS-/FINANSIERINGSPROGRAM 2016-19

Det er utarbeida to fylkeskommunale investeringsplanar for komande planperiode; ein for investeringar knytt til fylkesvegnettet inkl. skredsikring, og ein for bygg. Løyvingane er inklusive meirverdiavgift, og føreset meirverdiavgiftsrefusjon på investeringane vert nytta som ei finansieringskjelde. Begge investeringsprogramma er presenterte i faste 2016-kroner.

Ved prisjustering til faste 2016-kroner vert ikkje løyvingar for tidlegare år prisjusterte. Ved igangsette prosjekt er det såleis berre løyvingar i budsjett/økonomiplanperioden som gir grunnlag for prisjustering, og ikkje heile kostnadsoverslaget. Grunnen til dette er at nytta løyvingar tidlegare år ikkje har behov for prisvekst.

### 11.1 INVESTERINGSPROGRAM FYLKESVEG

Investeringsprogrammet er delt i to, der skredsikringsprosjekt er presentert i ein eigen tabell. For nærare omtale av prosjekta vert det vist til kap. 12 og Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023, Handlingsprogram 2014-2017 (23).

#### Skredsikring

Investerings- og finansieringsprogrammet til skredsikring i økonomiplanperioden er spesifisert slik:

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr)	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Fv. 55 Gullringen	121,400	60,400	61,000		
Fv. 337 Bjødnabakken	108,900	92,400	16,500		
Fv. 722 Flovegen (prosjektering)	2,000	2,000			
Fv. 242 Skjerdalsberget	5,000	5,000			
Mindre skredsikringstiltak - utfordelt	35,000	5,000	10,000	10,000	10,000
Til disposisjon	150,000		150,000		
<b>SUM INVESTERING</b>	<b>422,300</b>	<b>164,800</b>	<b>237,500</b>	<b>10,000</b>	<b>10,000</b>

FINANSIERINGPROGRAM	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Mva-kompensasjon	56,800	19,500	33,500	1,900	1,900
Statleg tilskot	365,500	145,300	204,000	8,100	8,100
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>422,300</b>	<b>164,800</b>	<b>237,500</b>	<b>10,000</b>	<b>10,000</b>

Det er lagt opp til samla investeringar på 422,3 mill. kr i økonomiplanperioden 2016-19. Det er lagt opp til at investeringane vert fullfinasert av statlege midlar og mva. kompensasjon.

Det er staten sin handlingsplan for rassikring i perioden 2014-2017 som legg rammer for det statlege tilskotet. Ut frå tildelt ramme i perioden har vi framleis til disposisjon 150 mill. kr. Dette beløpet er lagt inn i 2017. Løyvinga til rassikring frå 2018 vil først vere kjent når ny handlingsplan for perioden 2018-2021 vert lagt fram.

Investerings- og finansieringsprogrammet for fylkesvegnettet ekskl. skredsikring er i økonomiplanperioden spesifisert i følgende tabell:

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr)	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
<b>Store prosjekt</b>	<b>456,600</b>	<b>179,700</b>	<b>143,800</b>	<b>106,100</b>	<b>27,000</b>
Fv. 60 Olden - Innvik, parsell Uglå - Skarstein	360,500	174,600	143,800	42,100	
Avviksfond Uglå - Skarstein	37,000			37,000	
Førdepakken	54,000			27,000	27,000
Fv. 609 Dalsfjordsambandet (sluttføring)	5,100	5,100			
<b>Mindre utbetringar</b>	<b>74,600</b>	<b>24,400</b>	<b>43,600</b>	<b>3,300</b>	<b>3,300</b>
Fv. 243 Aurland-Stegastein (ref. forskottering)	4,000	4,000			
Fv. 31 Daløy ferejekai - utbetring	21,000	15,400	5,600		
Fv. 53 Ny brøytestasjon Holsbru	3,300			3,300	
Fv. 50 Ny brøytestasjon	3,300				3,300
Ufordelt - mindre utbetringar	43,000	5,000	38,000		
<b>Gang- og sykkelveg</b>	<b>5,200</b>	<b>1,300</b>	<b>1,300</b>	<b>1,300</b>	<b>1,300</b>
Fv. 546 Brandsøyvegen	5,200	1,300	1,300	1,300	1,300
<b>Trafikktryggingstiltak</b>	<b>32,800</b>	<b>8,200</b>	<b>8,200</b>	<b>8,200</b>	<b>8,200</b>
<b>Planlegging og prosjektering</b>	<b>3,900</b>	<b>1,500</b>	<b>0,800</b>	<b>0,800</b>	<b>0,800</b>
<b>Avslutning av diverse prosjekt</b>	<b>2,100</b>	<b>2,100</b>			
<b>SUM INVESTERING</b>	<b>575,200</b>	<b>217,200</b>	<b>197,700</b>	<b>119,700</b>	<b>40,600</b>

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Mva-kompensasjon	91,055	37,755	35,200	15,600	2,500
Driftsmidler	50,945	11,845	14,000	14,000	11,100
Div ubundne fond	43,800	21,900	21,900		
Lånemidler	335,400	145,700	126,600	63,100	
Førdepakken (lånemidler)	54,000			27,000	27,000
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>575,200</b>	<b>217,200</b>	<b>197,700</b>	<b>119,700</b>	<b>40,600</b>

Det er lagt opp til samla investeringar på 575,2 mill. kr i økonomiplanperioden 2016-19. Gjennomføring av investeringsprogrammet inneber tilsaman 389,4 mill. kr i nye låneopptak.

Når det gjeld Førdepakken er det enno for tidleg å innarbeide dei fylkeskommunale investeringane i økonomiplanperioden. Desse investeringane er føresett finansiert med bompengar, mva-kompensasjon og lån. Fylkeskommunen sin delfinansiering av Førdepakken, 162 mill. 2016-kr, er føresett fordelt med 27,0 mill. kr årleg frå 2018 til 2023.

**11.2 INVESTERINGSPROGRAM BYGG**

Investerings- og finansieringsprogrammet for bygg i økonomiplanperioden er spesifisert i følgende tabell:

<b>INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr)</b>	<b>SUM I PERIODEN</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
<b>Forvaltning</b>	<b>45,600</b>	<b>11,400</b>	<b>11,400</b>	<b>11,400</b>	<b>11,400</b>
IT001 IKT-investeringar	16,000	4,000	4,000	4,000	4,000
O2M01 "Miljøprosjekt" - ufordelt	21,600	5,400	5,400	5,400	5,400
EK001 Eigenkapitalinnskot KLP	8,000	2,000	2,000	2,000	2,000
<b>Opplæring</b>	<b>438,831</b>	<b>198,871</b>	<b>113,900</b>	<b>67,960</b>	<b>58,100</b>
OR200 Ombygging/rehabilitering/Sikring/Brann	79,000	20,000	19,000	20,000	20,000
IU200 Utstyr	52,000	13,000	13,000	13,000	13,000
PC002 PC-ordninga	25,820	6,620	6,400	6,400	6,400
NY001 Konsekvensar av skulebruksplanen - ufordelt	105,331	36,031	28,200	22,400	18,700
NY232 Mo og Øyrane - vassforsyning MO	1,270	1,270			
NY224 Sogndal vgs - byggesteg II	144,785	96,950	41,675	6,160	
NY226 - SJH - ekstraordinært vedlikehald	30,625	25,000	5,625		
<b>Tannhelse</b>	<b>16,000</b>	<b>4,000</b>	<b>4,000</b>	<b>4,000</b>	<b>4,000</b>
TA300 Oppgradering av tannklinikkar	16,000	4,000	4,000	4,000	4,000
<b>Samferdsle</b>	<b>14,100</b>	<b>9,400</b>	<b>4,700</b>		
SA001 Elektronisk billettering	14,100	9,400	4,700		
<b>Kultur</b>	<b>60,900</b>	<b>3,400</b>		<b>20,000</b>	<b>37,500</b>
KU002 Fellesmagasin for musea	60,900	3,400		20,000	37,500
<b>SUM INVESTERING</b>	<b>575,431</b>	<b>227,071</b>	<b>134,000</b>	<b>103,360</b>	<b>111,000</b>

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Mva-kompensasjon	113,311	44,851	26,400	20,260	21,800
Driftsmidler	19,800	6,300	4,500	4,500	4,500
Aktivitetsfond investeringar	2,720	2,720			
Div ubundne fond	7,200		7,200		
Andre tilskot	16,600	7,900	2,900	2,900	2,900
Lånemidler	415,800	165,300	93,000	75,700	81,800
<b>SUM FINANSIERING</b>	<b>575,431</b>	<b>227,071</b>	<b>134,000</b>	<b>103,360</b>	<b>111,000</b>

Det er lagt opp til samla investeringar på 575,4 mill. kr i økonomiplanperioden 2016-19. Gjennomføring av investeringsprogrammet inneberer tilsaman 415,8 mill. kr i nye låneopptak.

## 12. PROSJEKTOMTALAR

### 12.1 FYLKESVEG

Det er utarbeidd prosjektomtalar for kvart enkelt prosjekt i kategorien «store prosjekt». Vidare er det for dei andre kategoriane utarbeid ein felles prosjektomtale. Omtalane følgjer fortløpande. For nærare omtale av prosjekta vert det vist til:

- Regional transportplan Sogn og Fjordane 2014-2023, Handlingsprogram for fylkesvegnettet 2014-17 (23).

#### STORE PROSJEKT

Fv. 60 Olden-Innvik, parsell Ugla-Skarstein

Olden - Innvik, parsell Ugla-Skarstein	
Prosjektnr: Fv. 105	Prosjektbasert
Oppstart: 2013	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
<b>2013</b>	<b>5,900</b>
<b>2014</b>	<b>1,300</b>
<b>2015</b>	<b>5,000</b>
<b>2016</b>	<b>174,600</b>
<b>2017</b>	<b>143,800</b>
<b>2018</b>	<b>42,100</b>
<b>SUM</b>	<b>372,700</b>

Fylkestinget vedtok i april 2015 investeringsprosjektet fv. 60 Ugla – Skastein, jf. FT-sak 5/15. Prosjektet, med eit kostnadsoverslag på 372,7 mill. kr, omfattar bygging av:

- Vangberg tunnelen på om lag 1,2 km med tunnelprofil 9,5 meter
- Veg i dagen, mellom Ugla – Vangberg tunnelen vest og Vangberg tunnelen aust til Skarstein, totalt om lag 4,1 km

Det er i tillegg sett av 37 mill. kr til avviksfond for store prosjekt.

#### Framdrift

Anbudsutlysning vil skje i slutten av november 2015

med anleggstart våren 2016. Ferdigstilling vert truleg vår/sommar 2018.

#### Førdepakken

Førdepakken	
Prosjektnr:	Prosjektbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2023
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
<b>2016-2018</b>	<b>210,000</b>
<b>2019-2023</b>	<b>350,000</b>
<b>SUM</b>	<b>560,000</b>

Førdepakken er ein bompengepakke med ei samla investeringsramme på 1,5 mrd. 2012-kr omrekna til 1,65 mrd. 2015-kr. Målsetjinga med Førdepakken er å sikre ein meir miljøvennleg og stabil trafikksituasjon i Førde sentrum. Fleire av prosjekta har som mål å legge betre til rette for gåande og syklistar. Dette gjeld m.a. strekninga mellom Angedalsvegen og Hafstadvegen. Førdepakken vil bidra til å løyse kapasitetsproblem i Førde sentrum, gjere det sikrare for mjuke trafikantar samt gjere det enklare og smidigare for bilar å ta seg fram.

Innanfor kostnadsramma er det planlagt å realisere 20 prosjekt gjennom Førdepakken. Førdepakken vil utløyse investeringar på 500-600 mill. kr til nødvendige tiltak på fylkesvegnettet i Førde. Fylkeskommunen sin delfinansiering i prosjektet er 27,0 mill. 2016-kr årleg i perioden 2018-2023. Resten skal finansierast med bompengar og merverdiavgiftskompensasjon.

#### Framdrift

Stortinget handsama i juni 2015 Prop. 137 S (2014-2015) «Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane». Der vart delvis bompengefinansiering av utbygginga vedteke. Investeringsperioden er sett til 8 år med byggestart i 2016. Det er såleis for tidleg å gjere ei årsfordeling av dei fylkeskommunale investeringane i Førdepakken i økonomiplanperioden. Løyvinga på 210 mill. 2013-kr er føreset med bompengar og meirverdiavgiftskompensasjon.



Fv. 609/57 Dalsfjordsambandet

Dalsfjordsambandet	
Prosjektnr: Fv.609	Prosjektbasert
Oppstart: 2010	Ferdigstilling:2016
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
<b>2016</b>	<b>5,100</b>
<b>SUM</b>	<b>5,100</b>

Dalsfjordsambandet omfatta bygging av hengebru, veg og tunnelar frå Eikenes i Askvoll kommune til Dale og Sætenes i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane. Total hovudveg lengde er ca. 10,1 km fordelt på veg med 5,9 km, tunnel 4,2 km og 0,5 km hengebru. Sambandet har erstatte ferja på strekninga Dale - Eikenes.

Prosjektet har i løpet av 2015 fått tilført ytterlegare 27 mill. kr. Prognose for samla kostnad i prosjektet er etter dette om lag 1404 mill. 2016-kr. Prosjektet blir finansiert med statlege rassikringsmidlar (fv. 57 Nishammaren i Fjaler) og fylkeskommunale midlar. Løyvinga inkluderer 3 mill. kr til avklaringar knytt til etterkontroll av skredsikringstiltak langs veggen og 2 mill. kr til auka grunnerstatning og etterarbeid. Dette vil bli utført i 2016.

Framdrift

Løyvinga i 2016 skal dekkje avsluttande arbeid på prosjektet.

MINDRE UTBETRINGER

Mindre utbetringar	
Prosjektnr:	Årsbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
<b>2016</b>	<b>24,400</b>
<b>2017</b>	<b>43,600</b>
<b>2018</b>	<b>3,300</b>
<b>2019</b>	<b>3,300</b>
<b>SUM</b>	<b>74,600</b>

Løyvinga på totalt 22,4 mill. kr i 2016 er fordelt slik:

- Fv 243 Aurland-Stegastein (refusjon) – 4,0 mill. kr
- Fv 31 Daløy ferjekai – 15,4 mill. kr
- Ufordelt mindre utbetringar – 5,0 mill. kr

GANG OG SYKKELVEGAR

Gang- og sykkelveg	
Prosjektnr:	Årsbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
<b>2016</b>	<b>1,300</b>
<b>2017</b>	<b>1,300</b>
<b>2018</b>	<b>1,300</b>
<b>2019</b>	<b>1,300</b>
<b>SUM</b>	<b>5,200</b>

Løyvinga til gang- og sykkelveg gjeld prosjektet Fv. 548 Brandsøyvegen.

Fylkestinget har gjort følgjande vedtak i FT-sak 46/13 Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023:

«Med tilvising til SFE Nett AS sin søknad av 15.11.13 vert det tilbydd 13 mill. kr til delfinansiering av attståande prosjekt ved Fv 548 Brandsøyvegen i Flora kommune. Ein føresetnad for løyvinga er at Flora kommune løyver eit tilsvarande beløp til vegdelen av prosjektet. Fylkeskommunen aksepterer SFE Nett sitt tilbod om forskotering og vil betale SFE Nett 1,3 mill.

kr pr. år i 10 år – med 2015 som første år. Ein vidare føresetnad er at SFE Nett AS tek ansvaret for gjennomføringa av prosjektet og likeeins dekkjer ei ev. kostnadsoverskriding. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne nødvendig avtale med SFE Nett AS.»

Prosjektet har ei løyving på 1,3 mill. kr årleg i perioden 2015 – 2024.

## ANDRE PROSJEKT

Andre prosjekt	
Prosjektnr:	Prosjektbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
<b>2016</b>	<b>11,800</b>
<b>2017</b>	<b>9,000</b>
<b>2018</b>	<b>9,000</b>
<b>2019</b>	<b>9,000</b>
<b>SUM</b>	<b>38,800</b>

Løyvinga på totalt 11,8 mill. kr i 2016 er fordelt slik:

- trafikktryggingstryggingstiltak – 8,2 mill. kr
- planlegging og prosjektering – 1,5 mill. kr
- avslutning av diverse prosjekt – 2,1 mill. kr

## SKREDSIKRING

Skredsikring	
Prosjektnr:	Årsbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
<b>2016</b>	<b>164,800</b>
<b>2017</b>	<b>237,500</b>
<b>2018</b>	<b>10,000</b>
<b>2019</b>	<b>10,000</b>
<b>SUM</b>	<b>422,300</b>

Skredsikringsmidlane i økonomiplanperioden 2016-2018 gjeld fire prosjekt, Fv 337 Bjørnabakken og Lindeskreda, Fv. 55 Gullringen, Fv 722 Flovegen (prosjektering) og Fv 242 Skjerdalsberget. I tillegg er det lagt inn ufordelte løyvingar.

Løyvinga til Fv.55 Gullringen gjeld refusjon til Luster kommune med 60,4 mill kr i 2016 og 61 mill. kr i 2017.

Fv. 337 Bjørnabakken og Lindeskreda

Skredsikring av Bjørnabakkane og Lindeskreda på Veitastrondsvegen omfattar bygging av 0,33 km veg og 1,57 km tunnel, samt fylling i Veitastrondsvatnet

ved Lindeskreda. Sikring av Lindeskreda omfattar utlegging av lausmassar og tunnelmassar i ein fangvoll for å sikre vegen mot tørrsnøskred, og flytting av eksisterande veg ut på fyllmassar frå Bjørnabakkane i 550 meters lengde.

Kostnadsoverslaget er 256,1 mill. 2016-kr. Resterande løyvinga er fordelt slik: 92,4 mill. kr i 2016 og 16,5 mill. kr i 2017. Prosjektet blir finansiert med statlege skredsikringsmidlar.

*Framdrift*

Byggestart var i 2014 med ferdigstilling av Lindeskreda før vinteren 2015 og Bjørnabakkene hausten 2016.

Fv. 722 Flovegen og Fv. 242 Skjerdalsberget

Rassikring av Flovegen er det neste store prioriterte prosjektet. I 2016 er det løyvd 2 mill kr til prosjektering av prosjektet. Vidare er det sett av 5 mill. kr til reinsk og sikring på Fv 242 Skjerdalsberget.

Ufordelte løyvingar

Det er staten sin handlingsplan for rassikring i perioden 2014-2017 som legg rammer for det statlege tilskotet. Ut frå tildelt ramme i perioden har vi framleis til disposisjon 150 mill. kr. Dette beløpet er lagt inn til disposisjon i 2017. Løyving til rassikring frå 2018 vil først vere kjent når ny handlingsplan for perioden 2018-2021 vert lagt fram.

Vidare er det ei ufordelt løyving til mindre rassikringstiltak på 5 mill. kr i 2016 og 10 mill. kr i 2017-2019.

## 12.2 BYGG OG ANLEGG

Det er utarbeidd prosjektomtaler for kvart enkelt prosjekt i investeringsprogrammet for perioden 2016-19. Omtalane følgjer fortløpande.

### Fellesføremål

IKT- investeringar	
Prosjektnr: IT001	Årsbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2016	4,000
2017	4,000
2018	4,000
2019	4,000
2020	
<b>SUM</b>	<b>16,000</b>

I 2016 er løyvinga sett til 4,000 mill. kr. Midlane er planlagt nytta slik:

- Sikringstiltak/brannmurar 1,500 mill. kr
- Datasenter/servarar/skåp 1,000 mill. kr
- Nettverkskomponentar 0,500 mill. kr
- Lagringssystem/backup 0,400 mill. kr
- Programvare 0,400 mill. kr
- Svakstrømskabling 0,200 mill. kr

#### Sikringstiltak/brannmurar

Midlane skal nyttast til å auke kapasiteten og skifte ut deler av våre brannmurar. I tillegg skal dei nyttast til andre sikringstiltak i det fylkeskommunale nettet.

#### Datasenter/servarar/skåp

Midlane skal nyttast til oppgradering og utskifting av maskinvare i det fylkeskommunale datasenteret.

#### Nettverkskomponentar

Midlane skal i all hovudsak nyttast i det felles fylkeskommunale nettet. Netteverkskomponentane i det felles fylkeskommunale nettet må fornyast for å auke kapasiteten. I tillegg skal midlane nyttast til suppleringskjøp av nettverkskomponentar i dei fylkeskommunale institusjonane.

#### Lagringssystem/backup

Midlane skal nyttast til å auke kapasiteten i lagringssystem og til backupsystem. Fylkeskommunen har store mengder digitale data. Dei digitale data aukar monaleg mellom anna som følgje av auka digitalisering, spesielt på fylkesarkivet. I tillegg er det ein stor auke i mengda av data på dei vidaregåande skulane. Dette grunna meir bruk av digitale undervisningsformar.

#### Programvare

Midlane skal nyttast til kjøp av ulike felles programvare.

#### Svakstrømskabling

Midlane skal nyttast til utbetring av eksisterande kabelnett i fylkeskommunale bygg.

### Fellesføremål

"Miljøprosjekt" - ufordelt	
Prosjektnr: O2M01	Årsbasert
Oppstart: 2015	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2014	2,407
2015	2,993
2016	5,400
2017	5,400
2018	5,400
2019	5,400

<b>SUM</b>	<b>27,000</b>
------------	---------------

Løyvinga skal nyttast til å fylgje opp målsettingar sette i klimaplanen om 20 % reduksjon av energiforbruk, og eit gjennomsnittforbruk på 130kWh/m<sup>2</sup> for den fylkeskommunale bygningsmassen.

### Fellesføremål

<b>Eigenkapitalinnskot KLP</b>	
Prosjektnr: EK001	Årsbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2019
<b>BUDSJETTÅR</b>	<b>KAPITALBEHOV</b>
<b>2016</b>	<b>2,000</b>
<b>2017</b>	<b>2,000</b>
<b>2018</b>	<b>2,000</b>
<b>2019</b>	<b>2,000</b>
<b>SUM</b>	<b>8,000</b>

Som medeigar i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) må fylkeskommunen bidra med eit årleg eigenkapitaltilskot. Dette eigenkapitalinnskotet vert handsama på same måte som kjøp av aksjar og er såleis ei investering for fylkeskommunen. Dei årlege eigenkapitalinnskota har dei siste åra vore mellom 1,5 – 2,0 mill. kr.

### Opplæring

<b>Ombygg./rehab./sikring/brann</b>	
Prosjektnr: OR200	Årsbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2019
<b>BUDSJETTÅR</b>	<b>KAPITALBEHOV</b>
<b>2016</b>	<b>20,000</b>
<b>2017</b>	<b>19,000</b>
<b>2018</b>	<b>20,000</b>
<b>2019</b>	<b>20,000</b>
<b>SUM</b>	<b>79,000</b>

Her er mindre prosjekt for brannvern, sikringstiltak, ombygging, rehabilitering samla i ein post. Dette gjev fleksibilitet både i planleggings- og utførelsesfasen, og ein kan prioritere tiltak i samråd med sektorane i eit lengre perspektiv. Det vert utarbeida årlege planar for disponeringa av midlane. Planane vert prioritert etter innspel frå brukarane samt ut frå faglege og tekniske vurderingar i høve føremålet. Posten skal dekke tiltak i storleiksorden inntil 2-3 mill. kr. Større prosjekt skal fremjast gjennom eigne investeringsprosjekt.

#### Brannvern

Brannvern er ei lovpålagd oppgåve for alle byggeigarar. Aldring og føresegner knytt til brannverntiltak i bygningane, medfører eit kontinuerleg behov for tiltak for sikring mot brann. Generell oppgradering av tekniske installasjonar er viktig for brannsikringa.

#### Sikringstiltak

Sikring av bygningane er eit behov knytt til auka hærverk og innbrot i fylkeskommunale bygg. Sikringsarbeidet knyter seg mellom anna til adgangskontroll, overvaking og tjuverialarmar ved skulebygga.

#### Ombygging/rehabilitering

Tilgjenge, utnytting og mindre tilpassingar/ombyggingar av eksisterande skular er eit kontinuerleg og prioritert område. Flexibilitet er stikkord for bruken av skulebygga, og dette er spesielt utfordrande for eksisterande skulebygg.

Energi- og miljøtiltak

Det er kontinuerleg utfordringar med å effektivisere bygningsmassen, og det ligg føre mange mindre tiltak for oppfylgging på dette feltet. Også oppfylgging av vedteken miljø- og klimaplan vil stå sentralt innafor dette området.

Universell utforming

Det er i hovudsak godt tilrettelagt for tilgjenge til dei vidaregåande skulane i fylket, men det er og mange felt innafor universell utforming som kan betrast. Det er såleis eit kontinuerleg behov for tiltak på dette området. Det er i 2014/2015 føreteke ei kartlegging av tilstanden, som dannar bakgrunn for prioritering og iverksetting i planperioden.

Opplæring

Utstyr	
Prosjektnr: IU200	Årsbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2016	13,000
2017	13,000
2018	13,000
2019	13,000
<b>SUM</b>	<b>52,000</b>

I 2016 er 1,600 mill. kr. av den lånefinansierte utstyrløyvinga stilt til disposisjon for IKT-tenesta til oppgradering av lokale nettverk, kjøp av nettverkselektronikk, administrasjons- og undervisningsservarar, vidareutvikling av backup og lagring av data ved dei vidaregåande skulane.

Resterande midlar skal nyttast/reserverast til komplettering av undervisningsutstyr i samband med læreplanane og utskifting av gammalt og nedslite utstyr på dei vidaregåande skulane. Inkludert i dette er datautstyr.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å disponere midlane.

Opplæring

PC-ordninga	
Prosjektnr: PC002	Årsbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2016	6,620
2017	6,400
2018	6,400
2019	6,400
<b>SUM</b>	<b>25,820</b>

Løyvinga skal nyttast til kjøp av berbare PC-ar for elevar på Vg1. Løyvinga er finansiert ved låneopptak, mva-refusjon, og eigenbetaling frå elevane.

For å tilpasse drifta til redusert sektorramme er driftsbudsjettet frå 2016 redusert med 0,4 mill. kr. Reduksjonen er knytt til at fylkeskommunen frå hausten 2016 ikkje lenger finansierer forsikring på datamaskiner kjøpt gjennom den fylkeskommunale PC-ordninga.

Opplæring

Konsekvens skulebruksplan - ufordelt	
Prosjektnr: NY001	Prosjektbasert
Oppstart: 2014	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2014	3,684
2015	9,125
2016	36,031
2017	28,200

<b>2018</b>	<b>22,400</b>
<b>2019</b>	<b>18,700</b>
<b>SUM</b>	<b>118,140</b>

Konsekvensane av vedtaket om skulebruksplanen er tidlegare kostnadsrekna etter gjennomgang med dei respektive skulane der arealbruk og moglege løysingar vart skissert.

I FT sak 32/14 og 46/14 er nokre av prosjekta utsett i påvente av nytt vedtak i skule- og tilbodsstruktur. Øvrige prosjekt går som planlagt. For Hafstad vgs skal det utarbeidast eit tillegg til romprogrammet. Prosjektløyvingane er framleis grove rammeberekningar som endrar seg i takt med utviklinga i prosjektet.

Målsettinga med ei mellombels utsetting er å sikre at arealbehov og investeringar vert rett dimensjonert ved eit evtuelte nytt vedtak om endringar i tilbodsstrukturen. Dette vil krevje investeringar, så midlar som no er redusert vil heilt eller delvis komme inn att seinare.

#### Opplæring

<b>Mo og Øyrane vgs - vassforsyning Mo</b>	
Prosjektnr: NY232	Prosjektbasert
Oppstart: 2013	Ferdigstilling: 2016
<b>BUDSJETTÅR</b>	<b>KAPITALBEHOV</b>
<b>2013</b>	<b>0,978</b>
<b>2014</b>	<b>0,209</b>
<b>2015</b>	<b>0,091</b>
<b>2016</b>	<b>1,270</b>
<b>SUM</b>	<b>2,548</b>

Mo og Øyrane vidaregåande skule, avdeling Mo, har i dag privat anlegg for vatn og avløp. Å halde desse anlegga oppdaterte er ressurskrevjande, så det er ei målsetting å kople seg til det offentlege nettet.

Arbeidet med å få fram offentleg vatn/kloakk til skuleanlegget på Mo er under planlegging i Førde kommune. Kommunen sin plan er å starte det fysiske anleggsarbeidet i 2016. Løyvinga skal nyttast til dei tiltak som er naudsynt å planlegge/endre/tilpasse det tekniske anlegget på den fylkeskommunale eigedommen for å få kopla seg på det kommunale vatn- og kloakknnett.

#### Opplæring

<b>Sogndal vgs - Byggesteg II</b>	
Prosjektnr: NY224	Prosjektbasert
Oppstart: 2014	Ferdigstilling: 2018
<b>BUDSJETTÅR</b>	<b>KAPITALBEHOV</b>
<b>2014</b>	<b>1,582</b>
<b>2015</b>	<b>35,578</b>
<b>2016</b>	<b>96,950</b>
<b>2017</b>	<b>41,675</b>
<b>2018</b>	<b>6,160</b>
<b>SUM</b>	<b>181,945</b>

Sidan 2002 har det vore eit overordna mål å samle Sogndal vgs på ein stad – på nordsida av Fosshaugane Campus. Sogndal vgs – byggesteg I med fellesfunksjonar og den yrkesfagelde delen er gjennomført. Ideskissa og tomtedispneringa på Fosshaugane Campus har teke høgde for eit byggesteg II. Det er også avklart at Statbygg skal overta «almennfagbygget» i august 2017, jf FU-sak 6/14.

I FT-sak 39/13 Sogndal vidaregåande skule (byggetrinn II) er det vedteke å investere i eit nybygg som skal erstatte det eksisterande «almennfagbygget» samt nødvendige tilpassingar som følgje av skulebruksplanen. Prosjektet omfattar

også bygningsmessige endringar og tekniske oppgraderingar av Sogndal idrettshall samt areal til restaurant- og matfag.

Entreprenør er kontrahert og prosjektet er no produksjonsfasen. Målsettinga er å ferdigstille prosjektet våren 2017 for å ta nybygget i bruk til skulestart same haust.

Opplæring

SJH - ekstraordinært vedlikehald	
Prosjektnr: NY226	Prosjektbasert
Oppstart: 2015	Ferdigstilling: 2017
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2015	6,875
2016	25,000
2017	5,625
<b>SUM</b>	<b>37,500</b>

Fylkestinget har i FT-sak 48/14 og FT-sak 22/15 vedteke prosjektet ekstraordinært vedlikehald på Sogn jord- og hagebruksskule. Prosjektet er finansiert slik:

- tilskot frå Aurland kommune - 5 mill. kr
- tilskot frå staten - 5 mill. kr.
- Lånefinansiering - 20 mill. kr
- Mva-refusjon - 7,5 mill. kr

Den samla prosjektfinsieringa er 37,5 mill inkl mva.

Prosjektet er i prosjekteringsfasen. Arbeidet vert planlagt og prosjektert i samsvar med forprosjektrapport datert 27.04.15 med nokre mindre tilpassingar. Funksjonar i undervisningsbygg og internat har prioritet i oppgraderingsarbeidet. Målsettinga på framdrift er byggestart våren 2016 med ferdigstilling til skulestart 2017.

Tannhelsetenesta

Oppgradering av tannklinikker	
Prosjektnr: TA300	Årsbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2019
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2016	4,000
2017	4,000
2018	4,000
2019	4,000
<b>SUM</b>	<b>16,000</b>

Det er sett av ein årleg sum på 4,0 mill. kr til fornying av utstyr på tannklinikane. Midlane vil i 2016 bli nytta til naudsynte utskiftingar av teknisk utstyr og inventar samt oppgradering av Måløy tannklinik. Investeringane vil bli halde på eit minimumsnivå til framtidig struktur og bemanning for tenesta er avklara.

Samferdsle

Elektronisk billettering	
Prosjektnr: SA001	Årsbasert
Oppstart: 2016	Ferdigstilling: 2017
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2016	9,400
2017	4,700
<b>SUM</b>	<b>14,100</b>

Som ein konsekvens av anbudsutsettinga av busstenestene er det naudsynt å investere i nye billettmaskiner til bussane. Det er lagt opp til gjere investeringane i det året drifta av anbudsområdet startar opp. Investeringane omfattar ca. 150 billettmaskinar i Sunnfjord i 2016 og ca. 50 billettmaskinar i Sogn i 2017.

Kultur

Fellesmagasin for musea	
Prosjektnr: KU002	Prosjektbasert
Oppstart: 2012	Ferdigstilling: 2020
BUDSJETTÅR	KAPITALBEHOV
2012	0,780
2013	0,570

<b>2014</b>		Det er utarbeida skisseprosjekt («Kløften»), for fellesmagasinet jf. FT-sak 60/12, og prosjektet har vore gjennom ein prosess med kostnadsreduserande tiltak. Det reviderte prosjektet vart lagt fram for fylkesutvalet i sak 57/13.
<b>2015</b>		
<b>2016</b>	<b>3,400</b>	
<b>2017</b>		
<b>2018</b>	<b>20,000</b>	Ramma til Fellesmagasinet var då sett til 220 mill. kr inkl. mva (176 mill. kr eks. mva.). Den skisserte kostnadsdelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune er:
<b>2019</b>	<b>37,500</b>	
<b>2020</b>	<b>30,000</b>	
<b>SUM</b>	<b>92,250</b>	

- Statleg finansiering: 1/3
- Regionalt nivå 2/3, der fylkeskommunen

finansierer 60% og kommunane 40%.

Gjennom arbeidet med budsjett 2015 vart Musea i Sogn og Fjordane beden om å kartlegge alternative og rimelegare måtar å løyse magasinutfordringa på. Dette utgreiingsarbeidet har vist at det vert for store faglege og økonomiske utfordringar med dei alternative løysingane.

Det skal i 2016 utarbeidast eit forprosjekt med grunnlag i det nedskalerte prosjektet «Kløften». Kalkylane/kostnadsnivået som ligg til grunn i prosjektet er i 2012-kroner. Justering av kostnadsramme til dagens prisnivå vert ein del av forprosjektarbeidet. Før arbeidet med forprosjektet startar opp må Førde kommune, som vertskommune, garantere for at dei dekker 50 % av kostnadane til forprosjektet viss prosjektet ikkje vert realisert.

Vidare føreset fylkeskommunal medverknad i prosjektet følgjande:

- Det må lagast ein avtale mellom partane som regulerer ansvarsfordelinga for finansiering og drift
- Fylkeskommunen vert eigar av del delen av bygget/eigedommen fylkeskommunen finansierer.



**Budsjettskjema 1A - drift**
**Vedlegg 1**

tal i løpende kr

	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Revidert budsjett 2015</b>	<b>Rekneskap 2014</b>
Skatt på inntekt og formue	587 000 000	558 000 000	546 979 281
Ordinært rammetilskudd	1 724 112 000	1 738 419 000	1 566 236 931
Skatt på eiendom	0	0	-
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	-
Andre generelle statstilskudd	89 180 000	92 300 000	93 773 903
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>2 400 292 000</b>	<b>2 388 719 000</b>	<b>2 206 990 115</b>
Renteinntekter og utbytte	55 740 000	52 600 000	72 624 456
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	60 300 000	56 200 000	58 305 625
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0
Avdrag på lån	148 300 000	133 779 000	114 654 611
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-152 860 000</b>	<b>-137 379 000</b>	<b>-100 335 780</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	0	0	0
Til ubundne avsetninger	93 776 000	137 826 228	174 373 270
Til bundne avsetninger	0	0	1 571 000
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk	0	43 535 228	45 502 062
Bruk av ubundne avsetninger	25 720 000	17 440 000	106 495 000
Bruk av bundne avsetninger	0	0	660 000
<b>Netto avsetninger</b>	<b>-68 056 000</b>	<b>-76 851 000</b>	<b>-23 287 208</b>
Overført til investeringsbudsjettet	6 300 000	15 000 000	15 654 000
Til fordeling drift	2 173 076 000	2 159 489 000	2 067 713 129
<b>Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)</b>	<b>2 173 076 000</b>	<b>2 159 489 000</b>	<b>2 024 177 901</b>
<b>Mer/mindreforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>43 535 228</b>

**Budsjettskjema 1B - drift**

tal i løpande kr

	<b>PROGRAMOMRÅDE</b>	<b>Budsjett 2016</b>	<b>Revidert budsjett 2015</b>	<b>Rekneskap 2014</b>
<b>400</b>	POLITISK STYRING	41 397 000	22 898 000	20 473 379
<b>410</b>	KONTROLL OG REVISJON	4 289 000	4 153 000	3 969 625
<b>420</b>	ADMINISTRASJON	77 299 000	76 135 577	72 436 615
<b>421</b>	FORVALTNINGSUTGIFTER I EIENDOMSFORVALTNINGEN	9 370 000	9 233 000	6 892 657
<b>430</b>	ADMINISTRASJONSLOKALER	6 108 000	6 007 000	5 429 121
<b>460</b>	TJENESTER UTENFOR ORDINÆRT FYLKESKOMMUNALT ANSVAR	675 000	1 275 000	1 325 000
<b>480</b>	DIVERSE FELLESUTGIFTER	11 403 000	15 415 000	9 504 621
<b>715</b>	LOKAL OG REGIONAL UTVIKLING	11 863 000	12 086 000	13 097 777
<b>716</b>	FRILUFTSLIV OG MILJØ	5 756 000	5 323 000	6 847 122
	<b>SUM FORVALTNING</b>	<b>168 160 000</b>	<b>152 525 577</b>	<b>139 975 917</b>
<b>510</b>	SKOLELOKALER OG INTERNATBYGNINGER	103 522 000	101 255 000	105 979 922
<b>515</b>	FELLESUTGIFTER OG STØTTEFUNKSJONER KNYTTET TIL VIDERE	66 495 000	62 298 000	59 303 164
<b>520</b>	PEDAGOGISK LEDELSE, PEDAGOGISKE FELLESUTGIFTER OG GJE	120 419 000	104 978 000	88 281 311
<b>521-532</b>	UTDANNINGSPROGRAMMA	331 951 000	337 852 000	344 770 293
<b>554</b>	FAGSKOLE	24 329 000	23 867 000	22 005 626
<b>559</b>	LANDSLINJER OPPFØLGINGS TJENESTEN OG PEDAGOGISK PSYKLOGISK TJENESTE	4 955 000	4 734 000	3 277 967
<b>561</b>		20 385 000	20 446 000	
<b>562</b>	SPECIALUNDERVISNING OG SÆRSKILT TILPASSET OPPLÆRING	70 203 000	68 087 000	81 173 641
<b>570</b>	FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET	99 533 000	94 317 000	86 056 024
<b>581</b>	VOKSEOPPLÆRING ETTER OPPLÆRINGSLOVEN	5 706 000	4 812 000	5 615 711
<b>590</b>	ANDRE FORMÅL resultatoverføring opplæring	9 936 000	11 079 000	11 899 878 6 087 050
	<b>SUM OPPLÆRING</b>	<b>857 434 000</b>	<b>833 725 000</b>	<b>814 450 587</b>
<b>660</b>	TANNHELSETJENESTE - FELLESFUNKSJONER	18 089 000	19 217 000	17 822 391
<b>665</b>	TANNHELSETJENESTE - PASIENTBEHANDLING resultatoverføring tannhelse	63 557 000	63 999 000	62 316 502 3 459 883
	<b>SUM TANNHELSE</b>	<b>81 646 000</b>	<b>83 216 000</b>	<b>83 598 776</b>
<b>700</b>	TILRETTELEGGING OG BISTAND FOR NÆRINGSLIVET	0		91 914 876
<b>701</b>	TILRETTELEGGING,STØTTE-/FINANSIERINGSBISTAND NÆRINGS	78 803 000	82 056 000	0
<b>740</b>	BIBLIOTEK	5 882 000	6 498 000	6 846 808
<b>750</b>	KULTURMINNEVERN	13 148 000	13 735 303	14 696 658
<b>760</b>	MUSÈER	16 654 000	16 244 000	16 876 592
<b>771</b>	KUNSTFORMIDLING	9 943 000	9 986 344	9 919 421
<b>772</b>	KUNSTPRODUKSJON	11 490 000	11 474 000	11 077 000
<b>775</b>	IDRETT	3 293 000	2 507 615	2 697 363
<b>790</b>	ANDRE KULTURAKTIVITETER	11 010 000	11 730 738	12 120 173
	<b>SUM NÆRING og KULTUR</b>	<b>150 223 000</b>	<b>154 232 000</b>	<b>166 148 891</b>
<b>722</b>	FYLKESVEIER, MILJØ- OG TRAFIKKSIKKETHETSTILTAK	465 447 000	498 911 848	404 182 263
<b>730</b>	BILRUTER	264 029 000	263 534 592	255 418 610
<b>731</b>	FYLKESVEIFERJER	115 963 000	106 963 271	96 227 332
<b>732</b>	BÅTRUTER	107 875 000	115 948 126	119 082 826
<b>733</b>	TRANSPORT (ORDNINGER) FOR FUNKSJONSHEMMEDE	10 299 000	8 755 586	9 166 018
	<b>SUM SAMFERDSLE</b>	<b>963 613 000</b>	<b>994 113 423</b>	<b>884 077 049</b>
	Korreksjon utg/innt ført ansvar 900:930	-48 000 000	-58 323 000	-64 073 319
	<b>TIL FORDELING DRIFT - FRÅ SKJEMA 1A</b>	<b>2 173 076 000</b>	<b>2 159 489 000</b>	<b>2 024 177 901</b>

\*Oppsettet er tilpassa politisk organisering i 2016 for alle åra. I 2014 og 2015 var plan og næring eigen sektor med prog omr 700-716 og kultur eigen sektor med prog omr 740-790.

## Budsjettskjema 2A - investering

	Budsjett 2016	Revidert budsjett 2015	Rekneskap 2014
Investeringer i anleggsmidler	607 071 000	313 339 000	500 030 860
Utlån og forskutteringer	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	2 000 000	2 000 000	2 073 910
Avdrag på lån	0	12 032 000	36 000 000
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0
Avsetninger	0	0	4 659 310
<b>Årets finansierungsbehov</b>	<b>609 071 000</b>	<b>327 371 000</b>	<b>542 764 080</b>
Finansiert slik:	0	0	0
Bruk av lånemidler	311 000 000	88 792 000	151 914 970
Inntekter fra salg av anleggsmidler	0	9 500 000	37 800 740
Tilskudd til investeringer	145 300 000	78 362 000	82 820 000
Kompensasjon for merverdiavgift	102 106 000	55 959 000	88 352 980
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	7 900 000	2 900 000	459 700
Andre inntekter	0	0	5 763 660
Sum eksternt finansiering	566 306 000	235 513 000	367 112 050
Overført fra driftsbudsjettet	18 145 000	67 658 000	84 704 000
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0
Bruk av avsetninger	24 620 000	24 200 000	90 948 030
<b>Sum finansiering</b>	<b>609 071 000</b>	<b>327 371 000</b>	<b>542 764 080</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## Budsjettskjema 2B - investering

	Budsjett 2016	Revidert budsjett 2015	Rekneskap 2014
Forvaltning og fellesutgifter	9 400 000	9 493 000	10 852 993
Opplæring	198 871 000	114 098 000	116 521 183
Tannhelse	4 000 000	2 000 000	5 293 366
Samferdsle	391 400 000	187 748 000	405 359 806
Kultur	3 400 000		40 737
Felles innt og utg	2 000 000	14 032 000	4 695 995
<b>Sum fordelt - frå 2A</b>	<b>609 071 000</b>	<b>327 371 000</b>	<b>542 764 080</b>



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [postmottak.sentraladm@sfj.no](mailto:postmottak.sentraladm@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Foto framside: [Flickr.com/KaVass](https://www.flickr.com/photos/KaVass/)

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Eli Nes Killingrød, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/259-8

**Økonomiplan 2016-19**

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gje slik tilråding:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2016-19 vert vedteken slik den går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling. Dette gjev følgjande sektorrammer:

<b>Økonomiske rammer</b>	<b>B-2016</b>	<b>B-2017</b>	<b>B-2018</b>	<b>B-2019</b>
Fellesinntekter/-utgifter - netto	-2 133,9	-2 143,8	-2 114,5	-2 071,3
Sektorrammer				
Forvaltning	145,1	137,9	136,9	126,6
Opplæring	830,0	800,3	773,4	749,4
Tannhelsetenesta	81,1	78,6	73,1	73,1
Plan og næring	95,6	109,1	103,0	102,6
Kultur	64,0	61,3	61,3	61,3
Samferdsle	918,0	956,6	966,9	958,4
<b>Sum sektorrammer</b>	<b>2 133,9</b>	<b>2 143,8</b>	<b>2 114,5</b>	<b>2 071,3</b>

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

2. Økonomiplan 2016-19 har form av eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18). Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.
3. Tilrådde tiltak og tilpassingar må om naudsynt utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2016.
4. Utgreiingar med seinare ferdigstillingsdato skal handsamast som ein del av budsjett/økonomiplanprosessen som vert gjennomført i 2016.
5. Avsette fondsmidlar (overført driftsresultat) innan tannhelse vert reservert omstillingskostnader ved omlegging til ny struktur på sektoren.

Vedlegg:

1. Ferdigstilte utgreiingar
2. Kontrollutvalet sitt innspel til økonomiplanprosessen, jf KU-sak 59/14.
3. Hovudutvala sine saksprotokollar frå møta 13. mai 2015.
4. Uttale frå Utdanningsforbundet

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Arbeidsdokument 1/15-4/15.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 0 INNLEIING

#### 0.1 Bakgrunn for saka

I føreordet til budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18), som vart vedteken i FT-sak 50/14, heiter det mellom anna:

«Økonomiplanen gjev rammer for budsjettåret 2016. For åra 2017 og 2018 er økonomiplanen saldert teknisk i form av ikkje konkretiserte innsparingskrav. Økonomiplanvedtak for åra 2017-18 vert handsama av fylkestinget i juni 2015.»

Gjennom denne saka fremjar fylkesrådmannen si tilråding til rammer for åra 2016-19. Tilrådinga baserer seg på:

- tidlegare politisk avklarte tilnærmingar presenterte gjennom arbeidsdokumenta 1/15-4/15
- hovudutvala sine tilrådingar til prioriteringar innan eigne sektorar.

I tillegg tilrår fylkesrådmannen å:

- vidareføre nokre mellombelse innsparingstiltak som vart sett i verk gjennom budsjett 2015 for å få salderingsmessig balanse for åra 2015/16.
- skissere nokre innsparingskrav/forventningar mot vidare utgreiingar.

Hovudutvala sine tilrådingar til prioriteringar er basert på det utgreiingsmaterialet som vart lagt fram som ein del av arbeidsdokument 4/15, og gjennom hovudutvalssakene som vart handsama 13. mai 2015. Utgreiingsmaterialet og hovudutvala sine saksprotokollar følgjer denne saka som vedlegg.

#### 0.2 Rammer for økonomiplanen – eit endringsdokument

Finansutvalet har vedteke at økonomiplanen skal utformast som eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18). Det inneber at det berre er endringar i høve gjeldande budsjett/økonomiplan som vert kommenterte.

Økonomiplanvedtaket no i juni har som føremål å vere retningsgjevande for arbeidet med budsjett 2016/neste økonomiplan.

Fylkesrådmannen legg gjennom vedtaket opp til at denne saksframstillinga får status som økonomiplan 2016-19. Det betyr at det ikkje vert utforma eit eige plandokument. Den tekstlege omtalen av økonomiplan 2016-19 – utover dette saksførelegget - vert lagt fram for politisk handsaming som ein del av budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 i desember 2015.

#### 0.3 Oppbygginga av den vidare saksframstillinga

Saksframstillinga består av følgjande hovuddelar:

1. Vurderingar før saldering
2. Salderingsstrategiar
3. Salderingstiltak
4. Saldering utan ekstra tapskompensasjon
5. Vidare utgreiingar

I punkt 1 gjer fylkesrådmannen nokre vurderingar som ikkje er direkte knytt til iverksetjing av salderingstiltak. Her vil mellom anna konsekvensjusteringar som følgje av tilrådde endringar i tertialrapport 1/15 og endringar som følgje av kommuneproposisjonen bli omtalte.

I punkt 2 viser fylkesrådmannen kva salderingsstrategiar som er nytta for å få samsvar mellom det nye inntektsnivået og tilhøyrande sektorrammer. Desse strategiane er nærare grunngjevne i arbeidsdokument 3/15.

I punkt 3 presenterer fylkesrådmannen aktuelle salderingstiltak. På sektornivå følgjer tilrådinga hovudutvala sine prioriteringar på eigne sektorar. Når det gjeld fordelinga mellom sektorane og framlegg til ev. vidareføring av mellombelse tiltak og framtidige innsparingskrav, har vi ikkje hatt tilsvarande prioriteringar å byggje på.

I punkt 4 gjer fylkesrådmannen greie for kva ekstra utfordringar fylkeskommunen vil få for å saldere budsjettet/økonomiplanen dersom den statlege tapskompensasjonen ikkje vert trappa opp som føresett.

I punkt 5 viser fylkesrådmannen kva utgreiingstiltak som ikkje er ferdigstilte, og kva nye utgreiingar som bør setjast i gang. Dette punktet er uttømmende i høve innspela frå hovudutvala 13. mai 2015.

## 1 VURDERINGAR FØR SALDERING

	2016	2017	2018	2019
<b>Ubalanse etter a.dok 3</b>	<b>-8,1</b>	<b>140,7</b>	<b>157,8</b>	<b>225,2</b>
<b>Vurderingar i saksframlegg til økonomiplan:</b>				
Olden - Innvik: Reversering av tilrådd løysing i a-dok 3/15 - endra netto kapitalutgifter	1,0	0,9	1,9	2,4
Olden - Innvik: Vedteken løysing - endra netto kapitalutgifter	0,1	1,0	2,2	1,1
<u>Verknader av fylkesrådmannen si tilråding i T1/15:</u>				
Lisens e-handel (fylkeskommunal del)	0,2	0,2	0,2	0,2
Personalforsikringar	0,4	0,4	0,4	0,4
Utdanningsprogramma (vår 2016 - forsering)	-1,5	4,0	4,0	4,0
Opplæring i bedrift - auka ramme	2,0	2,0	2,0	2,0
VISMA-flyt	1,3	0,4		
Kulturell spaserstokk	1,0	1,0	1,0	1,0
Utbytte F1-holding	-29,5			
Avsett utbytte til bufferfond	29,5			
<u>Kommuneproposisjonen</u>				
Auka frie inntekter	-9,6	-9,6	-9,6	-9,6
Auka inntekter til å ta att vedlikehaldsetterslep på fylkesvegar	-14,4	-14,4	-14,4	-14,4
Avsett til vedlikehaldsetterslep på fylkesvegar	14,4	14,4	14,4	14,4
<u>Teknisk "reversering" av alt vedtekne innsparingstiltak</u>				
Bokbåten	1,3	1,3	1,3	1,3
Musea	2,0	3,0	3,0	3,0
Sognebåten	4,8	4,8	4,8	4,8
Adm stillingar i sentraladministrasjonen	4,0	7,0	7,0	7,0
Kortsiktige tiltak		24,0	23,8	25,0
<b>Ubalanse før salderingstiltak</b>	<b>-1,2</b>	<b>181,1</b>	<b>199,7</b>	<b>267,7</b>

Tabellen over tek utgangspunkt i salderingsutfordringa som vart presentert i arbeidsdokument 3/15. Grunngjevinga for denne ubalansen går fram av arbeidsdokument 1/15 - 3/15.

## 1.1 Endringar i investeringsbudsjettet

### Olden – Innvik

I FT-sak 6/15 vedtok fylkestinget rammene for siste parsell på Olden – Innvik; Uglå – Skarstein. Det vedtekne prosjektet er ikkje endeleg kostnadsrekna, men det ligg monaleg høgare enn kostnadsoverslaget i arbeidsdokument 3/15. Fylkesrådmannen har førebels gjort ein grov kalkyle på prosjektet, og oppjustert kapitalutgiftene i samsvar med denne kalkylen. Kapitalutgiftene vert endeleg tilpassa når kostnadsoverslaget for prosjektet er klårt.

## 1.2 Verknader av tertialrapport 1/15

I tertialrapport 1/15, som går parallelt med denne saka, har fylkesrådmannen tilrådd endringar som vil påverke rammene for seinare år. Desse er lagt inn i tabellen over. For nærare grunngjeving av endringane vert det vist til tertialrapporten. Tala vil ev. bli justerte i samsvar med endeleg vedtak i høve tertialrapporten.

## 1.3 Kommuneproposisjonen

12. mai kom framlegg til kommuneproposisjon 2016. Denne skisserer det økonomiske opplegget kommunesektoren bør legge til grunn i sitt arbeid med budsjett 2016.

I kommuneproposisjonen for 2015 vart det signalisert at departementet ville kome attende med ny samferdslenøkkel i kommuneproposisjonen for 2016. Departementet erkjenner no at dei ikkje har noko betre nøkkel å legge fram, men seier dei kjem attende til dette i kommuneproposisjonen for 2017. Det betyr i praksis at kostnadsnøkklane, slik dei vart vedtekne i samband med nytt inntektsystem i 2015, står fast.

Kommuneproposisjonen legg opp til at det vert innført ei ferjeavløysingsordning for fylkesvegar som samsvarar med ordninga på riksvegane. Dette inneber at ved ferjeavløysingsprosjekt vil den aktuelle fylkeskommunen få refundert ferjetilskotet i inn til 30 år etter avvikling av ferja.

Når det gjeld ferjeavløysing for riksvegprosjekt som vart overført til fylkeskommunane som ein del av forvaltningsreforma i 2010, vil det bli refundert etter den ordninga som var gjeldande på vedtakstidspunktet. Det medfører at vi får refundert midlar i 15 år for Bremanger II og Dalsfjord-sambandet. Vi føreset at innretninga på refusjonen vert gjort på ein slik måte at vi kjem nøytralt ut i høve våre budsjettføresetnader.

Regjeringa legg vidare opp til at fylkeskommunane får 500 mill. kr i vekst i frie inntekter. 200 mill. kr av denne veksten er grunngjeven i behovet for vidare opprusting av fylkesvegane. 300 mill. kr vert fordelt etter kriteria i inntektssystemet, og vi får her omlag 3,2%. For fylkesvegvedlikehaldet vert registrert etterslep lagt til grunn, og her får vi ei utteljing på 7,2% av samla løyving.

Dette gjev oss følgjande inntekter:

«Vår del» frie inntekter (300 mill. kr) 3,2%	9,6 mill. kr
«Vår del» frie midlar veg (200 mill. kr) 7,2 %	14,4 mill. kr
<u>Samla</u>	<u>24,0 mill. kr</u>

Midlane er lagt inn i tabellen over. Vi legg opp til at samferdsla får tilført midlane som er grunngjevne i behovet for vidare opprusting av fylkesvegane.

Vi har ikkje lagt opp til å budsjettere med realvekst for seinare år i planperioden. Dette har samanheng med forventa nedgangen i elevtalet i høve landsnivået, og forventa nedgang i rammetilskotet som følgje av dette.



## 1.4 Teknisk «reversering» av alt vedtekne innsparingstiltak

Til slutt i tabellen over har fylkesrådmannen gjort ei teknisk reversering av alt vedtekne innsparingstiltak. Dette er gjort for at vi skal få ei samla oversikt over dei innsparingstiltaka som er sette i verk på sektornivå for å få samsvar mellom nye inntektsføresetnader og driftsnivået i organisasjonen. Tiltaka som vert vidareførte er lagt inn att på den respektive sektor i punkt 3.5 «Tiltak på sektornivå».

## 2 SALDERINGSSTRATEGI

Fylkeskommunen sitt budsjett har i stor grad ei ungdomsinretning. Det vil seia at ein stor del av dei fylkeskommunale løyvingane er retta inn mot aktivitet/tiltak mot ungdomar. Trass i at ungdom er ei prioritert gruppe, vil det såleis vere vanskeleg å føreta innsparingar utan at dette på ein eller annan måte også rammar tiltak/aktivitet innretta mot denne målgruppa.

I arbeidsdokument 3/15 slutta finansutvalet seg til salderingsstrategiane (3 punkt) under for å få balanse i den samla fylkeskommunale økonomien. Fylkesrådmannen har lagt dette til grunn for tilrådingane i denne økonomiplanen.

Påverknadsarbeid: Arbeidet med å få auka den statlege tapskompensasjonen i inntektssystemet må ha fokus fram mot statsbudsjettet for 2016 mv. Ein auka tapskompensasjon vil gje tilsvarende reduksjon i innsparingskravet vårt.

Redusere kapitalutgiftene: Reduksjon i kapitalutgiftene vil redusere behovet for å sette i verk innsparingstiltak på sektornivå.

Tiltak på sektornivå (all fylkeskommunal drift) – utgreiingsmandata; Hovudtyngda av innsparingskravet må likevel innfriast innafor den fylkeskommunale drifta. Eventuell utteljing på dei to andre strategiane vil redusere dette behovet.

Slik fylkesrådmannen ser det har vi (i tillegg) to hovudgrep for å møte eventuelt resterande salderingsutfordring det enkelte budsjettår:

Bruk av fondsmidlar: Oppsparte fondsmidlar kan brukast for å ta delar av salderingsutfordringa. Dette er midlar av «eingongskaraktar», dvs. at ei slik tilnærming avgrensar seg til den kapitalen som står disponibelt.

Kortsiktige tiltak på sektornivå: I den grad vi ikkje får til økonomisk balanse det enkelte år, må vi nytte kortsiktige tilpassingar der vi har høve til å styre aktiviteten. Det vil framleis vere vegsektoren som er det mest aktuelle området for slik tilpassing. Det har samanheng med at vi kjøper tenester og i stor grad kan bestemme nivået på dette kjøpet det enkelte år. I tillegg har vi fått ein del ekstramidlar frå staten til å følgje opp tunnelforskrifta og til å ta att vedlikehaldsetterslep på vegnettet. Dette gjer at den samla aktiviteten på vegsektoren ikkje går ned i høve tidlegare år.

## 3 SALDERINGSTILTAK

I dette punktet presenterer fylkesrådmannen ei tilråding til saldering av økonomiplan 2016-19. Skissa er bygd opp i tråd med salderingsstrategiane presentert i arbeidsdokument 3/15 og punktet over.

	2016	2017	2018	2019
<b>Ubalanse før salderingstiltak</b>	<b>-1,2</b>	<b>181,1</b>	<b>199,7</b>	<b>267,7</b>
<b>Fellesinntekter og - utgifter</b>	<b>-22,5</b>	<b>-45,0</b>	<b>-67,5</b>	<b>-100,7</b>
Auka tapskompensasjon	-22,5	-45,0	-67,5	-90,0
Reduserte kapitalutgifter- sanering av lånegjeld (150 mill. kr)				-10,7
<b>Ubalanse før sektortiltak</b>	<b>-23,7</b>	<b>136,1</b>	<b>132,2</b>	<b>167,0</b>

### 3.1 Auka tapskompensasjon

Salderingsskissa i dette punktet føreset at den statlege tapskompensasjonen vert trappa opp slik at vår fylkeskommune får nye 22,5 mill. kr kvart år - akkumulert til 90 mill. kr/år frå 2019. Alternativ tilpassing om tapskompensasjonen ikkje vert auka er omtala i punkt 4. under.

### 3.2 Reduserte kapitalutgifter – sanering av lånegjeld

Vi føreset at dagens budsjetteringsmetode for kapitalutgifter gjev rom for ei gjeldssanering i storleiksorden 150 mill. kr fram til utgangen av 2019. Bakgrunn for dette er at budsjetteringsmetoden vil ha i seg ein buffer i form av at rentenivået på kort sikt er høgare enn faktisk nivå (vi nyttar gjennomsnittsrente for heile planperioden). Det er gjort greie for denne tilnærminga i budsjettet for 2015. Det er vidare føresett at unytta midlar skal nyttast til gjeldssanering.

Fylkesrådmannen tilrår at vi held på denne budsjetteringsmetoden i planperioden – om renta held seg på dagens nivå, og at vi nyttar ubrukne midlar til å redusere lånegjelda.

Ei gjeldssanering på 150 mill. kr vil medføre ein årleg reduksjon i kapitalutgiftsnivået på 10,7 mill. kr. Innsparinga er lagt inn frå 2019.

Fylkesrådmannen har tidlegare teke til ordet for å få ned lånegjelda. I den grad vi realiserer verdiar som kan nyttast til gjeldssanering, bør kapitalutgiftene reduserast. Presset på sektornivået vil då gå tilsvarande ned. Fylkesrådmannen vil arbeide vidare med denne strategien fram mot vedtak av budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 i desember 2015.

### 3.3 Tiltak på sektornivå

I budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) vart det lagt opp at sektorane skulle gjennomføre utgreiingar tilsvarande tildelte utgreiingsrammer. Samla utgreiingsramme var sett til 287 mill. kr, fordelt som vist i tabellen under. Hovudutvala fekk høve til å spele inn kva utgreiingar som skulle gjennomførast på eigen sektor. Våren 2015 har dette arbeidet hatt prioritet i administrasjonen, og 6. mai vart det rapportert på 40 av samla 57 politisk tinga utgreiingar. Dei ferdige utgreiingane vurderer eit økonomisk potensiale på omlag 180 mill. kr.

Fylkesrådmannen har gjennom arbeidet med salderingsskissa førebels funne rom for å skjerme nokre av sektorane, og ikkje utnytte utgreiingsrammene fullt ut. Tabellen under viser kor store innsparingar vi no legg på den enkelte sektor, sett i høve til den utgreiingsramma som låg på sektoren. Tabellen viser også at det er opplæring og samferdsle som har størst potensiale for ytterlegare reduksjonar – om dette vert naudsynt, jf. punkt 4. under.

	Utgreiingsramme	Tilrådd nedjustering no	Ikkje nytta
Forvaltning	30,0	30,0	-
Opplæring	88,0	55,7	32,3
Tannhelse	11,0	11,0	-
Plan og næring	11,0	7,5	3,5
Kultur	17,0	7,8	9,2
Samferdsle	130,0	55,3	74,7
SUM	287,0	167,3	119,7

I tabellen under har fylkesrådmannen lista opp dei tiltak han meiner vi må gå vidare med på sektornivå med sikte på å skape økonomisk balanse i drifta. I kolumna til venstre i tabellen er det lagt inn referanse til utgreiingane som er gjennomførte. Utgreiingane følgjer saka som vedlegg 3.

Fylkesrådmannen har her følgd opp hovudutvala sine prioriteringar på eigne sektorar. Det vert ikkje lagt opp til å kommentere desse tiltaka nærare i denne saka.

	2016	2017	2018	2019
<b>Ref</b>				
<b>Ubalanse før sektortiltak</b>	<b>-23,7</b>	<b>136,1</b>	<b>132,2</b>	<b>167,0</b>
<b>Forvaltning</b>	<b>-4,5</b>	<b>-18,7</b>	<b>-18,7</b>	<b>-30,0</b>
Vidareføring av kortsiktige innsparingstiltak		-10,5	-10,5	-11,5
Personsamanfall – råda for eldre/funksjonshemma		-0,1	-0,1	-0,1
Stillingar i sentraladministrasjonen	-4,0	-7,0	-7,0	-7,0
Stilling på kulturminnevern (s-administrasjonen)		-0,7	-0,7	-0,7
0,5 stilling på Næringsavdelinga				-0,4
Innsparing i tråd med KU-sak 59/14	-0,5	-0,4	-0,4	-0,4
Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreingar				-9,9
<b>Opplæring</b>	<b>-12,2</b>	<b>-29,7</b>	<b>-30,5</b>	<b>-55,7</b>
Vidareføring av kortsiktige innsparingstiltak		-5,4	-5,3	-5,4
# 2 Oppfølgingstenesta	-0,4	-0,4	-0,4	-0,4
# 1 Arbeidslivskontakt	-1,5	-1,5	-1,5	-1,5
# 5 Økonomiske rammer for drift av vg. skule	-8,2	-18,1	-18,1	-18,1
# 15 Gratis læremiddel/PC-ordn	-1,2	-2,5	-3,5	-3,5
# 21 Karriere rettleiing	-0,6	-1,1	-1,1	-1,1
# 4 Lærarressurs - open skule	-0,3	-0,7	-0,7	-0,7
Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar				-25,0
<b>Tannhelse</b>		<b>-5,5</b>	<b>-11,0</b>	<b>-11,0</b>
# 22 Strukturendring mv		-5,5	-11,0	-11,0
<b>Plan og næring</b>	<b>-2,4</b>	<b>-7,5</b>	<b>-7,5</b>	<b>-7,5</b>
# 51 Folkehelse		-3,1	-3,1	-3,1
# 34 Reisemålsselskapa	-1,0	-1,0	-1,0	-1,0
#25/ #60 Plan- og utviklingsarbeid	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
# 59 Utviklingsmidlar klima	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
#32 Oppfølging satsingar	-0,5	-0,5	-0,5	-0,5
0,5 stilling NA (s-adm.), 0,4 mill.kr, jf. forvaltn.				
Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar		-2,0	-2,0	-2,0
<b>Kultur</b>	<b>-5,0</b>	<b>-7,8</b>	<b>-7,8</b>	<b>-7,8</b>
# 50 Nedlegging av bokbåten	-1,3	-1,3	-1,3	-1,3
# 47 Museum - 1, -2 og -3 mill.kr/år frå 2017	-2,0	-3,0	-3,0	-3,0
# 50 Bibliotek		-0,3	-0,5	-0,5
# 47 Kulturminnevern, aktivitet		-0,7	-0,7	-0,7
Kulturminnevern, adm.stilling 0,7 mill., jf. forvaltn				
# 47 Museum	-0,2	-0,2	-0,3	-0,3
# 50 Kunstformidling	-1,3	-1,3	-1,0	-1,0
# 49 Kunstproduksjon	-0,2	-1,0	-1,0	-1,0
<b>Samferdsle</b>	<b>-4,8</b>	<b>-49,8</b>	<b>-39,3</b>	<b>-49,3</b>
Kortsiktig tiltak		-45,0		
# 39 Sognebåten	-4,8	-4,8	-4,8	-4,8
# 46 Vinterstenging av vegar			-3,0	-3,0
# 43 Terminalar og venterom			-0,2	-0,2
# 44 FTU-tiltak			-2,2	-2,2
# 40 Ungdomstilbod			-2,3	-2,3
# 38 Bilruter			-9,4	-14,1
# 39 Kollektiv båt			-4,5	-6,7
# 41 Ferjesamband			-4,0	-6,0
Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar			-8,9	-16,0
<b>Salderingsbalanse etter tiltak på sektornivå</b>	<b>-52,5</b>	<b>17,1</b>	<b>17,4</b>	<b>-0,2</b>

### Forvaltning

På forvaltning tilrår fylkesrådmannen at dei mellombelse innsparingstiltaka, som vart sett i verk for å få balanse i 2015 og 2016, vert vidareførte på permanent basis. Desse tiltaka er nærare omtala i budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18). Dette vil gje varige innsparingar på i storleiksorden 11,6 mill. kr årleg, inkludert tiltaket med å ha personsamanfall mellom rådet for funksjonshemma og eldrerådet. I tillegg er det sett i verk innsparingstiltak på samla 7 mill. kr på stillingar i

sentraladministrasjonen. Gjennom hovudutvalssakene er det vidare prioritert å ta ut administrative stillingar på kultur og næring tilsvarande 1,1 mill. kr årleg. Fylkesrådmannen tilrår vidare at den politisk fastsette utgreiingsramma på 30 mill. kr årleg på forvaltning vert oppretthalden. Dette inneber at innsparingskravet mot ikkje ferdige utgreiingstiltak vert på omlag 10 mill. kr. Tiltak i denne storleiksorden må takast ut gjennom omorganiseringar, effektiviseringar og reduksjon i den samla sentraladministrative aktiviteten.

### Opplæring

På opplæringssektoren tilrår fylkesrådmannen at dei mellombelse innsparingstiltaka, som vart sette i verk for å få balanse i 2015 og 2016, vert vidareførte på permanent basis. Desse tiltaka er nærare omtala i budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18). Vidare tilrår fylkesrådmannen at hovudutvalet si prioritering for iverksetjing av tiltak på sektoren, vert lagt til grunn. Sektoren har ein del ikkje ferdigstilte utgreiingar, mellom anna tilbods- og skulestruktur og drift av fagskulen. Fylkesrådmannen har førebels lagt inn eit innsparingskrav på 25 mill. kr i høve desse utgreiingane.

### Tannhelse

På tannhelsesektoren er fase 1 av utgreiinga om struktur gjennomført. Her er det kartlagt kriterium og prinsipp som skal leggst til grunn i arbeidet med å utgreie ein betre og meir effektiv struktur. Fylkesrådmannen legg desse prinsippa/kriteria til grunn for det vidare arbeidet, og føreset at den nye strukturen vil gje ei innsparing i storleiksorden 11 mill. kr. Omstillingskostnader som følgje av ny struktur er føresett dekkja gjennom oppsparte fondsmidlar på sektoren (tidlegare sektoroverskot overført gjennom resultatoverføringsordninga).

### Plan og næring

På sektoren plan og næring er det lagt opp til å følgje hovudutvalet sine prioriteringar. I tillegg meiner fylkesrådmannen at det bør leggst eit innsparingskrav på i storleiksorden 2 mill. kr. Dette må takast ved å ta ned aktivitet som vert finansiert av fylkeskommunale driftsmidlar. Ei slik tilpassing vil krevje ein gjennomgang av sektoren med sikte på å nytte KMD-midlane mest mogleg rasjonelt og effektivt, og gjennom dette frigjere fylkeskommunale ressursar.

### Kultur

Fylkesrådmannen har gjennom denne saka følgd opp hovudutvalet for kultur si tilråding, og førebels lagt opp til eit nedtak av sektorrammene på 8,5 mill. kr. 0,7 mill. kr av dette nedtaket er knytt til ei sentraladministrativ stilling på kulturminnevern. Innsparinga i høve denne stillinga kjem såleis til uttrykk på forvaltning i tabellen over. I dette ligg at fylkesrådmannen har gitt ei viss prioritet til denne sektoren i sin samla økonomiplan.

### Samferdsle

På samferdslesektoren har fylkesrådmannen følgd hovudutvalet sine prioriteringar, men tilrår i tillegg at det vert lagt inn eit kortsiktig innsparingskrav på 45 mill. kr i 2017. Dette er førebels ikkje fordelt på dei ulike utgreiingane, men vert gjort som ein del av det vidare budsjettarbeidet. Det som ikkje kan takast ut på kort sikt på kollektivtransporten i 2017, må takast ut ved å redusere vegvedlikehaldet tilsvarande. Reduksjonar i kollektivtransporten må takast gradvis, med full effekt i 2019. Vegvedlikehaldet må ev. nyttast som saldering i den grad effekten av dei tilrådde langsiktige tiltaka ikkje kan takast fullt ut innan denne tidshorizonten.

## **3.4 Bruk av fond**

Fylkeskommunen har følgjande fondsmidlar til fri disposisjon:

Bufferfondet: I budsjett 2015 vedtok fylkestinget at tilgjengeleg overskotskapital på bufferfondet, 61,6 mill. kr i 2015, skulle reserverast i høve framtidige driftsutfordringar i samband med iverksetjing av langsiktige innsparingstiltak.

Fylkesrådmannen føreset vidare at rekneskapsoverskotet frå 2014 + overskotet frå tertialrapport 1/15 vert kanalisert mot bufferfondet og same føremål.

I tillegg har fondet ein grunnkapital på 70 mill. kr. Denne er i utgangspunktet tenkt som ein buffer i høve svingingar i dei lokale inntektene. Det kan bli naudsynt å nytte deler av denne kapitalen på kort sikt for å få balanse i dei årlege budsjetta, men fylkesrådmannen innstiller i utgangspunktet på at dette ikkje vert gjort.

Omstillingsfondet; Gjennom budsjett 2015 er det lagt opp til at den auka tapskompensasjonen i 2015 og 2016 skal tilførast omstillingsfond. I tillegg står det att 1 mill. kr på omstillingsfondet som vart oppretta i 2009. Justert for nokre mindre budsjettpostar i 2015 og 2016, vil det stå ein samla kapital på dette fondet på 22,9 mill. kr ved utgangen av 2015 og 39,0 mill. kr ved utgangen av 2016.

Andre fond; Det ligg i tillegg nokre mindre fond som er tiltenkt spesifikke føremål, men som fylkestinget kan omdisponere om dette vert naudsynt. Dette kjem fylkesrådmannen attende til om det vert aktuelt.

Fond	Beløp
Bufferfondet, inkl. rekneskapsoverskot 2014 og T1/15	140,7
Bufferfondet, grunnkapital	70,0
Omstillingsfondet pr. 2015	22,9
Avsetting til omstillingsfond 2016	16,1
Disponibel fondskapital	249,7

I tillegg legg fylkesrådmannen opp til å gjere ei fondsavsetting på netto 18 mill. kr. Slik fylkesrådmannen vurderer det vil iverksetjing av så store årlege innsparingstiltak som føresett i denne saka, føre til omstillingskostnader og forskyving av tidspunkt for full effekt av enkelte tiltak. Det er difor avgjerande at vi har fondsmidlar som gjer at vi kan møte desse utfordringane og evner å gjere opp dei årlege rekneskapane i balanse. Den viktigaste grunngevinga for å bygge ein slik buffer ligg likevel i den uvissa som er knytt til om vi får auka statleg tapskompensasjon. Om denne ikkje kjem, vil vi stå overfor enormt store salderingsutfordringar, og fondsmidlane vil vere naudsynte for å få balanse i økonomien på kort sikt. Dette vert nærare omtala i punkt 4.

#### 4 SALDERING UTAN EKSTRA TAPSKOMPENSASJON

I tilrådd salderingsskisse i punkt 3 har fylkesrådmannen føresett at vi får auka den statlege tapskompensasjonen med nye 22,5 mill. kr kvart år til 90 mill.kr årleg frå 2019. Om vi ikkje får gjennomslag for dette, vil vi måtte redusere driftsnivået med ytterlegare 90 mill. kr årleg i høve presentert skisse. Dette vil i størst grad måtte ramme sektorane samferdsle og opplæring. Det har samanheng med at vi alt har teke ut store delar av potensialet på dei mindre sektorane. Skal vi få til ytterlegare nedskjeringar i storleiksorden 90 mill. kr årleg, vil heile struktur på dei to store sektorane måtte stå for fall.

Om vi ikkje får auka tapskompensasjonen som føresett, vil vi måtte dekke inn 225 mill. kr meir i planperioden 2016-19 enn skissa i punkt 3 legg til grunn. Det er ikkje realistisk å tru at vi kan ta ut meir frå drifta på kort sikt enn det som alt er lagt inn i salderingsskissa. For å oppnå balanse i driftsrekneskapen på kort sikt vil det difor bli naudsynt å nytte oppsparte fondsmidlar for å dekke opp for ev. manglande opptrapping av tapskompensasjonen.

#### 5 FRÅSEGNER/INNSPEL

Dei fylkeshovudtillitsvalde fekk frist til 20. mai med å kome med fråsegn/innspel til utgreiingane som vart lagt fram 6. mai (og presenterte på politikardagen 13. mai). Ved utsending av denne saka har vi motteke ein uttale frå Utdanningsforbundet. Uttalen følgjer som vedlegg til saka. Elles

har vi ikkje motteke fråsegner/innspele utover det som vart lagt fram som ein del av utgreiingane 6. mai.

Alle innspel som kjem inn etter utsending av økonomiplansaka vert gjort tilgjengelege på OneNote og elles lagt ut på heimesida vår i tilknytning til økonomiplansaka.

## 6 VIDARE UTGREIINGAR

I arbeidsdokument 4/15 gav fylkesrådmannen ein status på følgjande ikkje ferdigstilte utgreiingar:

Vidaregåande opplæring:

- Rådgjeving ut over avtalefesta nivå (#7) 15.03.2016
- Oppfølging kostnadskrevjande tiltak i handlingsprogrammet (#9) 15.03.2016
- Leiingsressurs utover avtalefesta nivå (#10) 15.03.2016
- Sommarskule (#11) 15.03.2016
- Rekruttering og kompetanseutvikling ped. personale (#12) 15.03.2016
- Omstillings- og seniortiltak for pedagogisk personale (#13) 15.03.2016
- Miljøkoordinatorressurs ved vidaregåande skulane (#14) 15.03.2016
- Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa (#17) 15.03.2016
- E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane (#58) 15.03.2016

Tannhelse

- Vurdering av klinikkstruktur basert på vedtekne grunnprinsipp (#22) 01.10.2015

Samferdsle

- Ny driftsstandard på fylkesvegnettet (#45) 01.10.2015

Sektorovergripande utgreiingar

- Folkehelsearbeidet (#51) 01.10.2015
- IKT-tenestene (#53) 01.10.2015
- Løn- og rekneskapstenestene (#54) 01.10.2015
- Driftsteknikar- og vaktmeistartenestene (#55) 15.03.2016
- Reinhaldartenestene (#56) 15.03.2016
- Sentraladministrasjonen; roller og storleik (#57) 15.03.2016

I tillegg legg fylkesrådmannen opp til å imøtekomme følgjande vedtak frå hovudutvala 13. mai:

Hovudutval for opplæring:

- «Utvalet ber om at ein eventuell oppstart av utgreiing om innsparingspotensiale i skule og tilbudsstruktur vert førelagt utvalet i eiga sak.»
- «Hovudutvalet for opplæring gjev følgjande vurderingar av dei ikkje ferdigstilte utgreiingane/uttgreiingsområda: Med bakgrunn i innspel ønskjer utvalet å skjerme miljøkoordinator ved dei vidaregåande skulane. Dei andre punkta vert utgreidd som planlagt.»
- «Hovudutvalet for opplæring ber om at det vert utgreidd ein modell med større ansvar til den einskilde skulen, mellom anna knytt til personale og økonomi. Dette må vurderast i samheng med utgreiinga om sentraladministrasjonen, roller og storleik.»

Hovudutval for samferdsle:

- «Hovudutval for samferdsle ber administrasjonen utvide oppdraget med å vurdere effektar for trafikktryggleik for drift av fylkesvegar til også å omfatte heim for ein 100-lapp og tilskot til kommunalt trafikktryggingsarbeid.»
- «Hovudutval for samferdsle ber fylkeskommunen om å gå i dialog med Buskerud og Oppland fylkeskommune, for å sjå om ein kan finne løysingar for å unngå vinterstenging.»

## ØKONOMISKE BINDINGAR UT OVER GJELDANDE ØKONOMIPLANPERIODE

### FT-vedtak:

#### **49/14 Utbetring av FV 57 Dale – Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar**

- Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskottering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.
- På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinene for forskottering.

#### **43/13 Førdepakken – godkjenning av bompengesøknad**

- 150 mill. 2013-kr som delfinansiering av Førdepakken. Løyvinga er fordelt med 25 mill. kr pr. år i 6 år, rekna frå 2018-2023. Løyvinga skal prisomreknast med kommunal deflator. Fylkestinget føreset av både Førde kommune og staten bidrar med tilsvarande løyvingar.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller fylkeskommunal sjølvskuldnargaranti for eit lån på 600 mill. kr som eit framtidig bompengeselskap tek opp til delfinansiering av Førdepakken slik denne er skildra i søknaden av 24.10.2013. Garantien skal gjelde til 31. desember 2027.

#### **6/11 Revisjon av investeringsprogrammet på fylkesvegnettet**

- Fylkestinget er innstilt på å løyve midlar til utbetring av fv. 611 Sæle – Engebø ved eit eventuelt vedtak om oppstart av gruvedrift på Engebø i Naustdal kommune, i tråd med avtale om anleggsbidrag.
- Avtalen inneheld ei plikt til å løyve minimum 55 mill. kr.



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkestinget

**Møtedato:** 09.12.2014

---

**Sak nr.:** 11/6418-9

**Internt l.nr.** 39947/14

**Sak:** 49/14

**Tittel:** **Utbetring av FV 57 Dale - Storehaugen, søknad om forskottering av planleggingsmidlar.**

**Behandling:**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskotering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.

På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinene for forskotering.

**Avrøysting:**

Første avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedteken.

Andre avsnitt i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 36 røyster og var dermed vedteke. 3 røysta mot.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Søknad frå Fjaler og Gaular kommune om forskotering av planmidlar til fv 57 Dale-Storehaug med bru over Svesundet, vert imøtekomen innanfor ei ramme på 2mill. kr. Refusjon av kostnadane vert innarbeidd i Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt planleggingsprogram for neste RTP-periode 2018-2021.

På grunn av lang tidshorisont på planlegging av eventuell bompengefinansiering vil utvalet gjere eit unntak frå retningslinene for forskotering.

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkestinget

**Møtedato:** 10.12.2013

---

**Sak nr.:** 13/6904-9

**Internt l.nr.** 40064/13

**Sak:** 43/13

**Tittel:** Førdepakken - godkjenning av bompengesøknad

**Behandling:**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til Førde kommune sin søknad om bruk av bompengar til delfinansiering av ein Førdepakke
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver, i tråd med prioriteringane i Regional transportplan, 150 mill. 2013-kr som delfinansiering av Førdepakken. Løyvinga er fordelt med 25 mill. kr pr. år i 6 år, rekna frå 2018 til 2023. Løyvinga skal prisomreknast med kommunal deflator. Fylkestinget føreset at både Førde kommune og staten bidrar med tilsvarande løyvingar.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal tilbakeføre til det framtidige bompengeselskapet all refundert meirverdiavgift knytt til Førdepakken. Fylkestinget føreset at Førde kommune gjer det same.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller fylkeskommunal sjølvskuldnargaranti for eit lån på 600 mill. kr som eit framtidig bompengeselskap tek opp til delfinansiering av Førdepakken slik denne er skildra i søknaden av 24.10.2013. Garantien skal gjelde til 31. desember 2027.
5. Garantien skal godkjennast av Kommunal- og regionaldepartementet, jf. kommunelova §51, 1 pkt.
6. Garantien skal sikrast med 1. prioritets pant i rett til å krevje inn bompengar. Denne retten skal tinglysast.
7. Garantien føreset at fylkeskommunen får to representantar i styret for det framtidige bompengeselskapet.
8. Fylkestinget ber om at det vert oppretta ei styringsgruppe for gjennomføring av Førdepakken med administrativ deltaking frå fylkeskommunen, Førde kommune og Statens vegvesen. Mandatet for styringsgruppa vert lagt fram for fylkesutvalet for godkjenning.
9. Fylkesutvalet får fullmakt til å avtale eigarskap til dei 3 prosjekta som førebels har uavklart eigarskap i Førdepakken.

**Endringsframlegg:**

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane støttar ikkje Førde kommune sin søknad om bruk av bompengar til delfinansiering av ein Førdepakke
2. Fylkestinget kan ikkje støtte bruk av bompengar så lenge dei prioriterte prosjekta i Førdepakken gjer svært liten regional effekt, og løyser nær ingen utfordringar knytt til

gjennomgangstrafikk på E39 og Rv5. Samstundes er det lagt opp til at gjennomgangstrafikken skal belastast med bompengar.

3. Fylkestinget ber om at dei lokale tiltaka i Førdepakken vert løyst i eit heilhetleg prosjekt i samband med opprusting/ending av E39 og RV5, slik at bilistane ikkje vert dobbelt belasta.
4. Fylkestinget oppfordrar Førde kommune til å gjennomføre ei folkerøysting om bompengefinansieringa, for å sikre lokal forankring for brukarfinansiering.

#### **Avrøysting:**

Fleirtalstilrådinga frå fylkesutvalet fekk 36 røyster og var dermed vedteken.

Framlegget frå Framstegspartiet fekk 3 røyster og var dermed forkasta.

#### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane sluttar seg til Førde kommune sin søknad om bruk av bompengar til delfinansiering av ein Førdepakke
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver, i tråd med prioriteringane i Regional transportplan, 150 mill. 2013-kr som delfinansiering av Førdepakken. Løyvinga er fordelt med 25 mill. kr pr. år i 6 år, rekna frå 2018 til 2023. Løyvinga skal prisomreknast med kommunal deflator. Fylkestinget føreset at både Førde kommune og staten bidrar med tilsvarende løyvingar.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune skal tilbakeføre til det framtidige bompengeselskapet all refundert meirverdiavgift knytt til Førdepakken. Fylkestinget føreset at Førde kommune gjer det same.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune stiller fylkeskommunal sjølvskuldngaranti for eit lån på 600 mill. kr som eit framtidig bompengeselskap tek opp til delfinansiering av Førdepakken slik denne er skildra i søknaden av 24.10.2013. Garantien skal gjelde til 31.desember 2027.
5. Garantien skal godkjennast av Kommunal- og regionaldepartementet, jf. kommunelova §51, 1 pkt.
6. Garantien skal sikrast med 1. prioritets pant i rett til å krevje inn bompengar. Denne retten skal tinglysast.
7. Garantien føreset at fylkeskommunen får to representantar i styret for det framtidige bompengeselskapet.
8. Fylkestinget ber om at det vert oppretta ei styringsgruppe for gjennomføring av Førdepakken med administrativ deltaking frå fylkeskommunen, Førde kommune og Statens vegvesen. Mandatet for styringsgruppa vert lagt fram for fylkesutvalet for godkjenning.
9. Fylkesutvalet får fullmakt til å avtale eigarskap til dei 3 prosjekta som førebels har uavklart eigarskap i Førdepakken.

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkestinget

**Møtedato:** 06.04.2011

---

**Sak nr.:** 11/1469-5

**Internt l.nr.** 10884/11

**Sak:** 6/11

**Tittel:** Revisjon av investeringsprogrammet på fylkesvegnettet

**Behandling:**

**Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

- 1 Det vert løyvd 40 mill. kr til prosjektet fv. 391 Bygstad – Laukeland med ei fordeling på 34 mill. kr i 2011 og 6 mill. kr i 2012
- 2 Det vert løyvd 11 mill. kr til prosjektet fv. 365 Håkesundet (Pilestredet) bru i 2011.
- 3 Det vert løyvd 2 mill. kr til planlegging på fv. 611 Sæle – Engebø i 2012
- 4 Prosjekta i punkta 1 – 3 ovanfor vert finansierte med auka låneopptak på 45 mill. kr i 2011 og 8 mill. kr i 2012.
- 5 Det vert i prioritert rekkefølge løyvd midlar til fv. 545 Kinnvegen (inkl. Thor Solbergs veg), fv. 542 Osstrupen bru og fv 622 Torheimsvegen i 2012. Fylkestinget tek endeleg stilling til finansiering av prosjekta i budsjettet for 2012.
- 6 Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å inngå vedlagde avtale om anleggsbidrag med Nordic Mining ASA.
- 7 Fylkestinget er innstilt på å løyve midlar til utbetring av fv. 611 Sæle – Engebø ved eit eventuelt vedtak om oppstart av gruvedrift på Engebø i Naustdal kommune, i tråd med vedlagde avtale om anleggsbidrag.
- 8 Det vert løyvd 7,542 mill. kr til prosjektet fv. 55 Gullringen i 2011.
- 9 Ramma til Bremangersambandet vert utvida tilstrekkelig til at ein kan utbetre attståande parsellar på fv. 614 Leirgulen – Bortnen. Tiltaket vert finansiert med lån
- 10 Ut over dette står prioriteringane i Handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010-2013 (19) fast. Ledige midlar, innanfor ramma av føresett låneopptak, skal prioriterast til fv. 60 Olden – Innvik.
- 11 Fylkestinget har som intensjon å bygge kystvegen Bergen - Ålesund

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet sette fram slikt framlegg til vedtak:**

Nytt punkt 10:

- 10 a Fylkestinget held fast på vedtekne prioriteringar i sak 73/09 både for små og store samband. Ledige midlar, innan for ramma av føresett låneopptak, skal prioriterast til Fv60 Olden – Innvik. Nye store prioriterte samband etter fv. 60 Olden – Innvik er:
- 1) Fv60 Hornindal – Møre Grense
  - 2) Fv57 med bru over Svesundet
  - 3) Ytre Steinsund
  - 4) Atløysambandet
- 10 b Under marginallista for store samband vert attståande parsellar i vårt fylke på kystvegen Ålesund – Bergen vurdert i samband med neste hovudrullering av investeringsprogrammet.

Nytt punkt :

Fylkestinget vil peike på dei store utfordringane Sogn og Fjordane har når det gjeld å få vegstandarden opp på eit akseptabelt nivå, og legg til grunn at statlege overføringar av midlar til samferdsle som eit minimum føl intensjonane i Nasjonal Transportplan.

**Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til punkt 7 i staden for punkt 7 i tilrådinga frå fylkesutvalet:**

- “7 Fylkestinget skal vurdere å løyve midlar til utbetring av fv. 611 Sæle – Engebø ved eit eventuelt vedtak om oppstart av gruvedrift på Engebø i Naustdal kommune, i tråd med vedlagde avtale om anleggsbidrag.”

**Avrøysting:**

Punkta 1-5 og 8-10 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart samrøystes vedtekne.

Punkt 6 i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 29 røyster og var dermed vedteke.

9 røysta mot.

Framlegget frå Framstegspartiet til punkt 7 fekk 7 røyster og var dermed forkasta.

Punkt 7 i tilrådinga frå fylkesutvalet fekk 29 røyster og var dermed vedteke.

Senterpartiet sitt framlegg til 10a og 10b fekk 11 røyster ved prøverøysting og endeleg røysting og var dermed forkasta.

Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt fekk 35 røyster ved prøverøysting og 38 røyster ved endeleg røysting og var dermed vedteke.

Fylkesutvalet sitt framlegg til punkt 11 fekk 27 røyster og var dermed vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

- 1 Det vert løyvd 40 mill. kr til prosjektet fv. 391 Bygstad – Laukeland med ei fordeling på 34 mill. kr i 2011 og 6 mill. kr i 2012
- 2 Det vert løyvd 11 mill. kr til prosjektet fv. 365 Håkesundet (Pilestredet) bru i 2011.
- 3 Det vert løyvd 2 mill. kr til planlegging på fv. 611 Sæle – Engebø i 2012
- 4 Prosjekta i punkta 1 – 3 ovanfor vert finansierte med auka låneopptak på 45 mill. kr i 2011 og 8 mill. kr i 2012.
- 5 Det vert i prioritert rekkefølge løyvd midlar til fv. 545 Kinnvegen (inkl. Thor Solbergs veg), fv. 542 Osstrupen bru og fv 622 Torheimsvegen i 2012. Fylkestinget tek endeleg stilling til finansiering av prosjekta i budsjettet for 2012.
- 6 Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å inngå vedlagde avtale om anleggsbidrag med Nordic Mining ASA.
- 7 Fylkestinget er innstilt på å løyve midlar til utbetring av fv. 611 Sæle – Engebø ved eit eventuelt vedtak om oppstart av gruvedrift på Engebø i Naustdal kommune, i tråd med vedlagde avtale om anleggsbidrag.
- 8 Det vert løyvd 7,542 mill. kr til prosjektet fv. 55 Gullringen i 2011.

- 9 Ramma til Bremangersambandet vert utvida tilstrekkelig til at ein kan utbetre attståande parsellar på fv. 614 Leirgulen – Bortnen. Tiltaket vert finansiert med lån
- 10 Ut over dette står prioriteringane i Handlingsprogram for fylkesvegnettet 2010-2013 (19) fast. Ledige midlar, innanfor ramma av føresett låneopptak, skal prioriterast til fv. 60 Olden – Innvik.
- 11 Fylkeetinget har som intensjon å bygge kystvegen Bergen - Ålesund
- 12 Fylkeetinget vil peike på dei store utfordringane Sogn og Fjordane har når det gjeld å få vegstandarden opp på eit akseptabelt nivå, og legg til grunn at statlege overføringar av midlar til samferdsle som eit minimum føl intensjonane i Nasjonal Transportplan.